1/1 stilling vert dekkja av prosjekta i Hallingdalsmagneten. 80 % stilling vert dekkja frå IKT-drift av Hemsedal kommune. Resten er naudsynt ut ifrå auka tenester til Hallingdal. Ein større del av lønsbudsjettet for Gol kommune bør eigentleg refunderast frå Hallingdal.

KLP og arbeidsgjevaravgift

Budsjett: 346.000
Endring: 103.000

Kontormateriell, 11000

Budsjett: 220.000
Endring: 20.000
Auka utgifter, rekvisita og toner

Lærlingar, 10504

Budsjett: 0
Endring: 0

Ikkje budsjettert med dette. Må sjå det i samanhang med IKT-Hallingdal

Info og opplæring, 11500

Budsjett: 100.000
Endring: 30.000
Fleire tilsette og naudsynt behov for opplæring.

Lisensar, 11952

Budsjett: 1.250.000
Endring: 375.000
Nye funksjonar og tenester:
Antivirus/Spam
- ØLF
- Sak/arkiv
- Web/skjema
- Kvalitet

KF-info feilbudsjettert i tidlegare budsjett. Mva ikkje medrekna i 2007-budsjett.

Skulelisensar til 260 PC'ar, Microsoft-programvare (teneste 2021):	200.000 kroner
Auke i Notus-lisensar (teneste 2531):	30.000 kroner
Reduserte utgifter riks-GAB:	20.000 kroner

Diverse avgifter, 11953

Budsjett: 70.000

Endring: 15.000

Auke, sporadiske oppslag og tilknytning til stormaskin.

Driftsavtalar, 11954

Budsjett: 70.000

Endring: -25.000

Reduksjon grunna lokale applikasjonar

Hallingdalsmagneten, 13501

Budsjett: 1.505.000

Endring: 185.000

Vedtatte tiltak:

Auke av stilling til kart/geodata/komtek

Auke i driftsutgiftene på ØLF

Auke på TRIO, serviceavtale og nettverk

Opplæring til faggruppene

Refusjon frå kommunar, 17501

Budsjett: - 1.250.000

Endring: -450.000

Refusjon frå IKT-avdeling, Hemsedal.

Totalbudsjett

Nokon av budsjettendringane gjev reduserte utgifter og er innrekna i andre postar på budsjettet.

2.2.1 NÆRINGSAVDELINGA

Kommuneplan for Gol 2001 – 2010 – utdrag av måla for verksemda:

1. Næringsutvikling

- Næringsutviklinga skal rettast inn mot vidareutvikling av arbeidsplassar som skal gje breiast mogleg alternativ for arbeidssøkjande. Spesielt vil ein leggje vekt på reiseliv, handel og andre tenesteytande næringar.
- Innan primærnærिंगane og tradisjonell industri må innsatsen rettast mot å oppretthalde aktivitetsnivået frå 1990-åra.
- Gol skal vere blant dei fremste reiselivskommunane i landet.

2. Jordbruk

- Det skal i starten på planperioden i samarbeid med næringa utarbeidast og vedtakast ein handlingsplan for landbruket.
- Oppretthalde produksjonsgrunnlaget for landbruket, og det er eit mål i arealdisponeringa at ein bidreg til nyskaping og vidareutvikling på basis av tradisjonelle driftsformer.
- Dyrka og dyrkbar mark eller beiteområde skal ikkje takast i bruk til andre føremål utan når andre viktigare samfunnsinteresser tilseier det.
- Styrke samarbeidet mellom reiselivet og landbruksnærिंगa til føremon for begge partar.

3. Skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning

- Vedteken skogbruksplan skal vere retningsgjevande.
- Produktive skogareal, skogreisningsareal og område for vilt, fiske og truga artar skal ikkje takast i bruk til andre føremål før det er sterke samfunnsinteresser som tilseier ei omdisponering.
- Avverkinga bør aukast med minst 10.000 m³ årleg uttak for å oppnå betre balanse mellom gammal og ny skog.
- Fjellskogen skal forvaltast ut frå eit langsiktig perspektiv med omsyn både til næringsmessig utnytting og miljøkvalitetar denne skogen representerer.
- Eksisterande samanhengande viltområde bør ha høg prioritet.
- Det er eit mål for forvaltninga av hjortevilt å ha stammer med friske og vitale dyr, ei fornuftig fordeling på alder og kjønn, og tal på dyr som er tilpassa beitegrunnlaget. Storleiken på bestanden må vere berekraftig sett ut frå årsleveområda for dyra.

4. Naturforvaltning og miljøvern

- Naturen og miljøet skal forvaltast ut ifrå prinsippet om bærekraftig utvikling, jf. Lokal Agenda 21.
- Artsrikkdom og variasjon av naturtypar og geologiske formasjon skal ivaretakast. Det skal særleg takast omsyn til nøkkelbiotopar og artar som har nasjonal, regional eller lokal verdi.
- Samanhengande naturområde skal ikkje splittast opp av nye tekniske inngrep utan at konsekvensen er utgreidd. Område som er viktige for friluftslivet, både sommar og vinter, skal ikkje takast i bruk til andre føremål.
- All utbygging skal planleggjast slik at transportbehovet vert minst mogeleg for å minske forbruket av fossilt brennstoff og minimalisere støybelastning frå trafikk.
- Miljø-og energivurdering skal innarbeidast i kommunen sine retningslinjer for

- byggeprosjekt.
- Det skal i planperioden utarbeidast ein handlingsplan (kommunedelplan) om energibruk og alternative energikjelder i Gol.
 - Handlingsplan for landbruket bør avklare mogelegheitene for produksjon av biobrensel.

Mål 2008-2011

Næringsutvikling

- Følgje opp målsetjingane i masterplanen og kommunedelplanen for Golsfjellet.
- Følgje opp prioriterte tiltak i Utviklingsplan Gol tettstad sitt handlingsprogram.

Jordbruk

- Gjennomføre prioriterte tiltak i handlingsplanen for landbruket.
- Revidere handlingsplanen for landbruket i samband med rullering av kommuneplanen.

Skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning

- Oppretthalde hogstkvantumet og gjennomføre nyplanting slik at ein kan auke den framtidige produksjonen av kvalitetsvirke.
- Ta omsyn til MIS-registreringane i skogen, viltkartet, bestandsplanene for hjortevilt og driftsplanen for Hallingdalselva i planarbeid.

Naturforvaltning og miljøvern

- Ta omsyn til registreringane av biologisk mangfald i planarbeid.
- Utarbeide handlingsplan (kommunedelplan) for energibruk og alternative energikjelder
- Følgje opp arbeidet med registrering og tilsyn av aktuelle forureiningskjelder.
- Slutføre arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra for Hemsil.

Tiltak 2008-2011

- Gjennomføre prioriterte tiltak i handlingsprogrammet til Utviklingsplanen.
- Gjennomføre prioriterte tiltak i handlingsplanen for landbruket.
- Utarbeide handlingsplan (kommunedelplan) for energibruk og alternative energikjelder

Økonomiplan 2008 – 2011

Generelt

Dei føreslåtte drifts- og investeringstiltaka er hovudsakleg oppfølging av politiske vedtak gjort dei siste fem åra og må derfor innarbeidast i budsjettet for økonomiplanperioden 2008-2011.

INVESTERING - Næringsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
	1. Utarbeiding av ENØK plan med tilhøyrande tiltak i Gol tettstad	250	250	250	250
	2. Fond for tilskot ved kjøp av mjølkekvote i kommunen	100	100	100	100
	3. Fond for tilskot ved kjøp av fråflytta og nedlagde bruk	100	100	100	100
	4. Gjennomføre vegetasjonskartlegging i kommunen	240	240		
	5. Prosjekt naturbruk som valfag i grunnskulen	100	100		
	6. Prosjekt økologisk landbruk i Hallingdal	40	40		
	7. Prosjekt utarbeide strategisk hytteplan i kommunen	50	50		

Kommentarar til investerings tiltak i økonomiplanperioden 2007-2010:

1. ENØK plan med tilhøyrande tiltak

Kommunen har i fleire saker dei siste fem åra vedteke at det skal utarbeidast ENØK-planer med tilhøyrande tiltak, jf. K-sak 33/01, K-sak 14/02, UNN-sak 69/03 og K-sak 46/06. På grunn av mangel på ressursar og økonomisk midlar til å gjennomføre dette, har vedtaka ikkje blitt realiserte. Samla investeringar knytt til desse vedtaka er for økonomiplanperioden 2007-2010 om lag 1.000.000 kroner.

2.-7. Tiltak i "Handlingsplan for landbruket i Gol"

Tiltak 2-7 er gjennom handlingsplanen vedteke som investeringstiltak for å kunne realisere hovudmåla i handlingsplanen.

ANDRE TILTAK (IKKJE POLITISK HANDSAMA):

Utviklingsplan Gol tettstad

I samband med slutthandsaming av Økonomiplan 2006-2009 og årsbudsjett 2006 (K-sak 60/05) vart det vedteke å setje av 400.000 kroner til oppfølging av ulike næringsutviklings-tiltak i Gol tettstad.

I K-sak 46/06 vart det vedteke å prioritere følgjande tiltak i handlingsprogrammet for Gol tettstad:

- Gjennomføre stadsanalyse, arkitektkonkurrans og reguleringsendring for området med særskilt fortettingspotensiale i sentrum, dvs. området Kremmartunet – Pers – Gamlevegen.
- Utarbeide ein energibruksplan for kommunen med særskilt vekt på Gol sentrum. Varneplan for Gol tettstad er utarbeidd og ligg klar til behandling. Kostnad på 200.000 kroner skal delast mellom kommunen og Innovasjon Norge 50/50. Vidare arbeid held fram når vedtak føreligg.
- Samferdsel med prosjekt kring Gol stasjon og vegserviceanlegg på Glitre.

Det vart vidare vedteke at Formannskapet er styringsgruppe for prosjekta og fordeler dei vedtekne midlane (400.000 kroner) på dei ulike prosjekta.

Dei prioriterte tiltaka vil kvar for seg ha ei kostnadsramme på om lag 200.000 kroner, dvs. det bør setjast av inntil 200.000 kroner ekstra til oppfølging av dei tre prioriterte utviklingstiltaka i Gol tettstad.

Tilskot fjellvegar/stølsvegar

I handlingsplanen for landbruk er det foreslått at kommunen skal innføre årleg tilskot til fjellvegar/stølsvegar i kommunen.

Grøn omsorg

Landbruket har naturlege føresetnader for å auke livskvaliteten for mange menneske. "Grøn omsorg" er eit samleomgrep for tilrettelagde tilbod frå gardbrukarar som ynskjer å nytte gardsbruket sitt i aktivt arbeid for barn, unge og vaksne med særskilte behov.

I handlingsplanen for landbruk er "Grøn Omsorg" nemnt som eit av fleire aktuelle tilleggsnærings tiltak i landbruket. Her er fleire aktuelle tilbydarar av ulike "Inn på tunet"-tiltak i kommunen, men ingen av avdelingane har fått avsett midlar til kjøp av slike tenester. Det bør derfor setjast av inntil 500.000 kroner til kjøp av slike tenester slik at ein kan skaffe seg erfaringar med om tilbodet er bra for brukarane.

Eigedomen Kristenbråten

Gol kommune fekk eigedomen Kristenbråten gnr. 25, bnr. 329 i gåve av brørne Trygve og Ole Verjem i 2003. Dei formelle prosedyrane kring eigedomsovertakinga er no ferdig, og kommunen har såleis eit ansvar for å nytte eigedomen i samsvar med føremåla med gåva. Føremåla er å nytte eigedomen til:

- a. jordbruksbarnehage
- b. pleie- og omsorgstomter

Kommunen må mellom anna gjere investeringar knytta til sikring av eigedomen, utarbeiding av reguleringsplan for området, restaurering av hus m.m. Det bør derfor setjast av inntil 500.000 kroner som ein startkapital til dette arbeidet.

DRIFT - Næringsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
	1. Samarbeidstiltak i mjølk- og kjøttproduksjon	20	20	20	20
	2. Etablere skulefritidsordning på gardsbruk	30	30	30	30

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Kommunestyret har i K-sak 0034/03 vedteke "Handlingsplan for landbruket i Gol". Den inneheld konkrete tiltak / prosjekt som skal gjennomførast slik at ein kan realisere hovudmåla i handlingsplanen. Ovanforståande tiltak / prosjekt er gjennom handlingsplanen vedteke som årlege driftstiltak.

Årsbudsjett 2008

Kommentarar:

Generelt

Forslag til driftsbudsjettet frå Næringsavdelinga for år 2008 syner små endringar frå budsjettet for år 2007. Budsjettet er i hovudsak rein framskriving av budsjettet driftsnivå frå år 2007, jf. nedanforståande kommentarar.

Det samla budsjettet for år 2008 syner ein auke på 65.600 kroner, dvs. 3,6 % i høve til driftsbudsjettet for 2007. Dette må kunne seiast å vere innanfor rimeleg ramme ut frå budsjettdirektivet sitt grunnlag.

Utgiftsjustering

Utanom lønsutgiftene vil det ved ei utgiftsjustering (auke) på 2,0 % vere omlag 4.000 kroner, som skal fordelast på dei ulike utgiftspostane. Midlane er prioritert brukt på opplæring (kontostrengnr. 1.1500.4200.3251).

Inntektsjustering

Inntektene til avdelinga har fyrst og fremst vore basert på timesats for bruk av landbruksvikar, tilsyn på avløp og næringsavfall, diverse gebyrinntekter frå sakshandsaming av delings- og konsesjonssaker og teknisk landbruks- og driftsplanlegging.

3,5 % inntektsjustering på ovanforne postar utgjer om lag 7.000 kroner og vert lagt til budsjettposten for sakshandsaming delings- og konsesjonssaker. (kontostrengnr. 1.4200.3251.65000).

Kommentar til kvart hovudemne:

1.4200 Næringsforvaltning

Lønsutgifter, pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift er justert i samsvar med budsjettdirektiv. Lønnsendringar pr. 1. mai 2007 i kapittel 3 og 5 vert lagt inn sentralt.

Med bakgrunn i erfaringstal er posten internsalg ved tilsyn (kontostrengnr. 1.7900.4200.3251) redusert med 50.000 kroner. Dette er balansert mot tilsvarende inntektsauke på posten konsesjonskraftinntekter relatert til kommuneskogen (kontostrengnr. 1.8901.4231.3201).

Elles ingen endring i høve til budsjett 2007 utover det som er omtala innleiingsvis på korleis inntekts- og utgiftsjusteringa er fordelt.

1.4201 Ymse jordbruksføremål - Ingen endring i høve til budsjett 2007.

1.4210 Landbruksvikar - Ingen endring utover lønsjustering i høve til budsjett 2007.

1.4220 Næringsstøtte, Turistinformasjon og Offentlege vegar og 1.4230 Jordeigedomar
Ingen endring i høve til budsjett 2007.

1.4231 Kommuneskogen

Med bakgrunn i erfaringstal er posten konsesjonskraftinntekter auka med 50.000 kroner (kontostrengnr. 1.8901.4231.3201), jf. omtale ovanfor. Posten skoghogst (anna avgiftspliktig omsetning, kontostrengnr. 1.6509.4231.3201) er redusert med 20.000 kroner medan posten festavgifter (kontostrengnr. 1.6301.4231.3201) er auka tilsvarende. Bakgrunnen for dette er at skoghogsten relatert til utviklinga av golfbana på Granheim er avslutta, medan festetomtane i området har byrja å generere inntekter.

1.4240 Miljøvern

All budsjettering på posten er overført til 1.4200 Næringsforvaltning f.o.m. 2005.

1.4241 Særskilde miljøtiltak/naturverntiltak - Ingen endring i høve til budsjett 2007.

1.4250 Vilt- og fiskeforvaltning - Ingen endring i høve til budsjett 2006

1.8420 Hallingdal Etablerarsenter

Gol kommune er som vertskommune tillagt arbeidsgjevar- og rekneskapsansvar for ordninga, og driftsbudsjettet til HE er såleis lagt inn i detaljbudsjettet. HE påverkar ikkje Gol kommune sitt årlege driftsbudsjett og rekneskap med bakgrunn i at overskot/underskot på ordninga skal overførast til tenesta.

2.2.2 UTBYGGINGSAVDELINGA

Kommuneplan for Gol 2001 – 2010 – utdrag av måla for verksemda:

Gol - innflyttarkommunen - skal utvikle seg frå å vera ein innpendlingskommune til å bli ein attraktiv bukommune

Gol - opplevelseskommunen det naturlege knutepunkt i Hallingdal for handel og service.

Gol - skal vera blant dei fremste reiselivskommunane i landet.

Bustadbygging.

For å oppretthalde og vidareutvikle levande grender skal kommunen i planperioda utgreie moglegheitene for å kunne tilby større tomter/små bruk for bustadbygging.

Nye bustader eller påbygg til eksisterande skal følgje byggeskikken i Hallingdal.

Buområda skal utformast slik at det er leikeplassar og balløkker i rimeleg avstand frå heimane. Barn og ungdom må kunne ferdast trygt til og frå leikeplassar, barnehage og skule. I nye bustadfelt skal gangvegar og leikeplassar opparbeidast før bygging av husvære tek til. I område avsett til bustadbygging i kommuneplan/kommunedelplan føreset kommunen at private firma fremjer reguleringsplan for området og står for opparbeiding og vidaresal av tomter.

I sentrumsområdet kan forretningseigedomar nyttast til husvære i andre høgda.

Bustadområde i sentrum og sentrumsnære område skal ha ein høgare utnyttingsgrad enn vanleg i andre bustadfelt.

Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgjengelege bustadområde slik at overskotet på arbeidsplassar og fører til at folk vel å busetje seg i Gol. Tilsaman er det om lag 90 ledige tomter i bustadfelt under oppføring. Med ein stipulert folketalsauke vil dei tre felt som er under utbygging, dekkje etterspurnaden etter bustader i inneverande planperiode og fram til neste rullering av kommunedelplanen.

Staten sitt behov for å rasjonalisere dei ytre ledda sine samstundes som tilgjenge til tenestene vert betre gjennom ny teknologi, kan føre til samling om einingar som skal tene større geografiske område enn i dag. Det er difor naudsynt å ta omsyn til desse behova i arealdisponeringa.

Kommunen vil framleis vera den viktigaste lokaliseringa for interkommunale verksemdar i Hallingdal med omsyn til tal på einingar og arbeidsplassar.

Kart- og informasjonssystem.

Kart- og informasjonssystem skal bli etablert for å få fram grunnlagsdata/registreringar i ulike samanhengar. Dette vil gje betre tenester både internt og eksternt i kommunen og gjera planarbeidet i kommunen og for private firma betre og meir effektivt.

Fritidshusvære.

Framtidig hyttebygging bør i størst mogleg grad konsentrerast i hyttefelt og så langt råd er, lokalisert inntil eksisterande hyttefelt og vegnett for å unngå nye inngrep i naturen.

Ved bygging av hytter skal lokal byggeskikk i størst mogleg grad leggast til grunn.

All ny hyttebygging skal planleggast med moglegheit for innlegging av vatn og i område som

kan godkjennast for avløp.

Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar for hyttefelt, eller ved endring av eksisterande i støslagsområda, kan maksimal tomteutnytting vera 15 % BYA og storleiken på fritidshusværet vera avgrensa til 175 m² T-BRA.

I støslagsområda kan det, i byggjeområde eller LNF-område avsett til spreidd hyttebygging, tillatast bygd inntil 10 % nye hytter i tillegg til det talet hytter som tidlegare er godkjent i reguleringsplan/busetnadsplan for området, eller i samsvar med fordelinga av hyttekvoter i 1975. Prosentatsen er retningsgjevande for omfanget. Hyttene skal lokaliserast ved fortetting i avsette område.

Det skal utarbeidast reguleringsplan for avsette byggjeområde, eller busetnadssplan for LNF-område. Det vert sett same krav til infrastruktur til desse hyttene som dei som gjeld frå før. Hyttene bør lokaliserast slik at det vert mogleg å knyte dei til framtidig felles avløpsanlegg for området.

Fritidsbustader til ervervsføremål kan tillatast bygd med maksimal tomteutnytting inntil BYA 15 %, avgrensa oppover til 300m² T-BYA, når det går fram av reguleringsplan eller busetnadsplan i medhald av kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen vil saman med Golsfjellet Utmarkslag BA, gjennom Masterplan for Golsfjellet, gjera ei analyse av dei einskilde områda med omsyn til kor godt dei er eigna for ytterlegare hyttebygging.

Slik vurdering skal mellom anna gjerast ut frå fylgjande kriterium:

- Biologisk mangfald, herunder
 - Vilt og planteliv (m.a. raudlistearter)
- Friluftsliv
- Landskapsestetikk og landskapsfunksjon
- Naturtypar
- Kultur og kulturminne
- Krav om høg standard på hyttene (veg, innlagt vatn, avlaup, straum).
- Viktige næringsinteresser

Kommunen vil avsette område for utleigehytter i støslagsområda Kamben, Skutuset og Auenhauglie. Reguleringsplan for desse områda må fremjast seinast tre år etter stadfesting av kommuneplanen. Gjennomføring av planane er bundne av godkjent avløp.

I kommunedelplanen går det fram at det er tillate med oppføring av einskildhytter på tomter frådelt og tinglyst før 1975 der tilhøva ligg til rette for høg/middels standard. Slike hyttetomter som ligg i støslagsområda inngår i tidlegare tildelt kvote og godkjende reguleringsplanar. Denne retningslina er ikkje vidareført i kommunedelplanen.

Hyttebygging ut over dette vert lokalisert til eksisterande eller nytt alpinområde på Skaran og Vestlie. All utbygging skal primært vera for utleigeformål.

INVESTERING

Det er ikkje gjort framlegg om investeringspostar.

DRIFT

Kommentarar til kvart tenesteområde:

3030 Kart- og oppmålingsteneste

Lønsutgifter, pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift er justert i samsvar med budsjettdirektiv. Vakant stilling for kart- og geodataingeniør er lagt inn her.

Art: 12700 Konsulenttenester og juridisk bistand er lagt inn med 50.000 kroner. Sett i lys av ny lov om eigedomsregistrering bør avdelinga framover både ha stilling som oppmålingsingeniør og geodataingeniør. Desse stillingane overlapper kvarandre i dag. Miljøverndepartementet har vedteke å utsetje iverksetting av lova og hausten 2006 vart det fremja endringsproposisjon for Stortinget. Det er framlegg om at den delen av lova som gjelder landmålarval, blir teken ut og skal halde fram med å vera eit kommunalt ansvar - som i dag. For å tilpasse seg lovendinga, bør kommunen framover ha to faste stillingar innfor oppmåling, kart- og geodata. Dersom det framleis er vanskeleg å rekruttere oppmåling/geodataingeniørar, må ledige lønsmidlar gjerast om til konsulentmidlar, jf. Kommentarar under driftsbudsjett, teneste 3030 kart og oppmåling.

Overgang til nytt datum og globalt koordinatsystem EUREF89 medfører ny utgiftspost på om lag 28 000. Med eigeninnsats kan posten reduserast til om lag det halve. 14 000.- vert lagt inn i driftsbudsjettet. Prosjektet er ein eingangsutgift og skal berre leggest inn i 2008.

3020 Bygge-, delings- og seksjoneringssaker:

Lønsutgifter, pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift er justert i samsvar med budsjettdirektiv.

Art: 12700 Konsulenttenester og juridisk bistand er lagt inn med 50.000 kroner. Dersom det framleis er vanskeleg å rekruttere byggesakshandsamar, må ledige lønsmidlar gjerast om til konsulentmidlar.

Art: 16200 (Avgiftstfritt sal av varer og tenester) er lagt inn med 900.000 kroner som er noko meir enn deflatoren på 3,5%.

Det er utarbeidd nytt gebyrregulativ gjeldande i frå 01.01.2007, auke i samsvar med deflatoren på 4%. Det er noko usikkert korleis nytt regulativ vil slå ut i forhold til tidlegare, men nyleg vedteke gebyrregulativ er meir korrekt i forhold til sjølvkostprinsippet og det arbeidet som blir lagt ned i kvar enkelt sak; jf. gebyrinntektene som er splitta opp slik at det er rett kostrafordeing mellom tenesteområde bygge-, delings- og seksjoneringssaker 3020 og 3010 Plansakshandsaming.

3010 Plansakshandsaming

Lønsutgifter, pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift er justert i samsvar med budsjettdirektiv. Kommuneplanleggjar er flytta til rådmannens stab frå 01.01.2006 og lønskostnader er lagt inn på rådmannens kapittel.

I samsvar med Kostra er det, basert på erfaringstal, lagt inn 150.000 kroner på art 16200. Gebyr for handsaming av reguleringsplanar med meir skal førast her. Det er noko usikkert korleis nye gebyrsatser vil slå ut, og kva slags sakshandsamarkapasitet avdelinga vil ha i 2007. Elles er det interessant å samanlikne gebyr mellom hallingdalskommunane. Sjølv om

alle kommunar skal vere underlagt sjølvkostprinsippet, ser ein at til dømes Hol kommune ligg 10 gonger så høgt som Gol kommune når det gjelder handsaming av reguleringsplanar.

Art 12700 Konsulenttenester og juridisk bistand er lagt inn med 77.000 kroner. Dersom det framleis er vanskeleg å rekruttere arealplanleggjar, må ledige lønsmidlar gjerast om til konsulentmidlar.

Alle tenesteområda er vidareført med prisstigning 2%, tilsaman 52.000 kroner på art 11600 Skyss/kostgodtgjersle. Desse kan reduserast med tilsaman om lag 30.000 kroner dersom det vert lagt inn ny "leasing- bil" under nye tiltak på drift.

Oppsummering

Framlegg til driftsbudsjett frå Utbyggingsavdelinga for 2008 syner nokre endringar frå 2007. Løn har hatt ein vesentleg auke på om lag 10%. Dette skuldast i hovudsak lønsoppgjeret for 2007 som gav samtlege ved avdelinga eit betydeleg løft. For å få ei effektiv og rasjonell drift, vil det innafor alle tenesteområde vera nødvendig å sette av ressursar til konsulentverksemd i tillegg til at ledige lønsmidlar kan omdisponerast til konsulenthonorarer. Målsettinga på sikt er at avdelinga skal kunne klare seg utan innleigd hjelp av noko slag og rekruttere ny byggesakshandsamar, kart- og geodata ingeniør samt arealplanleggjar. Det er ønskeleg at dette med rekruttering innafor teknisk sektor blir sett på dagsorden og heva opp på til eit regionalt nivå da alle kommunane slit med vakanser.

Elles er budsjettet i hovudsak rein framskriving av budsjettet driftsnivå frå 2006.

Art 11600 Skyss/kostgodtgjersle kan reduserast på alle tenesteområda dersom ny leasingbil under Nye tiltak Drift vert vedteken.

Økonomiplan 2008-2011

DRIFT – Utbyggingsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
	Arbeidsbil/leasing	50	55	57	60
	Reguleringsarbeid/Planfri kryssing	40			
	Arkitektkonkuranse/Stadsanalyse	300			
	Interkommunal tilsynsordning	200	210	220	230

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Arbeidsbil

Kommunen er pliktig gjennom BTV-samarbeidet å nytte seg av "leaseplan". Frå før "leaser" kommunen fleire bilar i omsorgsavdelinga. Det er teke utgangspunkt i Suzuki TDI XL7 som er den bilen som kan tilfredstille Utbyggingsavdelinga sine behov. Det vil vera aktuelt å inngå eit spleiselag med nærings- og miljøavdelinga samt kommunalteknisk avdeling som refunder er om lag halvparten av utgiftene. Det er ingen forskotssum på denne typen avtalar.

Reguleringsarbeid/planfri kryssing Søre Eiklid

Det har i lengre tid pågått forhandlingar mellom kommunen, Jernbaneverket og grunneigarane og vegstyret for Eiklidvegen. Jernbaneverket har utarbeidd forprosjekt med utgreiing av ulike alternativ og løysingar for kryssing Eikle Søre. Jernbaneverket har også teke kostnaden ved forprosjektet. Gol kommune v/Utval for Natur og Næring (UNN) har teke stilling til

alternativa i møte 21.06.07. UNN har gitt tilsegn om at det er kommunen som skal ta denne kostnaden med reguleringsarbeidet. Asplan Viak har gjeve eit tilbod på 70.000 kroner eks. mva. Det vil vera naturleg å ta noko av kostnadene på prosjektet med Gol vassverk og prosjekt Reservevassforsyning ved Eikle, men restfinansiering er teke inn som prioritet 2 under Nye tiltak drift 2008.

Arkitektkonkuranse/Stadsanalyse

I K sak 46/06 (Handlingsprogram –Utviklingsplan Gol tettstad) vart det prioritert tre utviklingstiltak, mellom anna tiltak under pkt. 3.3 Areal og næringsutvikling på utarbeiding av stadsanalyse, arkitektkonkuranse og reguleringsendring for område med særskilt fortettingspotensiale i Gol sentrum, dvs. området Kremmartunet – Pers – Gamlevegen. Formannskapet har tidlegare vedtekt løyvingar på 400.000 kroner til dei ovannemnde prosjekta.

Dersom kommunen skal sitje i førarsetet for dette prosjektet både med tanke på forprosjekt med innleigd prosjektleiar og seinare påfølgjande reguleringsplan, vil 400.000 kroner vera i minste laget. Det er difor framlegg om ytterlegare 300.000 kroner.

Tilsyn

Tilsyn er lovpålagd i flg. Plan- og bygningslova, men er dessverre eit "forsømt" kapittel. Dette er ikkje eit ukjent fenomen for mindre kommunar.

Etter initiativ frå Hemsedal kommune er det gjort framlegg om eit interkommunalt tilsynskontor.

Bakgrunnen for forslaget er at den som utfører tilsyn, opplever det som ubehageleg å gjera det i eigen kommune, og det er heller ikkje heldig at det er dei same personane som er ansvarlege for byggjesaka, som også er ansvarlege for tilsynet.

Dersom det vert lagt ein bestemt prosentsats på byggjesaksgebyret i alle hallingdalskommunane, vil dette kunne finansiere 1-2 stillinga, er det sagt i innspelet frå Hemsedal kommune.

Meir korrekt vil vera å bruke eige tilsynsgebyr i samsvar med §109 i Plan- og bygningsloven.

Det er gjennom tilsynsordninga heimel for å ta gebyr slik at tenesta langt på veg kan vera sjølvfinansierande.

Det er i forslag til Nye tiltak/endingar ikkje korrigert for slike gebyr-inntekter. Å få etablert ei interkommunal tilsynsordning med ein eller fleire kommunar vil nødvendigvis ta noko tid, og det er kanskje mest realistisk i siste halvår av 2008. Eit alternativ vil vera å tenkje 25% stilling i staden for 50% stilling. Kostnadene slik det kjem fram av tabellen ovanfor, vil då om lag bli halvert.

2.2.3 KOMMUNALTEKNISK AVDELING

Kommuneplan for Gol 2001-2010 – utdrag av mål for verksemda:

Vassforsyning og avløpsrensing

- "Hovudplan vassforsyning" og "Hovudplan avløp" skal vera retningsgjevande for prioritering av tiltak på vass- og avløpssektoren. Innbyggjarane og verksemdene i kommunen skal til kvar tid ha tilstrekkeleg vatn av drikkevasskvalitet
- Kommunale vass- og avløpstenester skal bli sikra gjennom gode kvalitetssikringssystem, rutiner og informasjon
- Beredskaps- og vaktordningar på kommunale vass- og avløpsanlegg skal vurderast i planperioden
- Gol kommune skal ha 100% dekningsgrad på kommunale kostnader med vass- og avløpstenester
- Vasskvaliteten i Tisleifjorden, Hallingdalselva og Hemsil skal vere eigna for bading og rekreasjon

Renovasjon.

- Målsetjingane i Avfallsplan for Hallingdal og Krødsherad skal gjennomførast i løpet av perioden.
- Gol kommune skal stimulere foretak som er baserte på avfallsminimering og gjenvinning.

Kommunale vegar.

- Kommunale vegar i Gol skal ha tilfredsstillande standard for dei behov vegane skal tene.
- Nye kommunale vegsystem skal forankrast i kommuneplanens arealdel og ha standard som tilfredsstillar statlege retningsliner.
- Det skal bli utarbeidd handlingsplan for utbetring av kommunale vegar med tanke på å gjennomføre prioriterte tiltak i løpet av planperioden. Alle vegar som ut frå grunnforhold m.m. kan ha asfaltdekke skal ha fast dekke i løpet av planperioden.
- Investeringar og andre ressursar lagt ned i gatemiljøet i Gol sentrum skal ivaretakast ved eit godt vedlikehald.

Mål 2008-2011

Vatn og avløp

- Gjennomføre tiltak prioritert i Hovudplan vatn og avløp med tilhøyrande handlingsplanar.
- Følgje opp krav i rammeløyvet for utslepp
- Innføring av nytt gebyrsystem for vatn- og avløpstenesta
- Vidareutvikle driftstenestene, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Renovasjon

- Gjennomføre mål i avfallsplan for Hallingdal

Vegsektoren- kommunale vegar

- Betre standarden av kommunalt vegnett ved å tilføre midlar i tråd med handlingsplanen.
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune
- Vidareutvikle driftstenestene, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Tiltak 2008-2011

- Utbygging av Gol vassverk med rehabilitering av vassbehandlinga og nytt driftskontrollanlegg i samsvar med Hovudplan vatn.
- Etablering av ny hovudvassledning på strekninga Gol vassverk - Hemsil II.
- Rehabilitering av vatn- og avløpsledningar i samsvar med hovudplanar.
- Utbygging av avløpsanlegg/ledningsnett på Golsfjellet sone 3-6
- Ny forskrift om gebyr for vass- og avløpstenestene og innføring av ny gebyrmodell
- Gjennomføre tiltak i Avfallsplan for Hallingdal.
- Utbetring og asfaltering av det kommunale vegnettet i samsvar med behova i handlingsplanen.
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune.
- Etablering av driftssentral på Glitre.
- Vidareutvikle driftsteneste med kompetansehevande tiltak, IT-baserte løysingar og utstyr som er nødvendig for ei god tenesteyting.

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERING – Kommunalteknisk avdeling sitt framlegg:

Tiltak som ligg inne i Økonomiplan 2007-2010, er føresett oppretthaldne.

Budsjettkap.	Vidareføring av tiltak – jf. Økplan 2007-2010	2008	2009	2010	2011
0.4310	<u>Vassforsyning</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Utskifting h.ledning Herad del III 3. Driftssentral Glitre 4. Traktor uteavdelinga 25% andel vatn	200 1.300 500	200	200	125
0.4320	<u>Avløp</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Tilkobling av bustader-Gol rensedistr. 3. Driftssentral Glitre 4. Traktor uteavdelinga 25% andel avløp	300 400 500	300 400	300	125
0.4330	<u>Renovasjon</u> 1. Driftssentral Glitre	200			
0.4350	<u>Kommunale vegar</u> 1. Trafikktryggleikstiltak kommunal eigendel 2. Asfaltering/utbetring av vegar (frå drift) 3. Driftssentral Glitre	100 300 600	100 300	100 300	300

Tiltaka i tabellen nedanfor er nye tiltak som kjem i tillegg til eksisterande økonomiplan. Tabellen viser både tiltak i økonomiplanperioden 2008-2011 og årsbudsjettet for 2008.

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
0.4310	<u>Vassforsyning</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Utskifting h.ledning Herad del III		2.000		200
0.4320	<u>Avløp</u> 1. Sanering/rehabilitering ledningsnett 2. Tilkobling av bustader-Gol rensedistr. 3. Rehabilitering kloakkpumpetasjon 4. Rehabilitering avløpsledning Hagaskogen	200 600		400	300

	5. Utviding av kloakkpumpestasjon Bjødnalie og ledning til Ørterstølen på Golsfjellet	700			
0.4330	<u>Renovasjon</u> Ingen nye tiltak				
0.4350	<u>Kommunale vegar</u> 1. Trafikktryggleikstiltak kommunal eigendel 2. Asfaltering/utbetring av vegar 3. Utbetring av Eiklid bru 4. Utskifting av traktor (delfinansiering) 5. Utskifting av utstyr/kantklyppar til traktor 6. Gangveg langs Gamlevegen	700 500 150	1.000 200	1.000 250	100 1.000 1.500

Kommentarar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Vassforsyning og avløp

Dei årlege løyvingane til sanering av ledningsnett og tilkopling av bustader i Gol rensedistrikt er forlenga med eitt år i samsvar med hovudplan for vatn og avløp.

Etablering av ny hovedledning for vatn på strekningen Gol vassverk – Hemsil II er under prosjektering. I tillegg til tidlegare løyvingar er det lagt inn 2,0 mill. kroner i 2009 til del III av denne strekningen. Tilsvarende er det lagt inn 600.000 kroner til sanering av avløpsledning langs bustadfeltet på Hagaskogen i 2008.

Det er vidare lagt inn 700.000 kroner til utviding av pumpestasjon Bjødnalie og tilhøyrande pumpeledning mot Ørterstølen i 2008, jf. planar om utbygging i sone 3-6 på Golsfjellet.

Kommunen er i ferd med å gjennomføre program for rehabilitering av avløpstasjonar i Gol tettstad. Det er difor sett av 200.000 kroner til føremålet i 2008, - øyremerka stasjonane på Hagaskogen og på Jernbanesida.

I tillegg til nye investeringstiltak i tabellen er det frå tidlegare ØK-planer løyvd midlar til mellom anna Gol vassverk-Eiklid, driftskontrollanlegg og ny hovudledning Herad del I og II. Desse tiltaka er under planlegging vil bli gjennomført i løpet av planperioden 2008-2011.

Kommunale vegar

Kommunalteknisk avdeling la for to år attende fram ei oversikt over utbetningsbehov for kommunale vegar over ein åtte-års-periode. Oversikta viser at oppgradering av kommunale vegar og bruer inkl. asfaltering for perioden vil bli ca 13-14 mill. kroner eks. moms, dvs. ca 1,3-1,5 mill. kroner per år. Oversikta er ikkje følgt opp med midlar. Dette fører til redusert kvalitet på vegnettet år for år. At ein ikkje har midlar til utbetring av bruer, er også eit spørsmål om tryggleik.

Det må nemnast at avdelinga har fått krav om å redusere drifts-budsjettet på veg med 75.000 kroner i 2008. Kommunalteknisk avdeling har difor føreslått at midlane til utbetring av kommunale vegar aukar med 700.000 kroner i tillegg til nødvendig utbetring av Eiklid bru i 2008. Frå og med 2009 er det forslag om 1,0 mill.kroner i tillegg til dei 300.000 kronene som ligg inne i ØK-plan 2007-2010. Det er behov for eit større løft for vegsektoren.

Det er lagt inn forslag om utskifting av traktor med 500.000 kroner i 2010. Av dette manglar avdelinga 250.000 kroner som skal budsjetterast på vegsektoren. Det er dessutan teke med midlar til utskifting av utstyr til traktor og kantklyppar i 2008 og 2009.

Når det gjeld andre tiltak, blir det vist til kommentarar frå budsjettbehandlinga for 2007.

DRIFT – Kommunalavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
4310	<u>Vassforsyning</u> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Lekkasjesøking ledningsnett ▪ Revidering av beredskapsplan når utbygginga av Gol vassverk er gjennomført 	50	50 50	50	50
4320	<u>Avløp</u> Generelt: Endringar i driftsbudsjettet som følgje av vedtatt utbygging av Golsfjellet RA er lagt inn direkte i driftsbudsjettet slik som føresett.				
4330	<u>Renovasjon</u> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppretting av fleire returpunkt i Gol kom. 		100		
4350/4351/ 4352	<u>Kommunale vegar</u> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Auke i drift/vedlikehald kommunale vegar ▪ Auke snøbrøyting f.o.m vintersesongen 2008/09 	100 30	100 60	100 60	100 60

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Ein føreset at investeringar og endringar i driftstiltak som vart vedtekne i Økonomiplan 2007-2010 blir uendra. Tabellen viser både endringar og nye tiltak i økonomiplanperioden 2008-2011 og årsbudsjettet for 2008.

Vatn og avløp

Her er det lagt inn driftstiltak i samsvar med Hovudplan avløp og Hovudplan vassforsyning. Utover dette er det føreteke ein del interne omrokkingar i driftspostane for 2008 i forhold til 2007. Dette representerer ikkje nye tiltak.

Som følgje av utbygginga av Golsfjellet avløpsrensaneanlegg og etablering a av reservevassforsyning Gol vassverk i 2006/07, er det lagt inn ei generell auke i driftskostnader frå og med 2008. Driftskostnader med ny vassbehandling på Gol vassverk (utbygging i 2008) vil ein kome attende til i neste rullering av ØK-plan.

Kommunale vegar og gatelys

Generelt:

I budsjettbehandlinga for 2007 vart det bestemt at kommunalteknisk avdeling skulle redusere driftsbudsjettet for vegsektoren med 75.000 kroner frå og med 2008.

Reduksjonen er innfridd ved å ta vekk internoverføring til Nærings- og Miljø-avdelinga på 30.000 kroner i tillegg til 45.000 kroner i reduksjon på diverse drift/vedlikehaldspostar.

Det er gjort ein del omrokkingar innanfor postane til drift og vedlikehald.

Utbetring og asfaltering av kommunale vegar:

Det er lagt inn forslag til vesenteg auke i oppgradering av vegnettet m.m under investeringsbudsjettet. Utbetring/asfaltering av kommunale vegar er føresett vidareført som investering. Utbetring av Eiklidbrua er også ført opp som investering. Sjå omtale om dette under investering.

Det er i driftsbudsjettet forslag om å auke vedlikehaldsposten for kommunale vegar med 100.000 kroner per år frå og med. 2008 til meir forefallande arbeid på vegnettet.

På grunn av nye anbudsrunder for vintervedlikehald frå og med vinteren 2008/09 er det lagt inn forslag om auke til dette formålet.

Renovasjon

Budsjettet frå Hallingdal Renovasjon IKS for 2008 og ekstra utbetaling av overskot frå selskapet i 2007 gjev rom for ein reduksjon i gebyra på hushaldnings-, hytte- og containerrenovasjon i 2008.

Det er lagt inn forslag om å løyve 100.000 koner til etablering av nytt returpunkt for kjeldesortering i 2009. Dette vil redusere mengda av avfallscontainerar i kommunen.

Kommunale gebyr for vatn, avløp og renovasjon - VAR-tenestene

Frå og med 2008 blir gebyrsystemet for vass- og avløpstenestene endra. Ny lokal forskrift er utarbeidd og vil truleg bli slutthandsama i kommunestyret i november 2007.

I forslag til nytt gebyrsystem er det lagt opp til ei ordning der årsgebyret blir delt mellom eit fast- og eit variabelt ledd ut frå målt forbruk. Dette innber ei vesentleg omlegging av gebyrsystem og gebyrsatsar.

Omlegginga av gebyrsystemet fører til ein del usikre tal for gebyrinntektene i 2008 og 2009. Det må difor påreknast at resultatata frå årsrekneskap 2008 vil avvike ein del frå dei budsjetterte tala. Dette må i så fall regulerast ved hjelp av sjølvkostfonda.

Ut frå dei utrekningane ein har gjort, vil dei totale gebyrinntektene for vatn bli justert opp med 6% og avløpstenesten med 2% inkl. prisstigning. Dette er om lag i samsvar med tidlegare ØK-plan og kommunale vedtak. Som følgje av omlegginga av gebyrsystemet vil det bli ulik verknad for abonnentane avhengig av målt forbruk. Generelt kan ein seia at dei med målt forbruk frå 0-85m³ og 125 m³og oppover vil få same eller litt lågare gebyr enn i 2006. Dei med forbruk på ca 85 m³– 125 m³ vil få ein auke. For bedrifter vil det også slå litt ulik ut, men dei fleste vil få ein auke i gebyra.

Tilknytningsgebyra for vatn og avløp blir justerte om lag tilsvarende prisstigninga.

Gebyra for renovasjon er baserte på budsjett frå Hallingdal Renovasjon IKS. Utbetaling av ekstra utbyte frå selskapet i 2007 som følgje av overgang til sjølvkostsystem, er også teke med i utrekninga av gebyra i ØK-plan 2008-2011. Med bakgrunn i desse tala vil administrasjonen tilrå ein reduksjon i gebyra for 2008, spesielt for stativ- og containerrenovasjon.

For tømning og transport av slam frå private septikanlegg vil det også bli føreslått ein reduksjon i gebyra.

Rentenivået på lån dei siste åra stemmer godt med det administrasjonen har lagt til grunn for utrekninga av kapitalkostnader og gebyr. I gebyrgrunnlaget for 2008 er det lagt inn føresetnad om at renta stig med 1% i løpet av året. Renteendringar utover dette vil være svært avgjerande for gebyrnivået i åra framover. VAR- tenestene skal vere sjølvfinansierande.

Oppsummering

Kommunalteknisk avdeling sitt forslag til budsjett og økonomiplan vil i stor grad vera finansiert ved gebyrinntekter for tenester som vatn, avløp og renovasjon. Sjølv om kommunalteknisk avdeling har gjennomført og framleis står framfor store investeringar med påfølgjande nye driftsoppgåver, har det vore ei svært nøktern budsjettering i drifts- og vedlikeholdsmidlane. Hovudplan for vatn og avløp dannar grunnlag for framtidig drifts- og investeringsnivå på området i åra framover. Med bakgrunn i store investeringsprosjekt og høgt aktivitetsnivå er det gledeleg at ingeniørressursane blir styrka i løpet av 2007.

Som tidlegare nemt, er det stort behov for midlar til vedlikehald, oppgradering og asfaltering av det kommunale vegnettet. Det er difor gjort framlegg om og tilrådd ein vesentlig auke i midlane til dette formålet.

2.3.1 GOL BARNEHAGE

Kommuneplanen sine hovudmål for barnehagen 2001 - 2010:

- Kommunen vil tilby heildags barnehageplass til alle mellom 3 og 5 år, og eit mindre tal plassar for barn under 3 år.
- Barn med spesielle behov etter sakkunnig vurdering skal få ekstra hjelp.

Mål 2008-2011

Gol barnehage sine mål for 2008-2011

- Auke talet på plassar slik at lokale behov for heiltids- og deltidsplassar både over og under 3 år er dekkja.
- Kontinuerleg fagleg utvikling av personalet bl.a. ut i frå endra statlege direktiv og drift av barnehagen. (Ny barnehagelov og rammeplan for barnehagen frå 2006).
- Tilpasse fagleg og administrativ bemanning i forhold til etterspurnad og kommunen si organisering.
 - Oppretthalde dagens norm for pedagogisk bemanning i barnegruppene
 - Få tilsett førskulelærarar i alle vikariat og ved behov for nyrekruttering.
 - Tilby nok stillingsressursar til barn som har spesielle behov i barnegruppene.
 - Nok tid til administrasjon ut frå oppgåver og krav som blir stilt.
- Ruste opp og vedlikehalde bygningane og utleikeplassane minst ut frå pålegg etter tilsyn.
- Tilpasse bygningane i forhold til barna og personalet sine behov.
- Sørge for at barnehagen har det utstyret som er naudsynt til drift og administrasjon.

Tiltak 2008-2011

INVESTERING

I investeringstiltaka er det lagt inn planar for utviding som dekkjer behovet ut frå søkning og sentrale styresmakter sine endringar av rammevilkår. Kommunen må da godta at det i periodar vil vere noko ledig kapasitet med barnehageplassar ved enkelte barnehagehus.

Barnehageplassar i sentrum

1. Avdeling Breidokk
 - Byggje på personalavdeling i Breidokk og byggje om og vedlikehalde dei to gamle avdelingane som er 30 år i 2008. Finne rom for å behalde naturavdelinga som ei tredje. avdeling. Ein kan evt. sjå på sambruk med ungdomsklubben på ein ny måte for å tilfredsstille begge brukarane av lokala. Avdelingane har i dag dispensasjon frå krav til leike- og opphaldsareal. Ved å flytte personalareal vil dette bli frigjort til leikeareal. Utearealet tilfredstiller behovet til meir enn tre avdelingar. Påbygg på ca. 60 m² og ombygging har ein kostnad på ca. 6 mill. kroner. I tillegg kjem noko utskifting av inventar/utstyr, ca 200.000 kroner i tillegg. Driftsutgiftene er lagt inn for tre avdelingar for heile 2008. Vi kan rekne med tilskot til investering på ca. 700.000 kroner, og ca. 1 mill. kroner av skjønnsmidlane for nye plassar kan

brukast til vedlikehald av den gamle delen, men da bør ein helst leggje det inn i drift som vedlikehald. Dette for å tilfredsstille krava om at skjønnsmidlar skal brukast til drift. Utgiftene for kommunen blir da på maksimum 4,5 mill. kroner som må finansierast med lån. Alle låneutgiftene kan betalast med skjønnsmidlar over drift, ei form for husleige.

2. Avdeling Hallingmo
 - Byggje på og sette i stand Hallingmo til faste plassar for 1,3 avdeling - som i dag - ved å byggje på ca. 50 m2 og byggje inn noko av inngangspartiet til grov- og fingarderobe for barna. Det må gjerast noko vedlikehald av tak, golv og veggjar i tillegg. Dette har ein kostnad på ca. 3,5 mill. kroner. Dette kan bli finansiert ved investeringstilskot på ca. 700.000 kroner og ca. 800.000 kroner av skjønnsmidlane. På same måte som i Breidokk må dette brukast til den delen som er vedlikehald for å halde oss innafør regelverket. Utgiftene for kommunen blir på maksimum 2 mill. kroner som må finansierast med lån. Låneutgiftene kan betalast med skjønnsmidlar over drift.
3. Avdeling Vesterhuset
 - Opprette ei naturavdeling i Vesterhuset ved å byggje på baserom og garderobe og bruke garden Kristenbråten som leirplass i samarbeid med andre brukarar, eventuelt byggje opp dette som ein fast base for naturavdeling "gardsbarnehage". Utbygging i Vesterhuset eller Kristenbråten kan finansierast på same måte som dei andre med investeringstilskot/skjønnsmidlar/lån.
4. Vidare utbygging av barnehagelokale
 - Dette må sjåast i samanheng med bygging av ny barneskule og kva dei gamle skulebygga skal brukast til.

Administrasjon

1. IKT-opprusting /programvare i barnehagane/administrasjonen. Eige barnehageadministrasjonsprogram som fungerer saman med andre program i kommunen.
2. Pedagogiske leiarar må ha bærbar PC, trådløst nettverk og tilgang på skrivar ved kvar avdeling.
3. Auke administrasjonsressurs med 100% assisterande styrar slik at styrar kan delegere fleire oppgåver til assisterande styrar. Ressursane må stå i forhold til organiseringa med seks barnehagebygg.

Bygningane

Alle bygningane er gamle, og det trengs årleg oppussing inne og ute.

Endra krav og auke i talet på plassar og derav også auke i tal på personale, krev utbetringar.

3132 - Vesterhuset

1. Utviding av vindfang/grovgarderobe avd. Reppen og barnegarderobe avd. Botten.
2. Nye installasjonar på leikeplassen og utskifting jf. tilsyn i 2007.
3. Dele av kontoret med faldevegg/dør slik at rommet også kan brukast til spesialpedagogisk trening.
4. Skifte faldevegg mellom fysisk aktivitetsrom og anna leikerom i underetasjen.
5. Lufting i kjølerom/kjøkken slik at nytt kjøleaggregat kan kjøpas inn og monterast.
6. Oppussing innvendig med bl.a. å lysne panelet, måle opp att alle måla veggjar, skifte golvbelegg i underetasjen.
7. Byggje på overbygd vognplass/vognskjul i samband med småbarnsavdelinga, og leikeskur for oppbevaring av større leiker og vogner.

8. Automatisk brannvarsling.
9. Utviding av uteleikeplassen viss det er areal som er disponibelt i tilknytning til barnehagen, for å laga til grøntareal, leggje noko asfalt som vil betre innemiljøet og utbetre avrenning/drenering ved inngangen til kvar avdeling.
10. Utviding av personalrom og arbeidsrom for personalet som kan kombinerast som treningsrom for bl.a. spesialpedagogisk arbeid.
11. Auke kapasitet på sikringen på kontoret.
12. Måle/beise barnehagen utvendig.
13. Utbetring av ventilasjonsanlegget.

3133 - Breidokk

1. Utbygging av personalrom, kontor, omgjerung av lagerplass, personalgarderobe, personaldusj, utvide barnegarderobe, stellebenk m. vask på eine avdelinga, utvide bøttekott med plass til vaskemaskin, soverom og auke leikerom (sjåast i samanheng med utbygging). Eventuelle endringar ved sambruk med ungdomsklubben.
2. Byggje ulike installasjonar til fysisk aktivitet inne.
3. Forlengje kjøkkeninnreiing til tak og måle innreiinga (sjåast i samanheng med utbygging).
4. Støydemping av tak – skifte plater, lysne/måle alle tretak og måle fellesrom (sjåast i samanheng med utbygging).
5. Solskjerming av nokre vindauge (sjåast i samanheng med utbygging).
6. Brannvarslingsanlegg som er kopla mellom etasjane.
7. Oppruste leikeapparata på uteleikeplassen, klatrevegg, lage nytt sandkassmiljø, fleire husker, fylle på med bark (jf. tilsyn 2006).
8. Måle/beise barnehagen utvendig.
9. Utbetre ventilasjonsanlegg.

3133 - Rotneim

1. Barnesikre omnar.
2. Montere støydempande plater i delar av 2. høgda.
3. Uavhengig av ventilasjonsanlegg må det inn ventilering av bøttekott og leikerom i 2. høgda.
4. Dørstoppar med magnetlås ved branndør i 2. høgda.
5. Takoverbygg og rekkverk ved ny inngang for bl.a. vognplassar.
6. Utelys ved ny inngang og fleire lyspunkt i nedgangen til grendasalen.
7. Utbetring og sikring av uteleikeapparat, skifte vippehuske (jf. tilsyn 2007).
8. Lavvo/gapahuk.
9. Utvendig måling.
10. Måle og skifte golvbelegg i nokre rom.
11. Skifte kjøkkeninnreiing og pusse opp kjøkken.
12. Solskjerming i 2. høgda.
13. Utbetre drenering rundt barnehagen og på leikeplassen.
14. Ventilasjonsanlegg.

3135 - Åsgardane

1. Støydemping av tak i grendasalen (leikerom i kjellaren).
2. Utvendig måling.
3. Måle dei to siste romma og skifte golvbelegg i tre rom.
4. Dørstoppar med magnetlås v. branndør mellom etasjene.
5. Klemsikring av innvendige dører.

6. Bygge på takoverbygg ved ny inngangsdør, også til vognoppstilling.
7. Utvide parkeringsareal for bilar.
8. Reparere og skifte ut leikeapparat (jf. tilsyn 2007).

3136 - Øygdane

1. Barnesikring av dører.
2. Montere støydempende plater og heve arbeidshøgde på benk på kjøkkenet i 2. høgda.
3. Sette opp ny brannvegg mellom etasjene og flytte branndør.
4. Bytte ut brannslange med to husbrannslangar (ein i kvar etasje) eller utbetring slik at den som er der, får nok trykk.
5. Pusse opp og utbetre garderober for småbarnsavdelinga.
6. Uavhengig av ventilasjonsanlegg må det til betre ventilasjon/utlufting i 2. høgda.
7. Utbetring og sikring av uteleikapparater (jf. tilsyn 2007).
8. Utvide parkeringsareal for bilar.
9. Lage ferdig treplattung og overbygg til å stille opp barnevogner på baksida.
10. Skifte utvendig rømningstrapp med takoverbygg for å skjerme mot is og snø.
11. Lavvo m. omn og tregolv.
12. Frittstående dokkestove.
13. Solskjerming av ein del vindauge i 2. høgda.
14. Ventilasjonsanlegg.
15. Utvendig måling.

3137 - Hallingmo

1. Byggjast på rom for personalavdeling/leikerom/garderober og pusse opp gamle delen med måling, golvbelegg og støydemping.
2. Montere utvendig sklie eller anna større leikeapparat.
3. Sikre stor stein mot klatring med bark og gjerde, lagast om til eit leikeapparat.
4. Dokkestove.
5. Ventilasjonsanlegg.

DRIFT

Barnehageplassar

1. Målet er å tilby barnehageplassar mest mogeleg etter kvart som folk har behov og leggje plassar der brukarane treng dei.
2. Følgje opp behovet som blei avdekt i brukarundersøkinga på opnings- og lukketida i Gol barnehage våren 2005, dvs. endra opningstid etter søknad frå føresette.
3. Endre på friplasssystemet ved å overføre dette frå sosialavdelinga til barnehageavdelinga, seinast når sosialavdelinga vert ein del av NAV.

Personalet

1. Auke styrarressursen, dvs. ein assisterande styrar i tillegg.
2. Generelt betre tilgang på vikarar, auke fast vikarstilling til 200%.
3. Nok ressursar til å ivareta barn som treng spesialpedagogisk hjelp, bl.a. logoped og anna tilrettelegging.
4. Vidareføre Friskliv-prosjektet med gratis frukt/grønt for både tilsette og barn og trim for tilsette i Gol barnehage.

Bygningane

1. Lage plan for innvendig og utvending vedlikehald av alle bygningar i Gol barnehage ut frå behov som er skisserte over og starte opp med gjennomføring av planen umiddelbart.

Transport

1. Lease minibuss slik at det blir lettare å frakte barn blant anna på turar til fjells - gjerne i samarbeid med andre avdelingar.

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERING – Gol barnehage sitt framlegg:

Budsjettkapittel	NY tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3130- 3137	IT-utstyr; adm. Programvare (noko står på IT avd) Innkjøp av PC-utstyr til å bruke jf. krav i ny rammeplan for barnehagar – ein PC med diverse utstyr til alle førskulelærarar. Innlegging av trådløst utstyr ved alle seks avdelingane.	50 100 30	50		
3132- Vesterhuset	Byggje ut vindfang og bygge om garderobe, bygge på takoverbygg til soving	1.000			
	Utviding av arealet (grøntareal), asfaltering, drenering og nye leikeapparat ved uteleikeplassen	50	50	50	
	Nytt kjøleaggregat og lufteventilar	50			
	Automatisk brannvarsling	70			
	Innvendig oppussing, utskifting faldedør	100	50		
	Utviding av personalrom, m.m.			250	
	Påbygging base, garderobe til naturavdeling			1.000	
	Utbetring av ventilasjonsanlegget				500
3133- Breidok	Påbygging av personalrom, soverom, kontor, garderobe og utbetre kjøkken, bad, bøttekott og dusj, oppussing/ombyggjing, ventilasjon	6.000			
	Evt. endringer ved sambruk av underetasjen	200			
	Opprusting uteleikeplassen	30	50		
	Automatisk brannvarsling	70			
	Solskjerming	50			
3134- Rotneim	Innvendig oppussing,, støydemping, lufting og barnesikre omnar	20			
	Takoverbygg v. ny inngang m. utelys og vognoppst.plass	100			
	Solskjerming i 2. høgda	25			
	Måling av barnehagen utvendig		70		
	Drenering rundt barnehagehuset pga. fukt i deler av kjellaren, og på uteleikplassen			200	
	Ventilasjonsanlegg				600
	Skifting av kjøkken	100			
3135- Åsgardane	Utbetring av uteleikeplassen	30			
	Oppussing innvendig (2 siste rom)	50			
	Støydemping av tak i grendasalen (leikerom)	10			
	Utbetre og utvide parkeringsplassen		100		
	Måling av barnehagen utvendig	70			
3136- Øygardane	Lyddemping i tak, barnesikring av dørar, ny brannvegg, auke høyde på kjøkkenbenk, barnegarderobe, måle vegg	100			
	Utbetre og utvide parkeringsplassen	100			
	Dokkestue		5		
	Solskjerming i 2. høgda	30			

	Måling av barnehagen utvendig		70		
	Ventilasjonsanlegg				600
3137- Hallingmo	Utbetring av uteleikeplassen	30	20		
	Utbygging til permanent avdeling, inkl. oppussing og ventilasjon	3.500			

Kommentarar til investeringsdelen i økonomiplanperioden 2008-2011:

Generelt

Ikkje gjennomførte tiltak som ligg inne i Økonomiplan 2007-2010 frå barnehagen, er vidareført. Investeringane gjeld auka drift (utbygging), vedlikehald av eksisterande bygningar og uteleikeplassar. I tillegg er det framlegg om utviding av parkeringsplassane i Øygardane og Åsgardane. Det er tenkt at utgiftene skal takast frå barnehagens budsjett, noko frå vedlikehald bygg og noko frå investeringstilskot og skjønnsmidlar øyremerka barnehagedrift.

Vedlikehald

Alle dei seks barnehageeigedommane har behov for ein del generelt vedlikehald av bygningane både utvendig og innvendig. Det meste er nå sett opp i oversikta.

Vesterhuset

Utbygging av garderobeforhold både ved Reppen og Botten er eit stort behov. Like eins takoverbygg til vognoppstilling (soving ute). Utearealet trengt å utvidast og rustast opp. Utbygging av rom for tilsette har stått i barnehagen sitt framlegg til økonomiplan i minst ti år.

Breidokk

Det er veldig lite leikeareal og garderobeplass for både barn og vaksne i barnehagen. Dette er det viktig å få utbetra snarast. Byggjer ein på personalavdeling, vil dette kunne takast inn i desse kostnadane. Ein føreset at ca. ein tredjedel av byggjekostnadane blir dekt av statstilskot. I tillegg til at lånekostnadane kan dekkjast over auka driftstilskot/skjønnsmidlar.

Rotneim

Takoverbygg ved inngangen og vognoppstillingsplass er påkrevd. Likeeins treng ein å utbetre kjøkkenet.

Åsgardane

Takoverbygg ved ny inngang er påkrevd, slik at ein samtidig får overbygd vognoppstillingsplass. Det er også viktig med lydemping i grendasalen. Parkeringsarealet er veldig lite, og med auka drift er det stort behov for utviding.

Øygardane

Det står framleis igjen behov for noko romendring og måling som følgje av utvida drift. Parkeringsarealet er veldig lite, og med auka drift er det stort behov for utviding. Kommunalteknisk avdeling har vore på synfaring og kome med framlegg til løysing.

Hallingmo

Viss dette blir ei permanent avdeling, må det byggast på personalavdeling, og forholda i barnegardrobe og stellerom må betrast. Det må målast og leggjast golvbelegg på nokre rom. Parkeringstilhøva må også godkjennast permanent.

DRIFT – Gol barnehage sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
10100.3130.2011	Utviding av vikarstilling med 80 %	300	300	300	300
	Auke av adm.ressurs (assisterande styrar) med 100 %	450	450	450	450
	Leasing av minibuss til turar, evt. I samarbeid med andre avdelingar	60	60	65	65
3132-37.2011	<ul style="list-style-type: none">▪ Driftskostnader der ein ikkje kan få breiband er auka til ca. 10.000 kroner per.år.▪ Innkjøp av PC-utstyr til å bruke jf. krav i ny rammeplan for barnehagar, ein PC med diverse utstyr til kvar underavdeling, 12 einingar.	15	15	15	15
		100			
3132.2011	Utviding av talet på faste barnehageplassar <ul style="list-style-type: none">▪ Vesterhuset			100	100
3130.2011	Endring av betalingsordning for familiar med dårleg betalingsevne	200	200	200	200
3132-3137.2011	Frukt og grøntordning, og trim for tilsette	25	25	25	25

Kommentarar til nye driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Ein del av tildelte skjønnsmidlar er lagt inn for å kompensere auka drift, vedtatt i 2006. I tillegg vil barnehagen søkje på prosjektmidlar gjennom "Frisklivs"-prosjektet i kommunen.

Auka administrasjonsressurs

Auka administrasjonsressurs til bruk for assisterande styrar er naudsynt ut frå at drifta er utvida med 50 % sidan omorganiseringa til Gol barnehage, dvs. auka med meir enn fire under-avdelingar. Det er nå seks barnehagebygg med 12 avdelingar som assisterande styrar skal følgje opp fagleg, og assisterande styrar har difor ikkje nok tid. Styrar har også behov for å overføre fleire oppgåver til assisterande styrar i periodar. Det kan også bli behov for ytterlegare auke i talet på plassar i løpet av 2008/2009 ut i frå auke i fødselstalet siste året. Bruke skjønnsmidlar til finansiering av auka drift.

IKT-administrasjonsprogram og anna programvare og utstyr

IT-avdelinga set opp innkjøp av naudsynt programvare til opptak og andre administrative oppgåver. Det er difor lagt inn ein auke på drift.

Leasing av minibuss

Det er behov for ein minibuss til disposisjon for barnehageavdelingane. Gol barnehage har barnehageavdelingane veldig spreidd, og vi samarbeider på tvers av fleire avdelingar - spesielt i samband med skuleførebuande aktivitetar. Like eins reiser naturavdelinga mykje på fjellturar. Difor ynskjer barnehagen ei leasingavtale for å få til ei meir praktisk løysing, gjerne i samarbeid med andre avdelingar i kommunen.

Utviding av talet på faste barnehageplassar

- Breidok – utviding av 18 plassar for barn over tre år viss vi finn ei løysing på å behalde naturavdelinga i Breidok. Elles mistar Gol kommune 18 plassar over 3 år samstundes som fleire barn blir fødde i kommunen.
- Hallingmo: Blir desse plassane oppretthaldne, vil det bli ein auke på 12 faste plassar for barn under tre år, eller ein kombinasjon av plassar under og over tre år (inntil 24 plassar over tre år).
- Vesterhuset – utviding med naturavdeling der garden Kristenbråten kan vere leirplass, vil

føre til ein auke på 15-18 plassar for barn over tre år. I tillegg til at Kristenbråten må setjast i stand, må det byggjast på skikkeleg garderober og rom for naturavdelinga.

Gol kommune må vere førebudde på enda større etterspørsel etter plassar. I tabellen er det lagt inn auke av drift. Dette vil i stor grad kunne finansierast med statstilskot (bl.a. skjønnsmidlar) og foreldrebetaling. Kommunen kan framleis søkje om investeringstilskot i 2008.

Endring av betalingsordning for familiar med dårleg betalingsevne:

Friplassordninga i Gol kommune går gjennom Sosialavdelinga, noko som er ein høg terskel for mange familiar. Det er difor ynskjeleg å føre denne ordninga over på barnehageavdelinga slik dei fleste kommunane gjer i dag. Etter søknad kan det gjevast friplass eller delvis friplass mellom 0-3/4 G. Dette vil i stor grad bli dekt gjennom skjønnsmidlar ut over det som blir brukt i dag. Driftstilskotet er høgare for bl.a. å kunne dekkje redusert foreldrebetaling. Overføringa må skje seinast når Sosialavdelinga går saman med NAV.

Friskliv i barnehagen:

Ordninga med frukt og grønnsaker starta i 2007 og er veldig godt mottatt av både tilsette og føresette i barnehagen. Gol barnehage har skrivne under på avtale om å fremje Friskliv i barnehagen både for barn og tilsette, og får dekkja ein del av kostnaden gjennom midlar frå Frisklivsprosjektet. I tillegg til prosjektmidlane må noko av utgiftene dekkjast over budsjettet. Difor er prisauken stort sett lagt inn her.

Dei tilsette i barnehagen kan ikkje nytte seg av avtale om fysisk aktivitet i arbeidstida, difor er det også gjeve noko tilskot til å ha eiga styrketrening ein time i veka på kveldstid. Dette er ynskjeleg å vidareføre i 2008.

Gol Byggdrift Kommunal Foretak:

Det er lagt inn vidareføring av foretaket sine tenester til vaktmeistertenester og reinhald. Vaktmeistertenestene er auka 100 % stilling, og reinhald er auka med 55 %. Vaktmeistertenesten fungerer nå mykje betre.

Årsbudsjett 2008

Kommentarar:

Generelt

Det er lagt inn prisstigning på drift, og i tillegg er det auka noko på klesgodtgjering som er finansiert ved skjønnsmidlar. I budsjettet er det rekna fornying av datamaskiner, kvitevarer, møblar og leiker inne og ute. Dette gjeld alle husa, men det er ikkje spesifisert på kvart hus.

3130.2011 – administrasjon/fellesdel

- Foreldrebetaling: Foreldrebetalinga blir oppretthalden som i 2007. 50 % søskenmoderasjon blir vidareført. Det er lagt inn meirinntekt ut frå dagens foreldrebetaling. Meirinntekta kjem som følge av meir utnytting av plassane.
- Statstilskot: Det er lagt inn prisauke på 3,4 % i driftstilskot til barnehagar. Dette må eventuelt justerast etter at statsbudsjettet er vedteke. Skjønnsmidlar blir vidareført som i 2007, og dette er øyremerkte midlar for å kompensere søskenmoderasjon, makspris, støtte til private barnehagar - for å få ei likeverdig behandling med den kommunale barnehagen - og drift av nye plassar. Noko av dette er fordelt ved kvart hus avdeling for å kompensere

auka drift eller for å finansiere endringar som er vedtatt tidlegare. Resten blir sett av til vedlikhald og vidare utviding av tal på faste barnehageplassar.

- Likebehandling av kommunale og private barnehager: Gol har ein privat familiebarnehage. Driftsresultatet for 2007 vil mest sannsynleg føre til at kommunen treng å gi ekstra tilskot utover statstilskot og administrativ hjelp, jf. forskrift til barnehageloven. Private familiebarnehagar skal ha offentleg tilskot tilsvarande 85 % av 85 % som kommunen og staten yter til eigne driftsmidlar. Private barnehagar skal halde ein økonomi på drift, løns- og foreldrebetalingnivå som den kommunale barnehagen. Dette er lagt inn i budsjettet.

3130.2111 – generelle styrkingstiltak i barnehage

- Tilskot til generelle styrkingstiltak er nå høgare enn det Gol barnehage har i faste utgifter. Barnehagen har fått ein kraftig auke i behovet for støtte til barn som treng ekstra oppfølging siste året, så desse øyremerkta midlane må gå til auke av stillingar.

3130.2113 – spesialpedagogiske tiltak førskolebarn

- Refusjon frå skulebudsjettet med 296.000 kroner blir ført vidare. Dette er tiltak etter opplæringslova §5.7 og skal takast frå rammetilskotet til skule.
- Refusjon til barnehagebarn som er i fosterheim i andre kommunar, må Gol kommune dekkje. Er det snakk om støtte etter krav i opplæringsloven § 5.7, vil dette bli teke frå skulebudsjettet.

3130.2114 – barnehagetilbod til språklege minoritetar

- Dette er tiltak som vert fullfinansiert ved statstilskot eller prosjektmidlar frå fylket. Storleiken på tilskotet blir utrekna etter tal på barn med minoritetsspråkleg bakgrunn som blir rapporterte i årsmeldinga. Tilskotet skal bl.a. gå til stimulering av norsk. Gol barnehage har 15 % barn frå språklege minoritetar.

3130-3137.2011 – fast lønn

- Generelt er det lagt inn noko lønsauke på regulativbestemte tillegg. Dei fleste husa har ein auka bruk av vikar etter omorganiseringa. Dette blir ikkje kommentert ved den enkelte huset. Det er lagt inn 120 % fast vikar, 40 % merkantil stilling som er auka frå 2007. Det er også ein stor auke i fastløn etter utviding av drifta, og noko auke i administrasjonsressurs og pedagogisk tettleik ved kvart hus.

3132-3137.2011 – utstyr

- Kvar pedagogisk leiar må ha eigen PC for å følgje opp krav etter ny rammeplan. Avdelingane får ikkje gjort den jobben dei skal i høve dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet.

3132-3137.2011 – arbeidstøy

- Det er lagt inn noko auke her for å tilfredstille behovet til tøy slik at dei tilsette kan vere ute i all slags ver med barna og få kompensasjon for slitasje på eige tøy.

3132-3137.2011 – utstyr

- Det er lagt inn noko auke for å kunne følgje opp utbetring av uteleikeplassar og utskifting av utstyr.

3132-3137.2011 – foreldrekasse (velferdstiltak brukarar)

- Overskotet blir overført til neste år. Dette er brukarane sine pengar. Inntektspost går mot utgiftpost.

Oppsummering

Gol barnehage har nå vore i drift i snart fire år. I denne perioden har det vore ein auke i drifta på 50 % ved at det er auka kapasitet ved alle barnehagebygg sett bort frå Vesterhuset og oppretting av ei mellombels avdeling i sentrum. Det er likevel mykje å arbeide vidare med for å utvikle både personalet, det organisatoriske, administrative og det fysiske miljøet både inne og ute.

Det er viktig at barnehagen har nok personale til å utvikle og utføre arbeidet.

Gol barnehage ynskjer å vere ein helsefremjande arbeidsplass for dei tilsette, og eitt av tiltaka er bl.a. å ha personale i alle stillingsheimlar. I samband med den store driftsauken kjem også behovet for auka administrasjonsressurs, for utvidinga har ført til veldig stort arbeidspress på styrar og assisterande styrar. Auka administrasjonsressurs er også nødvendig viss styraren skal vere noko anna enn ein sakshandsamar, noko barnehagelova set klare krav om.

Skjønnsmidlar frå staten blir mest sannsynleg vidareført til 2008, og Gol kommune vil då få tildelt minimum 3 mill. kroner i ekstra tilskot. Av desse midlane har vi disponert 1.6 mill. kroner som i 2007.

Det er for tida ikkje venteliste på barnehageplass, men vi har berre to heile plassar over og under tre år ledig. Dette vil mest sannsynleg ikkje dekkje behovet til nye søknadar i løpet av dette barnehageåret. Ca. 70 % av 1- og 2-åringane og 95 % av barn 3 – 5 år i kommunen har pr. dags dato barnehageplass. Nokre har søkt plass i ein bestemt barnehage og ikkje fått ynskjet sitt oppfylt og har difor ikkje tatt i mot plass. Det er fortsatt mange som ikkje har heil plass, så viss fleire ynskjer heil plass, får Gol barnehage problem med å skaffe nok plassar og kunne tilby full barnehagedekning.

Felles for grunnskulen i Gol

Kommuneplan for Gol 2001-2010 – visjon for grunnskulen i Gol 2001 - 2010:

Gol- trivselskommunen- med trygge oppvekstvilkår og stor breidde og kvalitet i tilbud om skule.

Kommuneplan for Gol 2001-2010 – hovudmål for grunnskulen i Gol

Grunnskoleundervisninga i Gol skal halde minst den standarden som er gjennomsnittet for kommunane i Hallingdal når det gjeld timar til ordinære pedagogiske og administrative oppgåver. Ressursane i skolane skal være slik at barna får høve til å utvikle evnene og anlegga sine på best mogleg måte. Dette omfattar ikkje berre lærartimar, men og tilrettelegging av fysisk miljø som er ein viktig faktor når det gjeld opplæring, utvikling og vekst.

Ressurstilgangen til spesialpedagogiske tiltak for barn med særlege behov skal sikre eit tilbud som gjev forsvarleg utbyte av opplæringa i forhold til andre barn.

Behovet skal fastsetjast etter sakkunnig vurdering og ressurstilgangen skal godkjennast av kommunen. Elevar i første til fjerde klasse skal ha tilbud om skolefritidsordning før og etter undervisningstimane.

Kommunestyret vedtok 27.03.07 i sak 10/07 Utviklingsmål for skulen i Gol med visjonen:

SKULEN I GOL – BESTE ARENA FOR LÆRING OG VEKST

LÆRINGSUTBYTE

Overordna mål for læringsutbyte:

1. Grunnskuleopplæringa skal leggja godt grunnlag for kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv.
2. Opplæringa skal sikre gode basisferdigheiter i lesing, matematikk og engelsk.
3. IKT-opplæringa skal vera ambisiøs og skal gjera elevane til kompetente brukarar av digitale verktøy.
4. Opplæringa skal utvikle gode haldningar til miljø og berekraftig utvikling lokalt og globalt.
5. Skulen skal medverke til glede ved fysisk aktivitet og aktiv bruk av naturen.
6. Elevane skal bli kjende med og ta del i kulturelle opplevingar.
7. Skulen skal medverke til utvikling av sosial kompetanse og demokratisk forståing.

Arbeidsmål:

- Når det gjeld lesing, skal 90 % av elevane i Gol prestere over kritisk grense i 2.klasse.
- Resultata av nasjonale prøver i lesing i 5.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Resultata av nasjonale prøver i matematikk i 8.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Resultata av nasjonale prøver i engelsk i 5.og 10.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Grunnopplæringa skal gje elevane eit godt utgangspunkt og medverke til at talet på elevar frå Gol som fullfører vidaregåande skule eller lærekontrakt, blir over landsgjennomsnittet.
- Skulen skal leggja til rette for at elevane gjer seg kjende med lokalt næringsliv.
- I samarbeid med næringsliv, ungt entreprenørskap og andre lokale aktørar skal elevbedrift vera ein del av skulen sitt tilbud til elevane.

LÆRINGSSTRATEGIAR

Overordna mål for læringsstrategiar:

1. Alle elevar skal vera kjende med og forstå måla for opplæringa.
2. Alle elevar skal bli seg bevisste eiga læring og få hjelp til å utvikle gode læringsstrategiar.

3. Alle elevar skal utvikle gode haldningar til læring: Å lære er viktig.
4. Skulen skal medverke til at føresette på Gol blir aktive medspelarar i skulen og blir seg bevisste kor viktig foreldrerolla er i barns læring.

Arbeidsmål:

- Mappedvurdering^{*)} og utviklingssamtaler skal vera viktige element i elevvurderinga.
- Dei føresette skal få nok og relevant informasjon om mål for opplæringa, innhaldet i undervisninga og sitt eige barns utvikling.
- Den internettbaserte læringsplattforma It´s learning skal vera ein arena for informasjon og læring både for elevar og føresette på alle årstrinn.
- Skulen må kontinuerleg arbeide med god folkeskikk og positiv elevåtferd som ein føresetnad for god læring.

^{*)} Ei mappe består av ei systemastisk samling elevarbeid som viser elevens innsats, framskritt og prestasjonar på eitt eller fleire område. Det er ei form for pedagogisk dokumentasjon, elevaktiv med rettleiing frå lærar, med føremål å beskrive og tydeleggjera kva og korleis eleven lærer, kva eleven ynskjer å oppnå, korleis eleven tenkjer rundt eiga læring og kva slags støtte som trengs.

LÆRINGSMILJØ

Overordna mål for læringsmiljø:

1. Læringsmiljøet skal organiserast slik at kvar einskild elev kan oppleva meistring kvar dag.
2. Skulen i Gol skal ha eit inkluderande læringsmiljø der det er rom for mangfald.
3. Skulebygg og uteareal skal vera estetisk og funksjonelt.
4. Organiseringa av undervisninga skal fremje nære og gode relasjonar mellom elev og lærar.
5. Timerressursen må vera tilstrekkeleg til å sikre eit godt forsvarleg pedagogisk tilbod til alle elevar.
6. Dei spesielle behova til elevar med framandkulturell bakgrunn må møtast med tidleg innsats.
7. Leiarar og personale skal vera kompetente og myndiggjorde.
8. Det skal vera god tilgang på læremiddel.
9. Skulen skal ha tydeleg lokal forankring.

Arbeidsmål:

- Leiarane skal vera nære, tydelege og kunne utøve god personalleiing.
- Leiarane skal vera fagleg oppdaterte.
- Leiarane skal vera synlege og tilgjengelege for elevar og føresette.
- Lærarane skal ha relevant og høg kompetanse.
- Personalet i skulen skal vera engasjert, motivert og utviklingsorientert.
- Lærarane skal vera kompetente IKT-brukarar og bruke digitale verktøy aktivt i undervisninga..
- Klasseromma skal vera pedagogisk tilrettelagde og ha god orden.
- Det må føregå kontinuerleg opprusting av digitale læremiddel og lærebøker.
- Elevar med spesialpedagogiske behov skal få eit likeverdig opplæringstilbod i samsvar med sakkunnig tilråding.
- Ressursar til spesialpedagogiske tiltak skal koma i tillegg til ressursar til ordinære pedagogiske oppgåver.
- Elevar med framandkulturell bakgrunn skal sikrast ekstra ressursar slik at dei så fort som mogleg kan ta del i ordinær undervisning og oppnå eit likeverdig læringsutbytte i alle fag.
- Skulen skal delta i jamnleg tverrfagleg samarbeid med barnehage, PPT, barnevern, helsestasjon og psykisk helsevern.
- Lokalsamfunnet skal nyttast aktivt som arena både når det gjeld næringsliv, kultur, tradisjon og fritidsaktivitetar.

Samanlikna med andre kommunar i Hallingdal har Gol sakka akterut når det gjeld ressursar til grunnskuleelevane.

SKULESKYSS

Ut frå Opplæringslova er det klare føringar om rett til fri skuleskyss, og etter ein svært grundig gjennomgang av skuleskyssen i 2006 og 2007 viser det seg at det er lite å gjera for å få redusert kostnaden på dette området.

Budsjettet for 2007 vart derfor justert opp med 580.400 kroner til 1.465.600 kroner slik at tala stemde betre overeins med den reelle kostnaden (post 11700 3110 2222).

Justeringa må vidareførast i 2008 og ta omsyn til venta prisauke (som for 2007).

Med utgangspunkt i eksisterande eigedelssatsar, auke som for 2007, elevgrunnlaget for hausthalvåret 2007 og eksisterande skyssordning vil budsjettalet for 2008 etter dette kunne bli 1.542.000 kroner bunde av at det ikkje skjer endringar som følgje av oppløysinga av BTV-samarbeidet og endringar knytta til delegeringa av skuleskyss-organiseringa til Vestviken kollektivtrafikk a.s.

Økonomiplanen 2008-2011 må justerast i forhold til desse tala sjølv om det kan bli avvik ut frå varierende tal på elevar med rett til skuleskyss, og ut frå kvar elevar med rett til skyss, til ei kvar tid er busette.

2.3.2 HERAD SKULE

Mål 2008-2011

Herad skule sin visjon: I mål med alle.

Herad skule sine utviklingsmål for 2008 – 2011

Herad skule sine utviklingsmål for 2008 – 2011 er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 27.03.07.

Tiltak 2008-2011

INVESTERING

Elevane

- Oppfylging av målsetjinga i Kunnskapsløftet medfører auka behov for ressursar til læremidlar.
- Det er ein føresetnad at løyvingane til læremidlar held fram som vedteke i Økonomiplanen 2007-2010.

Administrasjonen

- Innkjøp av skuleadministrativt datasystem.

Bygningane

- Solskjerming i klasserom mot riksvegen jf. rapport frå miljøretta helsevern.
- Oppgradering av ventilasjonsanlegg. Montering av tidsmessing kjøleaggregat med temperaturstyring.

IKT

Oppfylging av Kunnskapsløftet i forhold til digital kompetanse som ei av dei fem grunnleggjande ferdigheitene krev ny maskinvare og digitalt utstyr til elevbruk:

- Fleire og betre pc-ar
- Fleire digitale kamera
- Ei ny interaktiv tavle
- To nye videokamera
- Ein ny vidoprojektor
- Minnepennar m/lydopptak, headsett m/mikrofon

Personalet

- Lærarane sine pc'ar må bytast ut i slutten av Økonomiplanperioden.

DRIFT

Elevane

- 100 % nyoppretta lærarstilling til spesialundervisning etter § 5 i Opplæringslova.

- Styrking av timeressursen med 50% lærarstilling for å oppfylle kravet i Kunnskapsløftet om tilpassa opplæring for alle.
- Arbeide for å få gjennomført eit system der ressursar følgjer elevane med spesielle behov gjennom utdanningsløpet frå barnehage og ut grunnskule.
- Ta i bruk digitale verktøy i samsvar med Kunnskapsløftet:
 - Utvikle bruken av læringsplattformen It`s Learning,
 - Lære å bruke musikkprogrammet Music Media
 - Gjere seg enda betre nytte av nettressursane som er utvikla i samband med Kunnskapsløftet
- Drift av IL@skolen som ein del av kommunen si Frisklivs-satsing.
- Skulefrukt til alle elevane.

Administrasjon

- Utvide administrasjonsressursen frå 50% til 100%.
- Gjeninnføre merkantil stilling 40 %.

Personalet

- Auka vikarressurs på grunn av utgifter i samband med Nasjonale prøver.
- Kompetanseheving i samband med Kunnskapsløftet, blant anna i forhold til.
 - Utvikling av læringsplattforma It`s learning
 - Bruk av interaktiv tavle (SmartBoard)
 - Bruk av musikkprogrammet Music Media
 - Læringsstilar, Digital portfolio, EYLP
- 30 minutt tid til "Friskliv" for lærarane kvar tysdag ettermiddag.

Økonomiplan 2008 – 2011

INVESTERINGAR – Herad skule sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3112.2022	Oppgradering av ventilasjonsanlegg		100		
3112.2022	Solskjerming	75			
3112.2021	Digitalt utstyr. Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verktøy som basisferdigheit jfr. Kunnskapsløftet	50	50	50	50
	Utgifter nye lærebøker i samband med kunnskapsløftet 1000 pr. elev på småskuletrinnet 2500 pr på mellomtrinnet. Dei statlege midlane er ikkje nok til å dekke det behovet som er til nye lærebøker.	38			
	Innkjøp av skoleadministrativt system. Nødvendig for å kunne administrere nasjonale prøver. Summen må sjåast i samband med dei andre skuleane.	50			
3112.2021	Interaktiv tavle (SmartBoard)	25			

Kommentarar til nye investeringstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

- Innkjøp av skoleadministrativt datasystem for skulen. Det er mellom anna heilt nødvendig for å administrere nasjonale prøver.
- Det blir føresett at det kjem statlege midlar til nye lærebøker i samsvar med

- Kunnskapsløftet. Dei statlege midlane dekkjer på langt nær det behovet skulen har.
- Ny maskinvare og digitalt utstyr til elevbruk: Det er ein føresetnad at løyvingane held fram som vedteke i Økonomiplanen 2007-2010.

Generelt

På posten anna løn ligg:

- Stipulerte utgifter til godtgjersle for delt dagsverk, løn for 17.mai, godtgjersle for leirskule og klesgodtgjersle for lærarar.
- På denne posten ligg også 24.000 kroner som er redusert arbeidsgivaravgift for merkantil personale på Gol skule og Gol u-skule, jf. avtale mellom skulane.
- Kompensasjon for redusert arbeidstid for arbeidstakarar for over 55 år.

DRIFT - Herad skule sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
1.3112.2021	100 % nyoppretta stilling til spesiaundervisning etter § 5 i Opplæringslova.	480	480	480	480
1.3112.2021	50 % ny lærarstilling for oppfyljing av tilpassa opplæring.	240	240	240	240
1.3112.2021	Auka vikarressurs for å gjennomføre nasjonale prøver utan at det går ut over anna undervisning og oppgåver.	12	12	12	12
3112.2021	Administrasjonsressurs	100	100	100	100
	Merkantil stilling 40%				
3112.2021	Drift av IL@skolen	17	17	17	17
3112.2021	Gratis skolefrukt til alle elevane. Kr 2,50 per elev per dag	30	30	30	30

Kommentarar til nye driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

- Hausten 2007 har det oppstått nye og frå før ukjende behov som krev 100 % nyoppretta stilling til spesialundervisning.
Skulen treng derfor tilføring av friske midlar for å kunne oppfylle dei individuelle opplæringsplanane til elevar med spesielle behov som etter utgreiing, vurdering og sakkunnig tilråding frå PPT har fått uttalt rett til spesialundervisning i samsvar med Opplæringslova § 5
- Timerressursen må i tillegg styrkast med 50 % stilling for å nærme seg nivået frå 2003, og for å kunne tilpassa opplæringa til alle elevar slik Kunnskapsløftet krev.
Slik situasjonen er no, er skulen på eit minimum av det som trengst for å oppfylle intensjonane i Kunnskapsløftet.
Det har kome sterke signal frå regjeringa om at det skal satsast på betre lærardekning.
- Auka vikarressurs på grunn av utgifter i samband med Nasjonale prøver.
Nasjonale prøver er gjeninnført og blir avvikla i september 2007.
- Rektor har i dag ca 50 % administrasjonsressurs og 50 % undervisningsstilling.
Det er altfor lite til å gjere dei oppgåvene som må gjerast, - og for lite i forhold til det som blir venta frå ulike overordna og samarbeidande instansar.
I administrasjonstida skal rektor ta seg av post, arkiv, elevsamtaler, kontakt og

samarbeid med føresette, tverrfagleg samarbeid, samarbeid og samordning med dei andre skulane i Gol og Hallingdal, personalleiing, medarbeidarsamtaler skuleutvikling, skulevurdering, gjennomføring av nasjonale satsingsområde, planarbeid, økonomi, kompetanseutvikling for seg sjølv og personalet og møte av ulike slag. Merkantil stilling blei fjerna frå skulen i samband med omorganiseringa 2003/2004. Dette har ført til auka belastning på rektor. Det er lite tilfredsstillande at rektor så sjeldan kan nåast på kontoret av foreldre og andre.

- Gjeninnføre merkantil stilling 40 % til blant anna å ta seg av post, arkiv og telefonar.

2.3.3. GOL SKULE OG SFO

Mål 2008-2011

Gol skule sin visjon

- Glede ved læring
- Respekt for kvarandre

Gol skule sine mål for 2008 – 2011

Gol skule sine mål for 2008 – 2011 er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 27.03.07

Langsiktige mål for SFO

SFO skal gi

- Sosial kompetanse
- Gode fritidsvanar
- Omsorg til alle

Tiltak 2008-2011

INVESTERING

SKULEN

Elevane

- Det må fortsatt kjøpast inn nye lærebøker i samband med Kunnskapsløftet.
- Skulen må fortsette med opprusting av maskinvare og digitalt utstyr til elevbruk.
- Skulen må fortsette med utskifting av elevbord og stolar.

Administrasjonen

- Innkjøp av skoleadministrativt datasystem for heile grunnskulen.

Bygningane

Nye tiltak og endringar som er nødvendige dersom det ikkje blir bygd ny barneskule:

- Ombygging for å få til grupperom både på storskulen og Glitrehaug.
- Utskifting av gjerde rundt heile området på storskulen.
- Solskjerming i undervisningsrom mot aust på Glitrehaug.
- Leskur/overbygning på storskulen.

Vedlikehaldsoppgåver som må skje uavhengig av planar om nybygg:

- Måling av klasserom og arbeidsrom for tilsette.

SFO

- Istandsetjing av garasje til snikkarbu for SFO.
- Gjerde rundt SFO-området.

- Uteområdet må utviklast for å avlaste inne-arealet og for å leggje til rette for fysisk aktivitet i SFO-tida.
- Måling av kjøkkenet.

DRIFT

SKULE

Elevane

- 1.prioritet: Timeressursen må styrkast for å få til ei lærardekning som for samanlignbare kommunar. Ei 3-delning på 3.årstrinn vil bli prioritert.
- Timar til spes.ped-elevar må ikkje reduserast sjølv om skulen hausten 2008 vil avgi mange elevar til ungdomsskulen. Elevane i noverande 7.årstrinn har vore mogleg å organisere i grupper med minimal bruk av einetimar. Blant elevane som nå går i dei lågaste årstrinna, og som vi ventar inn frå barnehagen, er det fleire innanfor autismespekteret. Desse barna er avhengige av einetimar.
- Timar til norskopplæring til framandspråklege elevar må aukast i samsvar med talet på desse elevane.
- Leksehjelp for elevar med framandspråkleg bakgrunn og andre som har behov for det i tråd med Stortingsmelding 16 "...og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring."
- Drift av [IL@skolen](#) skal vera ein del av kommunens Frisklivs-satsing.
- I samsvar med intensjonane i Kunnskapsløftet skal opplæring i og bruk av digitale verktøy og pedagogisk programvare vidareutviklast.
- Det vil bli lagt stor vekt på kunnskapar og ferdigheiter i norsk, matematikk og engelsk.
- Innkjøp av lærebøker og digitale hjelpemiddel i høve til desse faga vil bli prioritert.

Personalet

- Personalet skal framleis få kompetanseheving i samsvar med intensjonane i Kunnskapsløftet.
- Skulen vil gi støtte til vidareutdanning i basisfaga og i spesialpedagogikk.
- Opplæring i bruk av digitale verktøy og pedagogisk programvare skal halde fram.
- Vikarressursen ved skulen må aukast for å kunne gjennomføre nasjonale prøver på ein forsvarleg måte utan at det går ut over dei andre elevane.
- Tid til medråderett må aukast med ein time for å imøtekoma behovet frå personalet på Glitrehaug.

Administrasjonen

- Gol skule skal behalde merkantil ressurs i 100% stilling.
- Dersom det ikkje blir nye barneskule: 25% administrasjonsressurs(inspektør) til Glitrehaug.
- Det må vera avsett tilstrekkeleg timeressurs til drift av IKT-nettverk og elevmaskiner.

Bygningane

- Det må vera tilstrekkeleg tilgang på vaktmeisterressurs på SFO, Glitrehaug og storskulen.

SFO

- Foreldrebetaling for vanleg opphald i skuleåret bør frysast på 2007-nivå.
- Foreldrebetaling for feriar bør frysast på 2006-nivå.
- Postar for læremidlar og matvarer må auke it akt med elevtalet.

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERING – Gol skule sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar som er nødvendige dersom det ikkje blir bygd ny barneskule	2008	2009	2010	2011
3111.2221	Ombygging/utbygging for å få til grupperom på Glitrehaug og storskulen	- ikkje kostnadsrekna -			
	Utskifting av gjerde på storskulen. Pris ferdig oppsett.	80	75		
	Solskjerming i undervisningsrom mot aust Glitrehaug.	20			

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3111.2021	Innkjøp av skuleadministrativt system	50			
	Klasseromsinventar		70	70	
	IKT-utstyr		160	160	160
	Nye lærebøker		100		
3111.2221	Måling av klasserom og arbeidsrom for tilsette	50	50		
3121.2151 SFO	Brannsikringstiltak SFO jf. Tilsynsrapport 15.07.03	- ikkje kostnadsrekna -			
	Istandsetjing av garasje til snikkarverkstad.	50			
	Drenering, elektrisk arbeid, innvendig kledning.				
	Gapahuk	40			
	Husker	10			
	Dokkestuer	9			
	Måling av kjøkkenet	20			
	Leikeutstyr til utebruk	20			

Kommentarar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Administrasjon

3111.2021 Det må kjøpast inn skuleadministrativt datasystem for skulen (prioritet 1).

Dette er heilt nødvendig for blant anna å administrere nasjonale prøver. Dersom ein vel ei løysing frå IT Solutions (jf. Ål kommune) vil eit felles dataprogram for alle skulane i kommunen koste 250.000 kroner inkl. moms. Med ein tilleggsmodul vil dette programmet også kunne brukast av barnehagen.

Bygningane

3111.2221 Oppgradering av bygningsmassen må sjåast i samanheng med planar om byggjing av ein ny barneskule på Gol. Dersom planar blir vedtatt og tidfesta til nær framtid, vil skulen kunne klare seg med vanleg vedlikehald frå no av. Dersom planane framleis blir skudv fram i tid, vil det måtte skje ei betydeleg og kostnadskrevjande opprusting blant anna ut frå dei nemnde behova:

DRIFT – Gol skule sitt framlegg:

Budsjettkap.	Vidareføring av tiltak – jf. Økplan 2006-2009	2008	2009	2010	2011
3111.2021	Nye lærebøker til innføring av Kunnskapsløftet.	157			
	Ny maskinvare og digitalt utstyr for innføring av Kunnskapsløftet.	157			
	Nytt klasseromsinventar jf. budsjettvedtak 2004	50			
	Drift av IL@skolen / Frisklivstiltak	112			
	Kompetanseheving jf. Kunnskapsløftet, sjå Strategi for kompetanseutvikl. i grunnoppl. i Gol komm. 2005-08	106			

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3111.2021	Dersom det ikkje blir ny barneskule: Administrasjonsressurs til Glitrehaug.	132	132	132	132
	Auka timeressurs for betre tilpassa opplæring.	2.025	2.025	2.025	2.025
	Auka timeressurs p.g.a. fleire framandspråklege elevar	72	173	173	173
	Leksehjelp	108	108	108	108
	Auka vikarressurs for å gjennomføre nasjonale prøver	10	10	10	10
	Tid til medråderett Glitrehaug	20	20	20	20
	Fortsatt drift av IL@skolen		112	112	112
	Drift av IKT-nett på skulen	200	200	200	200
3121.2151 SFO	Auke i budsjettpost for læremiddel.	24	24	24	24
	Auke i budsjettpost for matvarer	7	7	7	7
	Fryse foreldrebetaling for ordinær plass til 2007-nivå	40	40	40	40

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Elevane

3111.2021

Tilpassa opplæring er eit krav i den nye læreplanen, Kunnskapsløftet. Målet om tilpassa opplæring for alle er vanskeleg å nå med så store elevgrupper som ved Gol skule.

Kostratal frå 2007 viser at Gol kommune har ein gjennomsnittleg lærardekning på 1-13,5 mot 1-11,4 i same kommunegruppe.

Ei lærardekning som tilsvarar 1-11,4 vil for Gol skule medføre ein auke på 4,5 lærarstillingar. Kostnad vil vera 2,025 mill. kroner.

Ei betre lærardekning (høgare timeressurs) vil i første rekkje gå til ei 3-deling av det noverande 3.årstrinn. Dei to klassane har 26 og 28 elevar. Dette er faretruande nær det gamle klassesdelingstalet på 28. Med den auken Gol skule opplever i tilflytting, vil det vera sannsynleg at desse klassane får over 28 elevar om ikkje så lenge.

Etter dagens reglar skal klassane ikkje vera større enn det som er pedagogisk forsvarleg. Den grensa er no nådd, med dei skjerpa krava til tilpassa opplæring som ligg i Kunnskapsløftet.

Gol skule opplever ein stadig større del framandspråklege elevar. Det er ikkje uvanleg å få nye elevar som ikkje kan eit ord norsk. Midlar til norskopplæring av framandspråklege er ikkje lenger øyremerka, men lagt inn i rammeoverføringane. Dersom ein framleis legg utrekningsmodellen frå rundskriv F-08-03 til grunn, vil det medføre ein auke på 10 timar i veka til særskilt norskopplæring og tospråkleg fagopplæring. Auken vil koste 173 000 kroner i året.

Leksehjelp til framandspråklege elevar og andre som vil ha behov for det, er utrekna etter fem

lønstimar til morsmåslærarar og 4 lønstimar til assistent.

Kommunen har innvilga egne midlar til innkjøp av PC-ar til elevane og andre digitale hjelpemiddel. Dette utstyret må også driftast. Drifta blir i dag tatt av ordinær timeressurs. I tillegg har skulane hatt eigen lærling i IKT-faget, som sluttar i januar 2008. Det må derfor no setjast av egne midlar som tilsvarar ei halv stilling til dette.

SFO

3121 2151

Elevtalet på SFO har auka kraftig år for år. Driftsbudsjettet bør derfor aukast i takt med dette. For læremiddel (leike- og formingsmateriell) bør summen vera 500 kroner per elev årleg, for matvarer 250 kroner per elev. Auken vil tilsaman utgjere 31 000 kroner årleg.

Foreldrebetaling for SFO i Gol kommune er blant dei høgaste i Buskerud. Den bør derfor ikkje auke komande budsjettår.

Årsbudsjett 2008

Kommentarar til årsbudsjettet:

3111.Gol skule

- Gol skule vil neste skuleår motta fleire elevar med store spesial-pedagogiske behov frå barnehagen. I tillegg må det store ressursar til for å møte tilrådingane frå PPT på dei elevane skulen alt har. Skulen må derfor behalde dei spesial-pedagogiske ressursane som er i år.
- Løn for lærarar i norsk for framandspråklege elevar og morsmåslærarar er lagt inn på 10101 2024. Timetalet er ikkje lenger utrekna etter tal på elevar, men kommunens stillingsheimlar.
- Kompensasjon for redusert arbeidstid for arbeidstakarar over 55/60 år:
Gol skule har inneverande skuleår 8 lærarar med redusert undervisningsplikt etter avtaleverket. Dette utgjer 14,55 veketimar. Vikarutgiftene er lagt inn på 10205.
Gol skule har tre lærarar som skal ha ei ekstra ferieveke. Vikarutgiftene er lagt inn på den same posten.
Ekstra ferieveke for sekretær er lagt inn på 10200
- På posten for anna lønn (10500) ligg stipulerte utgifter til godtgjersle for delt dagsverk, løn for 17.mai, godtgjersle for leirskule og klesgodtgjersle for lærarar.
- Post 17500 er det lagt inn refusjon for gjesteelev frå Svelvik kommune. Utgiftene er lagt inn på postane 10100 og 10101 og kjem i tillegg til vedtatte stillingsheimlar.
- Posten for lære bøker (11050) er heva så mykje som mogleg innanfor vedtatt ramme på grunn av store behov i samband med Kunnskapsløftet.
- Det er og sett av ein sum (15.000 kroner) til pedagogisk programvare for data på post 11054.

3121 SFO

- Løn er stipulert etter bemanning ved skulestart 2007 (post 10100).
- Brukarbetaling er stipulert etter inntekter september 2007 med eit tillegg på 4%.
- Skyssutgifter gjeld skyss for elevar frå Herad skule til SFO kvar ettermiddag.

|

|

2.3.4 GOL UNGDOMSSKULE

Mål 2008-2011

Gol ungdomsskule sin visjon

Elevlar og vaksne ved vår skule skal vere:

- Trygge og glade
- Kloke og spreke

Gol ungdomsskule sine mål for 2008 – 2011

Gol ungdomsskule sine mål for 2008 – 2011 er identiske med utviklingsmål for skulen i Gol, vedtatt i kommunestyret 27.03.07.

Tiltak 2008-2011

INVESTERING

Elevane

- Nye lærebøker i samband med Kunnskapsløftet. Gol ungdomsskule vil trenge ekstra tildeling på grunn av endringar i forhold til målføre. jfr budsjettjustering i Gol kommunetstre sept 07 på kr 80.000,-.
- Ny maskinvare og digitalt utstyr til elevbruk.
- Oppdatering og vedlikehold av datamaskiner.

Personalet

- Alle lærarane og assistentane bør disponere eigne berbare PC'ar.

Administrasjon

- Innkjøp av nytt skuleadministrativt datasystem for skulen.

Bygningane

- Tilgang til datanett i alle undervisningsrom jf. bruk av digitale verktøy som basisferdigheit i Kunnskapsløftet.
- Datanett-tilknytning mot samfunnshuset.
- Utsifting av yttervindaug.
- Måling av korridorar og klasserom.
- Renovering av elevtoalett.
- Renovere kjøkken på personalrom.
- Solskjerming i 4 undervisningsrom.

DRIFT

Elevane

- Timeressursen må styrkast betrakteleg for å kunne gi alle elevane eit tilfredsstillande tilbod. Skuleåret 2008/2009 kjem det mange elevlar som vil trenge spesielt tilrettelagt

undervisning. Det vil medføre behov for sterk auke når det gjeld ressursar til spesialundervisning.

- Timerressursen til norskopplæring for framandspråklege må styrkast i forhold til elevtalet. Dette er midlar som tidlagare var øyremerka men som no er lagt inn i rammeoverføringa.
- Ta i bruk digitale verktøy i samsvar med Kunnskapsløftet. Vidareutvikle bruken av læringsplattforma It`s learning.
- Drift av [IL@skolen](#) som ein del av kommunen si Frisklivs-satsing.
- Gratis skulefrukt til alle elevane. Dette er lagt inn i rammeoverføringa til kommunen frå hausten 2007.
- Gol kommune har underskrive avtale om gjennomføring av MOT. Dette er eit førebyggjande opplegg som alle elevane i skulen skal vere med på.

Personalet

- Kompetanseheving i samsvar med Kunnskapsløftet. Lagt særleg vekt på realfag og språkfag.
- Setje av midlar slik at ein kan stimulere til vidareutdanning i fag der skulen treng kompetanse.
- Opplæring i læringsplattforma It`s learning.og vidareutvikle bruken av digitale verktøy.
- Auke vikarressurs for å gjennomføre nasjonale prøver på ein forsvarleg måte.

Administrasjonen

- Behalde merkantil ressurs i 100% stilling.
- Det må setjast av midlar til drift av IKT – nettverk og elevmaskiner.

Bygningane

- Tilstreккеleg tilgang på vaktmeistarressurs for jamnleg vedlikehald.

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERINGAR – Gol ungdomsskule sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3114202111050	Nye lærebøker i samband med Kunnskapsløftet. Stipulert til kr. 4000 per elev Tillegg til statlege overføringar	140	140	40	40
3114202112002	Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verktøy som basisferdigheit jf. Kunnskapsløftet	190	190	190	100
3114202111000	Innkjøp av skoleadministrativt system. Nødvendig for å kunne administrere nasjonale prøver.	50			
3114202112300	Datanett til alle undervisningsrom jf. bruk av digitale verktøy som basisferdigheit i Kunnskapsløftet Oppgradering av det trådlause nettverket	40	40		
Er meldt Gol Byggdrift Kommunalt Foretak:					
	Måling av korridorar og undervisningsrom	20	10	10	10
	Utskifting av vindauge	200	200		
	Solskjerming i undervisningsrom	40	20		
	Opprusting av personalavd.	10	50		
	Renovering av elev-toalett	100	100		

Kommentarar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Det er viktig at kommunen kjøper inn eit skikkeleg administrativt datasystem for skulane. Dette systemet vil lette det administrative arbeidet veldig. Elevane skiftar skule og då vil ein ha eit felles system og treng ikkje legge inn alle opplysningane på nytt.

Innkjøp av nytt skuleadministrativt datasystem for skulen er også nødvendig for å kunne administrere nasjonale prøver.

DRIFT - Gol ungdomsskule sitt framlegg:

Budsjettkap.	Vidareføring av tiltak – jf. Økplan 2006-2009	2008	2009	2010	2011
3114202111050	Statlege overføringer til innkjøp av lærebøker	140			
3114202112002	Data / IKT i skulen; elevmaskiner og program	140	140		
3114202111500	Kompetanseheving jfr Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa i Gol kommune 2005 - 2008	87			
3114202111209	Frukt – jfr statsbudsjettet	115	115	115	115
3114202111209	Friskliv i skulen,	100	100		

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3114202110101	Auka timeressurs for å gi elevar som startar på Gol ungdomsskule 2008 eit fullverdig tilbud	600	900	900	600
3114202110101	Drift av datanettet	200	200	200	200
3114202110101	Auka timeressurs for betre tilpassa opplæring.	470	470	470	470
3114202111950	Årleg kontingent for MOT	40	40	40	40
3114202110101	2 t/v Frikjøp til gjennomføring av MOT	36	36	36	36
3114202110101	Drift av IL@skolen	148	148	148	148
3114202111500	Kompetanseheving jfr. Kunnskapsløftet. (sjå Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa i Gol kommune 2005-2008)	30	30	20	
3114202110101	Vedlikehold og oppgradering av datamaskiner	50	50	50	50
3114202110205	Auka vikarressurs for å gjennomføre nasjonale prøver utan at det går på bekostning av anna undervisning og oppgaver.	20	20	20	20
3114202111203	Utvide ekskursjonsbudsjettet for å fylgje årsplanar for fag	50	50	50	50
3114202110100	SFO tilbod til elevar i ungdomsskulealder	160	160	160	160
3114202112900	Utvide bibliotekarstilling	120	120	120	120

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

- Gol kommune har sett av ekstra midlar til å støtte opp om skulane. Det er godt å vise til at dei midla vert vidareført. Skulane har samarbeida om fordeling av desse midla som er IKT i skulen og Friskliv i skulen.
- Gol ungdomsskule har skuleåret 2007 2008 to elevar som vil trenge heilt spesiell oppfølging. Dette er akutte behov som har oppstått, og som det ikkje har vore mogeleg å forutsjå. Det er svært viktig å gjennomføre det spesialpedagogiske tiltaket som er sett i gang. Dette har absolutt høgaste prioritet. Skal skulen gjennomføre eit forsvarleg skuletilbod for dei aktuelle elevane, må det avsetjast ekstra lønsmidlar til dette opplegget. Det føreligg faglege vurderingar og tilrådingar frå barnevern, BUP og PPT.

- For å få gjennomført ekskursjonane som ligg i årsplanane, og som er lagt opp etter intensjonane i Kunnskapsløftet, er det lagt opp til at post 3114202111203 må aukast med 50.000 kroner.
- Gol ungdomsskule har hatt ansvar for å gi eit SFO tilbod til elevar med utviklingshemming. Dette har vore finansiert av Sosial- og Omsorgsavdelinga. Skulen har fått refundert midlar derifrå. Skal Gol ungdomsskule halde fram med dette, bør det leggast inn i skulen sitt budsjett. Då må budsjettpost 3114202110100 aukast med 160.000 kroner.
- Gol ungdomsskule deltek i førebyggjande ungdomsarbeid gjennom MOT. Dette er ei avtale som Gol kommune ved ordførar har underskrive. Dette kostar 40.000 kroner i årleg avgift.
I tillegg kjem det utgifter til å gjennomføre opplegget på skulen. Desse utgiftene må synleggjerast i budsjettet.
- I statsbudsjettet er det sett av midlar til frukt i ungdomsskulen. Dette vert lagt inn i rammeoverføringa til kommunen. Det er sett av kr. 3,85 per elev i året. For Gol ungdomsskule sin del utgjer dette 115.000 kroner. Post 3114202111209 må derfor aukast permanent med 115.000 kroner.

Årsbudsjett 2008

Kommentarar:

3114 Gol ungdomsskule

- Lønn for lærarar i norsk for framandspråklege elevar og morsmålslærarar er lagt inn på 10101 2024. Timetal og løn er stipulert etter rundskriv F-08/03 og 08/04 ADA, men er lagt inn etter stillingsheimlar sidan denne ressursen frå hausten 2006 er lagt inn i rammeoverføringa til kommunen.
- Det er 3 lærarar som er ferdige med vidareutdanninga si dette året. Dei vil derfor få endra stillingskode og dermed lønnsauke. Dette utgjer auka lønnsutgift på 84.000 kroner.
- Kompensasjon for redusert arbeidstid for arbeidstakarar over 55/60 år:
Gol ungdomsskule har inneverande skuleår seks lærarar med redusert undervisningsplikt etter avtaleverket. Dette utgjer 55 % stilling som må dekkast opp, og det utgjer ein auke i lønsutgiftene på 24.000 kroner i forhold til forrige år.
Gol ungdomsskule har fire lærarar som skal ha ei ekstra ferieveke. Vikarutgiftene er lagt inn på 10205.
Ekstra ferieveke for sekretær og barne- og ungdomsarbeidar er lagt inn på 10100.
- På posten for anna lønn, 10500, ligg stipulerte utgifter til godtgjersle for delt dagsverk, løn for 17.mai, godtgjersle for leirskule og klesgodtgjersle for lærarar.
- Posten for lærebøker, 11050, er heva så mykje som mogleg innanfor vedtatte ramme på grunn av store behov i samband med Kunnskapsløftet.
- Inventar er framleis eit prioritert område. Det er sett av 108.000 kroner til dette, post 12000.
- Post 12900 er auka til 153.000 kroner etter vanleg prisjustering. Dette er midlar som vert refunderte til Gol Bibliotek for 1/3 stilling som bibliotekar. Bruken av biblioteket og samarbeidet med dei tilseier at denne stillinga bør justerast til 1/2 stilling. Det er derfor ført opp i handlingsplan ein auke på 120.000 kroner slik at det kan bli ei halv stilling

2.3.5 GOL VAKSENOPPLÆRING

Kommuneplanen sine hovudmål for vaksenopplæringa 2001 - 2011:

Kommunen vil gje vaksenopplæring i samsvar med krava som er stilt i lovverket. Undervisninga skal så langt råd er målrettast mot den einskilde sitt behov for kompetanse

Gol Vaksenopplæring sin visjon

- Gol vaksenopplæring skal gje ei opplæring med stor tilpassing til den einskilde elev og i tråd med lovverk og læreplan.
- Opplæringa skal vera med på å gjera den einskilde betre i stand til å kunne fungere i samfunnet.

Mål 2008-2011

Gol vaksenopplæring sine mål for 2008 – 2011:

1. Framandspråk. Lov om Norskopplæring for nyankomne innvandrere
 - Gol Vaksenopplæring skal kunne gje tilbod om norsk med samfunns-kunnskap for innvandrarakar slik at deltakarane skal gå opp til og bestå norskprøve på rett nivå.
 - Gol Vaksenopplæring skal tilpasse undervisninga til midlane som fylgjer ny finansieringsordning.
 - Gol Vaksenopplæring skal vidareutvikle samarbeide med dei andre kommunane i Hallingdal.
2. Grunnskuleopplæring
 - 2.1.Grunnskuleopplæring. Opplæringslova § 4A-1.
 - Gol Vaksenopplæring skal gje tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne til dei som melder behov for slik opplæring.
 - Gol Vaksenopplæring skal vidareføre det interkommunale samarbeidet i Hallingdal på grunnskuleområdet.
 - 2.2. Grunnskuleopplæring Spesialundervisning. Opplæringslova § 4A-2.
 - Gol Vaksenopplæring skal gje tilbod om spesialundervisning for vaksne, i samsvar med Individuell opplæringsplan for den einskilde.
 - Gol Vaksenopplæring administrerer logopedi og afasibehandling for vaksne og gjer avtale med NAV om refusjon av utgiftene til behandling.
3. Introduksjonsprogram for Innvandrarakar. Lov om introduksjonsordning.
 - Deltakarar på Introduksjonsprogram skal etter at programmet er ferdig, ha nådd mål om norskopplæring jf. pkt 1a.
 - Deltakaren skal vera i løna arbeid eller i kvalifiseringstiltak i regi av NAV-arbeid, eller ha byrja på vidare skulegang
 - Gol Vaksenopplæring skal skaffe eit tilstrekkeleg tal ulike typar språk-praksisplassar i kommunale verksemdar.

Tiltak 2008-2011

Investerings-- og driftsoversikta nedanfor omtalar tiltaka.

Økonomiplan 2008-2011

Budsjettet til Gol vaksenopplæring er delt i fire hovuddelar

- 131502131 Grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A1
- 131502133 Spesialundervisning etter opplæringslova § 4A2
- 131502134 Framandspråkopplæring
- 131502732 Introduksjonsprogram

INVESTERING – Gol vaksenopplæring sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
1230031502134	Måling fasade Lysbo	100	100	100	
1230031502134	Oppussing toalett 2. etg. To små toalettrom			10	
1230031502134	Oppussing toalett 1. etg.	60	60		
1200031502134	IKT.	35	35	35	
1200031502134	Elevpultar. Utskifting. 15 stk pr år	15	15	15	15
3150	Husleige-Drift Lysebo	300			
3150	Husleige- drift andre lokalitetar		700	700	700

Kommentarar til investeringsdelen i økonomiplanperioden 2008-2011:

Oppussingsarbeid Lysbo

Vaksenopplæringa held til i gamle og utslitne lokale. Fasaden talar for seg. Innvendig er det også lite tilfredstillande, men ymse småarbeid har gitt eit noko betre inntrykk av bygningen. Her er det to toalettrom som begge treng oppussing og oppgradering. Det er heller ikkje tilgjenge for rørslehemma. Om lag 90 personar er knytte til vaksenopplæringa, anten som elevar eller tilsette. I tillegg kjem elevar ved Folkeuniversitetet Hallingdal som nyttar lokal på kveld og helg og dels på dagtid. Kommunen sitt opplæringsrom for data soknar også til desse toaletta.

Lokala i Lysbo har ein driftskostnad på 160.000 kroner per år til energi, forsikring, avgifter m.m. I tillegg kjem utgifter til reinhald og vaktmister på 140.000 kroner. Naudsynt oppussingsarbeid er gjort greie for ovanfor. I økonomiplanen blir det lagt opp til auka kostnader med husleige, anten som fylgje av oppgradering av Lysbo eller at Gol vaksenopplæring og Folkeuniversitetet kan ta i bruk nye og meir eigna lokale.

Andre lokalitetar

Lokala i Lysbo er ikkje tilfredstillande verken for undervisning eller annan aktivitet. Gol kommune må etter kvart finne ei løysing der vaksenopplæringa kan nytte lokale som er meir tidsmessig og ikkje minst ivaretek arbeidsmiljølova i høve til ventilasjon, støy og temperatur. Det bygningmessige og interiørmessige er også svært dårleg forfatning.

I økonomiplanen blir det lagt opp til ei stipulert leige for vaksenopplæringa. Tilfredstillande lokale vil ein i samarbeid med Gol kommunale eigedomar A/S kunne leige for om lag 500.000 koner per år. I tillegg kjem moms. Det må då også leggjast inn tilsvarande beløp i overføringar frå kommunen, men det er viktig å synleggjera også desse utgiftene.

Inventar/møblar

Då vaksenopplæringa tok til med samarbeid med andre kommunar, oppsto det eit akutt behov for møblar til elevane. Løysinga vart å overta kassabelt materiell der dette var å finne.

Samarbeidet med kommunane fungerer godt, og alt tyder på at samarbeidet har kome for å bli. Det er difor starta arbeid med å etter kvart byte ut alt utrangert elevmøblement med nytt møblement.

DRIFT – Gol vaksenopplæring sitt framlegg:

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
31502131	Grunnskuleopplæring.	750	750	750	750
31502751	Introduksjonsprogram	75	75	75	75

Kommentarar til driftsdelen nye tiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Grunnskuleopplæring.

For 2007 var det halvårsverknad på tiltaket. Det blir difor for ordens skuld lagt inn att med heilårsverknad for økonomiplanperioden

Introduksjonsprogram

Drifting av programmet utanom skuleruta, i feriar og dagar utan undervisning.

Årsbudsjett 2008

Kommentarar :

Generelt

Endring i tilskotsordninga gjorde store utslag i dei statlege overføringane. For hausten 2007 måtte aktiviteten reduserast betydeleg. Frå 2008 blir det lagt opp til eit aktivitetsnivå som står i høve til dei statlege overføringane og overføringane frå dei ulike kommunane. Det er lagt inn 4,4 stillingar . (våren 2007 var det 6,9 stillingar, hausten 2007 3,4 stillingar.)

Med dette talet på lærarstillingar greier ein ikkje å oppfylle intensjonane i læreplanen med deling av elevane etter nivå og læringsfart, men ein er eit stykke på veg. Ideelt sett bør det vera minst 6,2 stillingar for å kunne gjera den naudsynte inndelinga på elevgruppene. Det er eit mål å få dei statlege tilskotsordningane opp på eit nivå som dekkjer utgiftene til denne opplæringa. Finansieringsordninga frå staten er under revisjon. Dersom det blir vedteke endringar i prinsippet for statstilskot til norskopplæring, vil dette blir teke opp som ei eiga sak etter årsskiftet, i den grad dette vil få verknader for årsbudsjett og økonomiplan.

Tre av lærarane er eldre enn 55 år. Desse har nedsett leseplikt etter avtaleverket. Nødvendig ressurs er rekna inn i budsjettet.

Administrasjon ligg inne med 0,6 stilling i tala som er nemnt ovanfor.

Norskopplæring for framandspråklege

Kommunane Flå, Nes, Hemsedal og Gol samarbeider om norskopplæringa for framandspråklege frå 1. august 2007.

I samarbeidsavtalen mellom kommunane ligg det inn eit fast årleg beløp tilsvarande 2,3 stillingar. Kostnaden er fordelt med 70% etter folketal i kommunane, 30% av kostnaden blir

delt likt mellom kommunane. Gol kommune sin del er 426.000 kroner. Beløpa skal fylgje kostnadsutviklinga. Ein reknar med at statstilskotet 2008 vil kunne dekkje om lag 2,1 stilling.

Frå 01.09.05 er det ei ny finansieringsordning gjennom stykkprisfinansiering per person med ikkje øyremerka tilskot. I ein overgangsperiode vil det bli gitt statstilskot også etter gamal ordning med øyremerka tilskot knytt opp mot undervisningstimetal og deltakartimetale. Det er svært vanskeleg å forutsjå økonomien i den nye finansieringa, men større elevgrupper enn det ein har i dag, vil vera med på å tryggje økonomien. Elevar utan rett til opplæring betalar for opplæringa.

Det har tidlegare vore budsjettert med ein nettokostnad med framandspråkopplæringa for å kunne imøtekomma vanskar som måtte oppstå som fylgje av usikker statleg finansiering. Midlane har berre i ein viss grad vore naudsynt å nytte. For å få ei meir korrekt budsjetteringar er det ynskjeleg å leggje inn ei tilleggsøyving, ein buffer, knytt opp mot usikkerheita med statstilskotet. 300.000 kroner. Dette gir ein samla nettokostnad på inntil 726.000 kroner. Dette medfører ikkje auka rammer for vaksenopplæringa. Dei andre kommunane er oppmoda om å leggje inn tilsvarande bufferar.

Ved innføring av ny læreplan i framandspråk er det innført ein europeisk standard for å definere deltakarane sin kunnskap og læringsfart. Elevane blir delt inn i spor (læringsfarten):

- spor 1 (ingen skulebakgrunn)
- spor 2 (grunnskule/vidaregåande skule frå heimlandet) og
- spor 3 (høgare utdanning).

I tillegg skal elevane delast inn etter kunnskapsnivået i norsk (3 nivå).

Ideelt sett bør det difor vera ni grupper dersom alle elevane skal få undervisning på rett nivå og spor.

Sjølv om det er eit interkommunalt samarbeid, er det ikkje nok elevar til ei slik deling. Difor legg ein i undervisninga opp til to hovudgrupper:

- nybegynnarar (spor 1, 2 og 3) og
- vidaregåande (spor 1, 2 og 3).

Kvart nivå har avsluttande prøver.

Elevar får opplæring i samsvar med læreplanar, lover og forskrifter.

Innvandrarar som kom til Noreg etter 1. sept 2005, har rett og plikt til gratis norskopplæring i 300 timar (familiegjenforinte, gift med nordmenn eller flyktningar).

Elevar som ikkje har rett til gratis opplæring, betalar for dette.

Elevar frå EU- området har verken rett eller plikt til opplæring.

Arbeidsinnvandrarar har plikt til 300 timar norsk.

Desse gruppene må betale for opplæringa.

Introduksjonsprogram for flyktningar i Gol

Deltakarar i programmet blir løna etter 2 G (133.624 kroner). Dette er ført på eigen post i introduksjonsprogrammet. Dette er ikkje avgiftspliktig løn. Midlane til deltakarane si løn blir overført frå integreringstilskotet via Sosialavdelinga sitt budsjett til vaksenopplæringa sitt budsjett for introduksjonsprogrammet. Det er i budsjett 2008 sett av 1.609.000 kroner til slik løn. (Løn til åtte personar). Det er berre personar som det følgjer integreringstilskot med, som Gol kommune gir vedtak om deltaking i Introduksjonsprogrammet.

Grunnskuleopplæring for vaksne - Kompetansereformen

Grunnskuleopplæring og spesialundervisning etter opplæringslova er begge lovpålagte tiltak som blir finansiert over kommunen sine rammeløyvingar. Vaksne som treng grunnskuleopplæring, har rett til grunnskuleopplæring jf §4A2 i opplæringslova. Kommunen har etter same lova plikt til å gje slik grunnskuleopplæring. Undervisninga og undervisningsmateriellet skal vera gratis for deltakarane.

Utgiftene til opplæringa blir delt på kommunane etter deltakartal/timar frå den einskilde kommune.

For 2008 og åra framover er det lagt inn 1,2 stilling til grunnskuleopplæring. 0,2 stilling av dette er administrasjon. Dette er i samsvar med det som har lege inne til grunnskuleopplæring i budsjett tidlegare, - med unntak av våren 2007 då det ikkje var elevgrunnlag til slik opplæring.

Spesialundervisning.

Behovet for spesialundervisning etter enkeltvedtak, opplæringslova §4A2, er stabilt. Innafor den økonomiske ramma til vaksenopplæringa er det sett av 103.000 kroner for å betre tilbodet i afasibehandling (logopedi). Spesialundervisninga har ein samla ressurs på 1,73 stilling. Av dette er 0,2 stilling logoped og 0,2 stilling administrasjon.

2.3.6 OMSORGSAVDELINGA

Kommuneplanens hovudmål for omsorgstenestene 2001-2010:

Eldre over 68 år:

Omsorgstenester vil bli ytt gjennom heilskapleg integrerte tenester gjeven anten i den einskilde sin heim, i omsorgsbustad eller i institusjon.

Det er ikkje definert eigne mål for omsorgstenester til brukarar under 68 år, men det kan vera mogleg å utleie slike mål frå andre område under ”mål for utviklinga av tilbod til ulike aldersgrupper”.

Avdelinga sin visjon:

OMSORG FOR ALLE, TRYGG I GOL

(jf. K-sak 0050/04)

Avdelinga sine mål for 2008-2011:

Det skal satsast på leiar- og kvalitetsutvikling med fokus på verdiane;

- Brukardialog og kommunikasjon med brukarar
- Myndiggjorde medarbeidarar
- Tilretteleggjande leiing
- Heilskapeleg og tverrfagleg tenking

Avdelinga har så vidt starta arbeidet med ny visjon.

Ressurssenter for omstilling i kommunane, med utvikling av omsorgstenester som spesialområde (RO) skal støtte Omsorgsavdelinga i arbeidet med å gjennomgå drift, organisering og eventuelle nye tiltak knytta til det. Arbeidet er i gang.

Mål 2008-2011

Omsorgsavdelinga skal;

- Ha ein bærekraftig og robust struktur med tydeleg leiarskap.
- Vere ei visjonær, open og inkluderande eining med fleksibilitet og takhøgde.
- Arbeide lojalt og målretta mot visjon og mål.
- Yte tenester etter lov, forskrift og retningslinjer og etter heilskapleg og individuell vurdering innfor gitte rammer.
- Ha eit godt system for internkontroll.
- Auke bruken av lågterskel - og alternative tilbod i kommunen.
- Gjennomføre brukarundersøking i alle områda.
- Dokumentere i alle ledd i sakshandsaminga.
- Dokumentere den løpande tenesteytinga.
- Dokumentere løpande og rett i IPLOS.
- Utarbeide lokal norm for legetenester i sjukeheim.
- Ha fokus på brukarmedverknad.
- Ha fokus på ”Den kulturelle spaserstokken” og aktiv omsorg.

- Ha fokus på mat og måltidsituasjonen.
- Ha fokus på tannhelse.
- Auke samhandlinga med friviljuge, familie og lokalsamfunn.
- Handtere personopplysningar etter retningslinjer for informasjonssikkerheit og personvern.
- Utarbeide plan for omsorgstenestene;
 - Framtidig tenestebehov
 - Bustadbehov
 - Demensplan
 - Utviklingshemma
 - Alderspsykiatri
 - Habilitering og rehabilitering
 - Rekruttering
- Bidra til interkommunalt samarbeid.
- Ha fokus på heilskapeleg og tverrfagleg tenking.
- Følgje årshjulet for avdelinga.
- Utvikle eit internkontrollsystem innafør avdelingas verkeområde og opprette kvalitetsråd
- Bidra til at politikarane får naudsynt og korrekt informasjon om omsorgsavdelingas virke
- Motivere og bevisstgjere medarbeidarane til å bruke IKT verktøyet dagleg.
- Gjennomføre medarbeidarundersøking i alle områda.
- Ha fokus på respekt og medarbeidarmedverking.
- Ha fokus på opplæring og kompetanseheving.
- Ha fokus på livsfaseorientert personalpolitikk etter individuell vurdering.
- Ha fokus på å redusere talet på ufriviljuge deltidsstillingar.
- Betre kvaliteten på samhandlinga mellom leing og tillitsvalde og vernetenesta.
- Ha fokus på Friskliv.
- Følgje retningslinene i IA-avtala.

Tiltak 2008-2011

INVESTERING

- Sentralt brannvarslingsanlegg i dei bustadane i Helsetunvegen som ikkje har det i dag.
- Utbetring av personalfasilitetar i Helsetunvegen: kontorplassar, møterom, spiserom, garderobar, dusj etc., jf. Statusrapport frå Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO) – juli 2007.
- Fellesareal for brukarane i Helsetunvegen, jf. Statusrapport frå RO– juli 2007.
- Programvare internkontrollsystem, jf. Revisjon frå helsetilsynet i september 2006.
- Gradvis utskifting av nedslite inventar og utstyr (komfort og ergonomi).
- Ombygging Gol helsetun, område aust (underetasje og stue samt flytting av kontora frå stua). Mål: åtte korttidsplassar.
- Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet (auka kapasitet) gjennom flytting av vaskeritenester til bassengarealet.
- Påbygging Gol helsetun, område vest. Mål: 12 nye einerom, alternativt omsorgsbustadar.

- Barnebustad til avlastning.
- Oppgradering av Gol helsetun aust ODA.
- Oppgradering av Gol helsetun aust ADA.

DRIFT

- Ein større del av rammetilskotet knytta til innbyggjarar med omfattande bistandsbehov må prioriterast brukt til fordel for denne gruppa.
- Driftsmidlar til nye avlastningsbustader i Helsetunvegen (2006)
 - Bemanning i dei 2 nye bustadane i Helsetunvegen (frå 2006).
 - Husleige to avlastingsbustadar i Helsetunvegen.
 - Energiutgifter to avlastingsbustadar i Helsetunvegen (ikkje budsjettert tidlegare).
 - Auka kostnader på legemidlar; to avlastingsbustadar i Helsetunvegen.
 - Auka kostnader til mat; to avlastingsbustadar i Helsetunvegen.
- Følgjer av vedtak som etter klage er omgjorde hjå Fylkesmannen:
 - Miljøarbeidarteneste 1:1 brukar i Helsetunvegen med utagerande adferd
 - Miljøarbeidartenester 1:1 brukar som bur heime
 - To nye brukarar på arbeidssenteret med 1:1 kontakt – frå mai
 - Bemanning kommunal barneavlasting; førebels 1 årsverk
 - Utvida tilbod om BPA (borgarstyrt personleg assistanse), omsorgsløn, støttekontakt og privatavlastning. Jf. Omsorgsmeldinga.
 - Alternative arbeidstilbod; t.d. Inn på tunet – tiltak eller oppmuntringspengar jf. St.meld.nr. 25, Omsorgsmeldinga, Rundskriv Nr I-5/2007 Aktiv omsorg frå Helse- og omsorgsdepartementet og Rundskriv A-28/2007 frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet.
 - Utviding av SFO til og å gjelde ungdomsskulens elevar med spesielle behov. (Blir i dag definert som heimetenester og blir kosta av Omsorgsavdelinga).
- Bemanning tilpassa behovsdokumentasjon jf. revisjonen frå helsetilsynet i september-06 og Statusrapport frå RO (Ressurssenter for omstilling i kommunane) – juli 2007.
 - Heildøgns bemanning i Torstadvegen, tilpassa heildøgns pleie- og omsorg, jf. revisjonen frå helsetilsynet i september-06. Behov for kvilande nattvakt. 0,6 årsverk
 - Bemanning av institusjonen etter følgjande norm:
 - Bemanning av underetasje aust tilpassa 8 sjukeheimplassar (korttidsplassar) - 2,9 årsverk
 - Bemanning nye institusjonsplassar/omsorgsbustadar - 4,1 årsverk
 - Utvikling av dagsentertilbod til eldre som bur heime, og som treng sosiale aktivitetar - 1 årsverk aktivitetar.
 - Utvikling av transportløyisingar for dagsentertilbod.
- Midlar til tiltak mot sjukefråvær og utvikling av leiarskap blir ført tilbake til avdelinga.

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERING

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3431.2542 alt.GBKF	Sentralt brannvarslingsanlegg i dei bustadane i Helsetunvegen som ikkje har det i dag.	60	0	0	0
3431.2532	Utbetring av personalfasilitetar i Helsetunvegen; Kontorplassar, møterom, spiserom, garderober, dusj etc., jf. Statusrapport frå RO (ressurscenter for omstilling i kommunane) – juli 2007. Prosjektering 2008	50	2.000	0	0
3431.2542	Fellesareal for brukarane i Helsetunvegen, jf. Statusrapport frå RO (ressurscenter for omstilling i kommunane) – juli 2007. Prosjektering 2009	0	50	2.000	0
3400.1207	Programvare internkontrollsystem. Jf. Revisjon frå helsetilsynet i september 06.	100	0	0	0
3420.2532	Gradvis utskifting av nedslite inventar og utstyr (komfort og ergonomi).	75	50	50	50
3420.2532	Ombygging Gol helsetun, område aust (u-eg og stue, samt flytting av kontora frå stua). Mål: korttidsplassar.	2.365 2.275	0	0	0
3410.2533	Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet (auka kapasitet) inkl. flytting av vaskeri	798 2.804	0	0	0
3420.2532	Påbygging Gol helsetun, område vest. Mål: 12 einerom eller omsorgsbustadar	6.217	0	0	0
3400.2541	Inventar inngangsparti, kontor og møterom	150	0	0	0
3420.2532	Inventar ny stue	100	0	0	0
3420.2532	Inventar korttidsplassar	250	0	0	0
3410.2533	Kjøkkenmaskinar effektivisering	100	0	0	0
3420.2532	Inventar nybygg	500	0	0	0
3430.2542	Nøkkelpoksar for heimebuande	100	0	0	0
3431.2532	Bygge barnebustad for avlastning. Prosjektering 2008	50	2.500	0	0
3420.2532	Oppgradering av Gol helsetun aust ODA.	0	0	1.000	0
3420.2532	Oppgradering av Gol helsetun aust ADA.	0	0	0	1.000

Kommentarar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

3431.2651 alt. GBKF, Brannvarsling

Det har vore testa ut at brukarane i desse bustadane ikkje tar initiativ til å kome seg ut av bustaden når branndektoren blir utløyst. Det er difor viktig at brannvarslinga går til sentralen i Helsetunvegen slik den gjer i dei andre bustadane. Ikkje budsjettert på GBKF.

3431.2532 Fasilitetar i Helsetunvegen

Helsetunvegen PU -bustadar har særst dårlege eller ingen fasilitetar med tanke på pauserom (eit bøttekott), ingen personaldusj (dei må gå inn i heimen til brukarane og låne dusj ved behov), kontor i ein gang og ingen møterom. Dette gjer arbeidsdagen tungvinn og frustrerande, og det er heller ikkje i samsvar med Arbeidsmiljølova og auka krav om dokumentasjon og sikring av pasientopplysningar.

I prosjektet "Medarbeidarskap" er det laga eit forslag til utviding av bøttekottet utover og oppover som tek omsyn til behova.

3431.2542 Fellesareal for bebuarane i Helsetunvegen

Bebuarane har ingen plass dei kan samlast for måltide, aktivitetar mm. Dette gjer drifta lite effektiv i høve til ekstra måltid i helger og høgtider, kveldsaktivitetar mm.

3400.1207 Programvare internkontrollsystem

Avdelinga må byggje opp eit omfattande internkontrollsystem for å ivareta krav frå styresmaktene, jf. Revisjon frå Helsetilsynet 2006.

3420.2532 Inventar og utstyr

Grunna overbelegget er det hardbruk på alt inventar og utstyr. Det meste er reparert og/eller trekt om fleire gonger og er ikkje ergonomisk vurdert for dei tilsette. Det er m.a. ynskjeleg med utskifting av fleire senger og madrassar og betre lys til pasientar og personale på pasientromma (aust).

Ombygging Gol Helsetun / påbygg Gol helsetun

Gol Helsetun har eit jamt overbelegg på 25 %. Einerom blir brukte som dobbeltrom, og stue og korridor er tekne i bruk for pasientar.

Underetasje aust er i ei kommunestyresak for lenge sidan omgjort til fem omsorgsbustader. Vedtaket er aldri sett i verk av Omsorgsavdelinga grunna pasientbelegg på alle ti romma.

Det føreligg utgreiing (teikningar og kostnadsoverslag) for ombygging og påbygg.

I fyrste omgang bør underetasje aust rustast opp slik at den kan brukast til til dømes åtte korttidsplassar. Avdelinga er ikkje eigna til sjukeheimsplassar grunna smale dører, felles bad for to rom, ingen servicerom (skyllerom, anretning osv.) og ingen fellesrom.

Ved korttidsplassar er det ikkje krav om eige bad, men det er naudsynt med ein for vertikal flytting til stue/spiserom i 1.etasje.

Fordi arealet i underetasjen ikkje er stort nok til å ivareta fellesrom, må hovudstua aust (1.etasje) gjerast større ved å flytte kontora i stua ned til den gamle fysioterapiavdelinga i underetasjen. Ny hovudinngang vil og ligge her.

Det er naudsynt med garderober, dusj og toalett for tilsette før ein tenkjer fleire tilsette i tenesta.

Det er vidare tenkt ei lita utviding av kjøkkenet for mellom anna å få plass til maskiner som kan auke kapasiteten.

3430.2542 Nøkkelboksar

Heimetenesta handterer i dag nøklar til om lag 100 heimar. Slike nøklar bør ikkje namnast, og det blir brukt mykje tid på å finne rett nøkkel til rett heim. Dersom ein får ein alarm, må ein reise til Gol Helsetun for å finne nøkkel til den aktuelle bustaden. Det er heller ikkje uvanleg at ein treng fleire nøklar til same heim. Problemet kan løysast ved å montere nøkkelboksar, godkjende i forhold til brann, forsikring, utafør på veggen i kvar bustad. Brukarens nøkkel vil då vere i boksen, mens heimetenesta har nøkkel til boksen (same nøkkel til alle boksane).

Kommunar som har teke i bruk systemet (m.a. Hemsedal), meiner det er svært ressursparande. Ein boks kostar om lag 1.000 kroner.

3431.2532 Kommunal barneavlastningsbustad

Avdelinga har fått pålegg frå Fylkesmannen om å innvilge søknad om barneavlastning. Ein slik bustad bør byggjast i Gol kommune. Det er fleire familiar som har behov for og krav på eit slikt tilbod om eit par år.

Bemanning må tilpassast bruk av bustaden.

3431 Bustadar til psykisk utviklingshemma

Om ein prioriterar dei resterande trygdebustadane i Helsetunvegen (tre stk) til personar med utviklingshemming i framtida, vil ein truleg ikkje ha behov for å byggje nye bustadar dei neste fire åra.

DRIFT

Budsjettkap.	Vidareføring av tiltak – Økplan 2006-2009	2008	2009	2010	2011
3400.2531	Sak 0002/04, tiltak sjukefråvær	50	50		
3400.2531	Sak 0050/04, utvikling leiarskap	20	20		

Budsjettkap.	Nye tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3431.2542 og 2341	Nye årsverk i tenester til utviklingshemma	4.250	4.250	4.250	4.250
3431.2532	Husleige to avlastingsbustadar i Helsetunvegen (ikkje budsjettert tidlegare).	70	70	70	70
3431.2532	Energiutgifter to avlastingsbustadar i Helsetunvegen (ikkje budsjettert tidlegare).	30	30	30	30
3431.2532	Auka kostnader på legemidlar; to avlastingsbustadar i Helsetunvegen.	20	20	20	20
3431.2532	Auka kostnader til mat; to avlastingsbustadar i Helsetunvegen.	30	30	30	30
3400	Administrativ leing	0	0	0	0
3410.2533	Driftsauke kjøkken, 1 årsverk	425	425	425	425
3410.2532	Skyssgodtgjering Frivillige	16	16	16	16
3411	Utvida tilbod om; (Jf. Omsorgsmeldinga)	200	250	300	300
2543	BPA (borgarstyrt personleg assistanse),				
2542	omsorgsløn,				
2342	støttekontakt og				
2542	privatavlastning.				
3411.2341	Utvikling av alternative arbeidstilbod; Inn på tunet – tiltak (sjå Næringsavdelingas tiltak). Jf. Omsorgsmeldinga.	200	200	200	200
3412.2532	Natteneste 0,6 årsverk Torstadvegen 1,8 årsverk nye plassar	255	1.029	1.020	1.020
3413	Sjukepleiarpool	0	0	0	0
3420	Institusjonstenester overbelegg				
2341	• Aktivitør / vert 1 årsverk	400	400	400	400
2532	• Direkte brukarretta oppgåver 3,5 årsverk	1.500	1.500	1.500	1.500
3420	Årsverk overbelegg/nye plassar				
2532	• Direkte brukarretta oppgåver 2,6 årsverk	0	1.500	1.500	1.500
3420.2341	Utvikling av dagsentertilbod til eldre som bur heime og treng sosiale aktivitetar. Jf. Omsorgsmeldinga	0	0	600	600
3420.2341.11702	Transport til/frå dagopphald. Underbudsjettert	150	150	150	150
3431.2341.11702	Transport til/frå arbeidssenteret	100	100	100	100

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Generelt

Svakheita i budsjettet per i dag er at det i hovudsak baserer seg på historiske data og ikkje i tilstrekkelig grad byggjer på reell situasjonsanalyse og behovsdokumentasjon (KOSTRA og IPLOS-data), jf. RO-rapport 2007.

Tenester til utviklingshemma

I rammetilskotet til Gol kommune, kriteriedata kolonne 10 og 11, ligg tilskot per innbyggjar med utviklingshemming respektive 0-16 år og eldre enn 16 år. I 2007 er tala respektive 107.000 kroner og 505.000 kroner per person. Tala for 2008 er enda ikkje kjent fordi ein då må vite utgifts-utjamningsbehovet (UB) som først kjem i statsbudsjettet i oktober 07, og fordi ein har fleire registrerte utviklingshemma i 2008 enn i 2007.

Omsorgsavdelinga har i 2007 sju innbyggjarar 0-16 år og 25 innbyggjarar over 16 år med diagnose utviklingshemming. Fleire barn er under utgreiing. I tillegg har avdelinga 12 brukarar som ikkje er diagnostiserte, og difor ikkje kjem inn under dette inntektssystemet.

I rammetilskotet til Gol kommune ligg det difor inne 7×107.000 kroner = 749.000 kroner og 25×505.000 kroner = 12.625.000 kroner, - til saman 13,4 mill kroner.

I tillegg kjem tilskott til ressurskrevjande brukarar som avdelinga søker særskild for.

I 2007 utgjer dette tilskotet 5,5 mill kroner. I 2008 er det budsjettert med eit tilskot for ressurskrevjande brukarar på 4.347.000 kroner (basert på førre års budsjett + løns- og prisauke).

Som følgje av vedtak som er omgjorde hjå Fylkesmannen etter klage på omfanget av tenester, har Fylkesmannen omgjord vedtaka, og omsorgsavdelinga må yte tenestene. Dette dreiar seg om bemanning i dei to nye bustadane som vart ferdigstilte i Helsetunvegen i 2006, ny brukar som har flytta inn i ein av dei tidlegare avlastingsbustadane, ny brukar i ein av trygdebustadane, aukande kommunal avlasting og behov for kommunal barneavlasting.

Frå 2008 får omsorgsavdelinga også ansvar for dagtilbod til to brukarar som treng 1:1 støtte.

Bemanning tilpassa behovsdokumentasjon

- jf. revisjonen frå helsetilsynet i september-06 og Statusrapport frå RO (ressurscenter for omstilling i kommunane) – juli 2007.

Gol helsetun har 36 plassar, men er belagt med jamt 50 bebuarar. Avdelingane og servicefunksjonar er overbelasta både i forhold til rasjonell drift, inventar og personell.

- Heildøgns bemanning i Torstadvegen, tilpassa heildøgns pleie- og omsorg, jf. revisjonen frå helsetilsynet i september-06. Behov for kvilande nattvakt. 0,6 årsverk
- Bemanning av institusjonen etter følgjande norm:
- Bemanning av underetasje aust tilpassa 8 sjukeheimplassar (korttidspl.) - 2,9 årsverk
- Bemanning nye institusjonsplassar/omsorgsbustadar - 4,1 årsverk
- Utvikling av dagsentertilbod til eldre som bur heime, og som treng sosiale aktivitetar - 1 årsverk aktivitør.
- Utvikling av transportløyisingar for dagsentertilbod.

Det bør takast stilling til kor mange brukarar den einskilde tilsette på vakt skal ha ansvar for på Gol Helsetun. Avdelingas forslag:

Dagtid:	4 brukarar per tilsett	dvs	$50 \text{ brukarar}/4 =$ $*7,5t*7\text{dager}/35,5t =$	12,5 tilsette på dag <u>18,5 årsverk</u>
Kveldstid:	6 brukarar per tilsett	dvs	$50 \text{ brukarar}/6 =$ $*7,5t*7\text{dager}/35,5t =$	8,3 tilsette på kveld <u>12,3 årsverk</u>
Natt:	20 brukarar per tilsett	dvs	$50 \text{ brukarar}+8 \text{ (oms Breidokk)}/20=$ $*9t*7\text{d}/35,5t =$	2,9 tilsette på natt <u>6,6 årsverk</u>

Dette betyr at institusjonen bør ha 37,4 årsverk i pleiestillingar.

Tiltak mot sjukefråvær og utvikling av leiarskap

Midlar avsett i økonomiplan 2004-2008 til tiltak mot sjukefråvær og utvikling av leiarskap vart tekne ut av budsjettet i 2006 og må bli ført tilbake til avdelinga fordi dette er ein del av strategien for å redusere sjukefråværet

Vedrørande Helsetilsynets revisjon 2006

Helsetilsynet i Buskerud hadde revisjon av delar av heimesjukepleia i september 2006. Det vart funnen to avvik og tre merknadar. Avdelinga treng auka ressursar for å kunne iverksetja tiltak slik at avvika kan lukkast.

Avvik:

- Bemanninga ved nokre av omsorgsbustadane er ikkje forsvarleg til ei kvar tid. (Bustadane som er tilrettelagde for heildøgnspleie og -omsorg).
- Pasientjournalane beskriv ikkje kva individuelle bistandsbehov som føreligger hos den einskilde pasient.

Merknadar:

- Alle merknadane gjeld betring av eit ufullstendig internkontrollsystem.

Hovudmålet vil difor vere å betre forholdet mellom behov for tenester og tilgjengelege ressursar slik at avdelinga kan kome i posisjon til å gjere meir enn å berre dekke dei basale behova som mat og naudsynt stell.

Avdelinga er samstemd i at driftsmidlar til fleire årsverk må kome før eller saman med utbygging av fleire plassar for å redusere belastninga med overbelegg for personalet og unngå at dei nye plassane blir ståande ubrukne grunna mangel på tilsette.

Kommentarar til postane:

3431.2542 og 2341 Årsverk i tenester til utviklingshemma.

Avdelinga er ikkje driftsmessig dimensjonert for dei oppgåvene som skal gjerast. Tenestene blir smurde tynt utover, men Fylkesmannen overprøver omfanget av tenestene og omgjer vedtak. Gol kommune blir tilført midlar i rammetilskotet til innbyggjarar med utviklingshemming.

3431 2532 Faste utgifter avlastingsbustadar

Etter organisering med GBKF har avdelinga ikkje fått tilført midlar til faste utgifter i avlastingsbustadane. All avlasting skal være gratis.

3410.2533 Kjøkken

Grunna auka matproduksjon (overbelegget på Gol Helsetun og aukande matombringning) treng kjøkkenet tilført midlar for å halde produksjonen på nåverande nivå.

3411 Utvida tilbod om:

- BPA (borgarstyrt personleg assistanse)
- omsorgsløn
- støttekontakt
- privatavlasting

Dette er kostnadseffektive løysingar som erstattar det vanlege tenesteapparatet og tek omsyn til valfridom for den einskilde brukaren (Jf. Omsorgsmeldinga og diverse rundskriv).

3411.2731 Inn på tunet – grøen omsorg

Landbruket har naturlege føresetnader for å auke livskvaliteten for mange menneske. ”Grøen omsorg” er eit samleomgrep for tilrettelagde tilbod frå gardbrukarar som ynskjer å nytte gardsbruket sitt i aktivt arbeid for barn, unge og vaksne med særskilte behov.

I handlingsplanen for landbruk er ”Grøen Omsorg” nemnt som eitt av fleire aktuelle tilleggsnærings tiltak i landbruket. Her er fleire aktuelle tilbydarar av ulike ”Inn på tunet”-tiltak i kommunen, men ingen av avdelingane har fått avsett midlar til kjøp av slike tenester. Det bør derfor setjast av inntil 200.000 kroner til kjøp av slike tenester slik at ein kan skaffe seg erfaringar med om tilbodet er bra for brukarane.

Omsorgsavdelinga har allereie teke i bruk tenestene for nokre brukarar, men ynskjer dette prioritert i budsjettsamanheng.

3412.2532 Natteneste

Torstadvegen, jf. Helsetilsynets revisjon.

Årsbudsjett 2008

Generelt

Det er gjort vesentlege endringar i oppbygginga av budsjettet. Målet har vore å få eit budsjett som er meir oversiktleg og enklare når det gjeld KOSTRA-rapportering.

Det er gjort namneendringar på ansvarsområda slik at det no ser slik ut:

3400	Avdelingsleiing omsorg
1201	Administrativ leiing
1208	Kompetanseutvikling
3410	Kjøkken
1204	Fellestiltak tilsette
2531	Administrasjon og leiing
2533	Servicefunksjonar
2542	Heimetenester
3411	Konsulent for funksjonshemma
1201	Administrativ leiing
2341	Aktivisering (for eksempel Inn på tunet)
2342	Støttekontakt
2542	Heimetenester (Omsorgsløn, privatavlastning)
2543	Personleg assistent
2731	Kommunale sysselsettingstiltak (VINN)
3412	Natteneste
2532	Direkte brukarretta oppgåver (løn)
3413	Sjukepleiarpool

- 2532 Direkte brukarretta oppgåver (løn)

- 3420 Institusjonstenester
 - 2341 Aktivisering (løn aktivitører)
 - 2411 Legetenester
 - 2531 Administrasjon og leiing (løn)
 - 2532 Direkte brukarretta oppgåver (løn, inventar, utstyr)

- 3430 Kjernetenester heimebuande
 - 2342 Transport
 - 2541 Administrasjon og leiing (løn)
 - 2542 Heimetenester (lønn)
 - 2544 Tryggleiksalarm

- 3431 Tenester til utviklingshemma
 - 2341 Aktivisering (arbeidssenteret; løn + utstyr)
 - 2342 Transport
 - 2532 Direkte brukarretta oppgåver (drift utan løn avlastningsbustader)
 - 2541 Administrasjon og leiing
 - 2542 Heimetenester (løn)

2.3.7 SOSIALAVDELINGA

Mål og tiltak 2008-2011

Sosialavdelinga sine mål for 2008- 2011:

- Prioritere praktisk oppfølging, kartlegging og utgreiing av langtids sosialhjelpsmottakarar. Dette er viktig for å få avklara moglegheiter for arbeid og aktivitet samt eventuell rett til trygdeytningar.
- Etablere NAV Gol i 2. kvartal 2008
- Arbeide for at NAV Gol får ein struktur og kultur som gjer at brukarane opplever at dei får gode tenester
- Bidra til at Rusmiddelpolitisk handlingsplan blir eit arbeidsverktøy for alt rusførebyggande arbeid i Gol kommune
- Etablere og utvikle 100 % stilling som ruskonsulent / tiltakskonsulent i samarbeid med Helseavdelinga og Omsorgsavdelinga

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERING – Sosialavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3300242112000	Inventar, møbler ved etablering av NAV	100			

Kommentarar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2008 – 2011:

NAV på Gol og i resten av Hallingdal vil bli etablert i 2. kvartal 2008. Praktisk sett vil dette innebere ombygging av lokal i kommunehuset på Gol. Totalt sett for NAV Hallingdal og NAV Gol bør det vere plass til inntil 18 arbeidsplassar. Utgiftsfordelinga mellom stat og kommune er ikkje klarlagt. Det er difor viktig at det blir sett av 100.000 kroner i 2008 til innkjøp av utstyr og inventar i samanheng med etableringa.

DRIFT – Sosialavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar - sosialtenesta	2008	2009	2010	2011
33402421	Tiltak i Rusmiddelpolitisk handlingsplan	100	100	100	100
3300242110100	10 %, rest av 100 % stilling som tiltakskonsulent	40	40	40	40
3300242110100	Vidareføring av 25 % merkantil stilling, sosialtenesta	88	88	88	88

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

1. Tiltak i Rusmiddelpolitisk handlingsplan

I slutten av 2007 eller i januar 2008 vil ny Rusmiddelpolitisk handlingsplan bli lagt fram til politisk handsaming. Gol kommune har som ein av 10 kommunar inngått eit forpliktande samarbeid med Borgestad kompetansesenter når det gjeld arbeidet med planen. Borgestad kompetansesenter er ressurscenter i Helse-Sør i rusarbeid. Borgestad yter eit økonomisk tilskot på om lag 50.000 kroner samt at dei gjev faglege innspel til arbeidet.

For dette arbeidet er det etablert ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa har førebels ikkje konkludert med kva for konkrete tiltak som kan bli foreslått. Eksempel på tiltak som kan vere aktuelle, er:

- rusfri samlingsstad for ungdom under 21 år,
- felles stillingar som utekontakt i Hallingdal med fokus på dei vidaregåande skulane,
- endring av skjenketider,
- utvikling av samarbeid mellom kommunane i Hallingdal,
- utvikling av samarbeid mellom kommunen og psykiatrisk poliklinikk ved Hallingdal sjukestugu.

For at tiltaka som blir endeleg vedtatt, kan gjennomførast, er det viktig at det blir sett av pengar på budsjettet. Viss ikkje, er det stor fare for at planen blir ein plan med mange fine forslag og store vyer som ikkje kan setjast i verk fordi det ikkje er sett av midlar til gjennomføring.

2. 10 % rest av 100 % stilling som ruskonsulent / tiltakskonsulent.

Frå 2008 er det lagt opp til reduksjon i utbetalingar av økonomisk sosialhjelp med 500.000 kroner. Dette føreset at sosialtenesta har stabil bemanning, og at ein har tilstrekkelege ressursar til oppfølging. Med oppfølging tenkjer ein først og fremst på at ein del brukarar har behov for praktisk bistand for å møte til avtaler for medisinsk vurdering og utgreiing samt kartlegging av arbeidsevne. Dette arbeidet er av stor verdi for å få avklara om det er realistisk med arbeid og aktivitet, og/eller om det bør setjast fram krav om trygdeytningar. Målsetjinga frå sosialtenesta må til ei kvar tid vere at økonomisk sosialhjelp skal vere ei midlertidig yting.

Frå og med 2008 er det for Helseavdelinga lagt inn 50 % stilling som ruskonsulent, - finansiert av psykiatrimidlar. Sosialtenesta har ein 40 % vakanse som sosialkonsulent. Sosialtenesta vil samle desse ressursane i ei stilling. Sosialtenesta meiner det er viktig at ein kan lyse ut ei stilling på til saman 100 %. Dette føreset at det blir tilført ein ressurs tilsvarende 10 % stilling. Dette vil gjere det enklare å få kvalifiserte søkjarar dersom ein kan lyse ut ei 100 % stilling i staden for ei 90 % stilling.

Til saman har sosialtenesta, psykisk helsevern og Omsorgsavdelinga 10 – 15 brukarar der rusmisbruk er ein betydeleg del av problematikken. Ein del av desse har svært dårleg buevne, og dei har behov for omfattande praktisk bistand for å kunne bu på ein tilfredsstillande måte. Styresmaktene har, mellom anna gjennom tilsyn frå Fylkesmannen, påpeika kor viktig det er at arbeidet som Sosialavdelinga, Omsorgsavdelinga og Helseavdelinga gjer for rusmisbrukarar, er godt koordinert. Dette gjeld også i stor grad for dei som har samtidige rusproblem og psykiske problem. Ei 100 % stilling som ruskonsulent / tiltakskonsulent vil vere eit viktig bidrag for å få til betre koordinering av arbeidet med desse brukargruppene.

Flyktningkonsulenten vil frå 2008 halde fram med å bruke om lag 20 % av stillinga si til oppgåver knytta til Introduksjonsprogrammet. Dette gjer at sosialtenesta får tilsvarende mindre ressurs til løysing av sine oppgåver.

3. 25 % merkantil stilling.

Det vart for 2007 budsjettert med ei 50 % merkantil stilling for sosialtenesta og barneverntenesta. Sosialtenesta har i 2007, på bakgrunn av tilsyn frå Fylkesmannen i november 2006, brukt mykje ressursar på å utarbeide rutinar for sakshandsaming og internkontroll. Dette arbeidet vil halde fram i 2008. Det er viktig at ein har noko merkantile ressursar til dette

arbeidet, slik at det ikkje går utover meir klientretta arbeid. Utover i planperioden vil det vere viktig å ha ein slik merkantil ressurs for å kvalitetssikre og halde ved like rutinane og internkontrollen. Utanom denne stillinga vil sosialtenesta berre ha 10 % merkantil stilling. Ei slik stilling vil og vere viktig for arkivfunksjonar og førebuing av politiske saker.

2.3.8 BARNEVERNET

Målsetjing og tiltak for barneverntenesta:

- Prioritere tidleg hjelp til barn, unge og deira familiar.
- Framleis sikre eit godt tverretatleg samarbeid mellom barneverntenesta og andre avdelingar/etatar.
- Informere om kva barneverntenesta er, og kva ein kan vente seg av barneverntenesta.
- Etablere felles barnevernteneste for Hemsedal, Gol, Nes og Flå i løpet av 2008/2009.
- Etablere ei barnevernsvakt for heile Hallingdal i 2007/2008.

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERING - Barnevernet sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar - barnevernet	2008	2009	2010	2011
3350242112000	Inventar, møbler ved etbl. felles barnevern i Hallingdal	100			
3350 2421 12000	Oppretting av dataløysningar vedrørende barnevernsvakt	30			

Kommentarar til investeringar i økonomiplanperioden 2008-2011:

Mest sannsynleg går det mot ei etablering av felles barnevernteneste for nedre Hallingdal. Denne tenesta blir truleg lagt til Gol som geografisk ligg mellom dei aktuelle kommunane. Då er det behov for eit kontorfellesskap med plass for 13 personar. Vidare er det behov for ei felles løysning når det gjeld fagsystem. I dag brukar barneverntenesta to ulike fagprogram. Gol har Visma Unique som leverandør av fagsystem medan dei tre andre kommunane nyttar Acos.

Når det gjeld barnevernsvakt, er det naudsynt med ei felles dataløysning for kvalitetsmessig og forsvarleg registrering av sakene det blir arbeidd med.

DRIFT – Barnevernet sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
	Lønsmidlar for prosjektstilling - felles barnevern	80			
	Lønsmidlar for å ha vakt i barnevernsvakta	100	100	100	100
	Vidareføring av 25% merkantilstilling (nyopprett i 2007) og 10% av eksisterende merkantil stilling.	88	88	88	88

Kommentarar til drift i økonomiplanperioden 2008-2011:

Lønsmidlar for barnevernsvakta må takast med i framtidig budsjett. Vidare ser barneverntenesta at det er viktig med merkantile ressursar til arbeid med timerlister, løn, arkivering og delar av arbeidet med intern kontrollen.

2.3.9 HELSEAVDELINGA

Kommuneplanens hovudmål for helsetenestene 2008-2011:

Fellesmål for alle aldersgruppene.

Helsetilbudet skal oppretthaldast eller helst betrast i omfang og nivå i høve til dei tenestene som vert ytt i dag.

Det skal spesielt leggast vekt på førebyggjande arbeid.

Alle som treng det, skal ha tilbod om legebehandling, fysioterapiteneste eller hjelp ved psykiatriske lidningar.

Kommunen skal etablere eit velfungerande psykisk helsevern i samsvar med Handlingsplan for styrking av tilbodet til menneske med psykiske lidningar.

Personar som får funksjonshemmingar skal gjevast tilbod om rehabilitering, hjelp og rettleiing frå alle tilgjengelege faggrupper. Det er eit mål å etablere ei ergoterapiteneste i kommunen.

Alle innbyggjarane skal ha fast lege, anten legen er kommunalt tilsett eller i privat praksis.

Helsestasjonen

Barn 0-5 år

- Førebyggjande helseteneste skal ytast ved helsestasjonsteneste med lege og helsesøster.

Barn 6- 15 år

- Alle barn i kvart klasstrinn skal få helseteneste i samsvar med "Plan for skolehelsetenesta i Gol kommune", så som undersøkingar av motorikk, kropp, og vaksinasjonar, samt informasjon av fysioterapeut, helsesøster og lege.

Ungdom 16-19 år

- Helsetenesta for ungdom i vidaregåande skole og under opplegg av Oppfølgingstenesta skal få tilbod gjennom opne konsultasjonar, oppfølgingsarbeid og kontakt i enkeltsaker.

Jordmortenesta

- Kommunen vil tilby svangerskapsomsorg til alle sine gravide
- Foreldereveiledning til alle vordene foreldre
- Kontinuerleg vaktteneste i interkommunalt samarbeide til alle fødande, fastbuande og turistar.

Psykisk helsevern

- Kommunen skal etablere eit velfungerande psykisk helsevern i samsvar med Handlingsplan for styrking av tilbodet til menneske med psykiske lidningar.
- Personar som får funksjonshemmingar skal gjevast tilbod om rehabilitering, hjelp og rettleiing frå alle tilgjengelege faggrupper.

Mål 2008-2011

Mål for Helseavdelinga:

Utarbeide Folkehelseplan med strategiar i fellesskap med dei andre Hallingdalskommunane.

Mål for helsestasjonen og skulehelsetenesta:

Felles for alle aldersgrupper

- Auke bemanning med 50 % stilling til 100 % psykiatrisk sjukepleier
- Vidareutvikle samarbeid med forskjellige instansar. Både kommunalt og interkommunalt.
- Oppdatering dataverktøy.
- Bruke meir tid til planarbeid, både til å skrive og revidere.

Smittevern.

- Styrke reisevaksinerings, eller arbeide for felles vaksinasjonskontor i Hallingdal i interkommunalt samarbeid.

Barn 0-5år

- Det helsefremmande og førebyggjande arbeidet omfattar helseopplysning, veiledning, helseundersøking, vaksiner og oppfølging av sped- og småbarn med spesielle behov og oppfølging som står beskrevet i veileder for helsestasjonen.

Barn 6- 15 år

- Alle barn i kvart klassetrinn skal få helseteneste i samsvar med "Plan for skulehelsetenesta i Gol kommune".
- Revisjon av planar og prosedyrar.

Ungdom 16-19 år

- Skulehelsetenesta skal utøve planmessig helsefremmande og førebyggjande arbeid retta mot elevar, til og med vidaregåande skole.
- Styrke tilbodet ivaretaking av ungdom og psykisk helse

Mål for Helsestasjon for ungdom:

- Lågterskeltilbod til all ungdom i aldersgruppa 16-20 år; skuleungdom, ungdom i arbeid, fastbuande ungdom og ungdom på hybel
- Få helsesøstre inn i arbeidet med HfU frå hausten 2007
- Samarbeide med skulehelsetenesta om førebyggjande arbeide når det gjeld kjønnslemlesting
- Kompetanseheving av helsesøstre/jordmor innan HfU sitt arbeidsfelt.
- Tilbod for 20 – 24 åringar.

Mål for jordmortenesta:

- Styrking av vakttenesta frå 3-delt vakt til 4-delt vakt i samarbeid med andre samarbeidskommunar.
- Revurdering av følgjetenesta
- Det eksisterar stillingsheimel på 20 % meir jordmor. Målet er å få den budsjettet. Styrke vaktordninga.
- Fornyng av CTG apparat til overvakning av barn intrauterint.
- Revurdering av Svangerskaps/ foreldreveiledningskurs, temakveld, fedregrupper. Målet er å styrke småbarnsfamiliane.
- Arbeide med kvalitetssikring av svangerskapsomsorgen og vakttenesta.
- Samarbeide med NAV om tilrettelegging av arbeide for gravide
- Styrke og vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan jordmortenesta i Hallingdal og samarbeid med Ringerike sykehus

Mål for Friskliv-prosjektet:

- Friskliv blir fast tiltak i 2008

- Bygge vidare på god start med partnerskap i fylkeskommunen og friviljuge organisasjonar
- Konseptet er overførbart til andre bedrifter i kommunen
- Vidareutvikling av helsefremmande arbeidsplassar og seniortiltak.
- Oppretthalde eit lågterskel tilbod for fysisk aktivitet, Frisklivsresept
- Sterkare tverretatleg samarbeid med barnehage, skoler, vaksenopplæringa, fysioterapitenesta, sosialkontoret og helsestasjon
- Nærare samarbeid med NAV, Fretex, Vinn og HaVa BHT
- Behov for å kartlegge situasjonen i kommunen, sjå www.kommunehelseprofilportalen.no, og www.shdir.no
- Få med vidaregåande skule i Friskliv
- Fokus på "Helse i plan" i alt planarbeid i kommunen
- Samarbeide med areal- og samfunnsplanlegger

Mål for fysio- og ergoterapitenesta :

- Fysio- og ergoterapitenesta skal vera ei god, synleg og lett tilgjengeleg teneste for alle innbyggjarar som treng slike tenester
- Sikre fysioterapi- og ergoterapitenester til alle aldersgrupper i befolkninga i samsvar med Kommunehelselova og med vedtekne planar i kommunen. (Kommuneplan, Plan for skulehelsetenesta, Plan for rehabilitering)
- Vidareutvikle fysioterapi- og ergoterapitilbodet i førebygging, behandling og rehabilitering i kommunen
- Bevare og vidareutvikle fagleg breidde og kvalitet i fysioterapi- og ergoterapitilbodet.
- Auka fysioterapideltaking i Friskliv
- Utvikle tilbod om trening i grupper, spesielt med tanke på sekundærførebyggjande tiltak for personar med kroniske sjukdommar, t.d. osteoporose, og hjerte- og lungesjukdom.
- Arbeide med å utvikle prosjektorienterte tiltak i førebyggjande helsearbeid; t.d. fall-førebyggjande tiltak for eldre
- Arbeide vidare med kvalitetssikring av tenesta og gode rutinar for samarbeid internt i tenesta og i tverrfagleg samarbeid
- Fysioterapitenesta skal halde fram med organisering av tilbod om bading i varmtvatnbassenget på Elverhøy, Nesbyen

Mål for miljøretta helsevern:

- Føreta jamlege tilsyn av aktuelle verksemdar
- Føreta nytt tilsyn med skuler og barnehagar i Hallingdal
- Framleis arbeide med førebyggjande helse som støyforureining, tryggleik, radon, legionella, inneklima og uttale til plansaker og utsleppsløyve, med vidare
- Føreta nytt tilsyn med solarieverksemdar i Hallingdal
- Føreta inspeksjon av dagmammaheimar
- Føreta nytt tilsyn med offentlege boblebad i Hallingdal
- Ha fokus på "ungdom og støy"

Mål for legekantoret:

- Auke stilling i resepsjonen med 50 %
- Auke ledig legestilling frå 60 til 100 %
- Fagleg oppdatering for å sikre forsvarleg teneste
- Alle legane vidareutdanna til spesialistar i allmenntmedisin
- Sørgje for at legekantoret har nødvendig utstyr, rutinar, kompetanse og kvalitetssikring

- Oppkopling til Helsenett
- Oppkopling til det nye NØDNETTET
- Kort ventetid på legetime
- Fokusere på førebyggjande helsearbeid
- Legevakt til stades natt på Hallingdal sjukestugu, interkommunalt samarbeid
- Vidareutvikle samarbeid med aktuelle instansar
- Sikre legetenesta til alle aldersgrupper i kommunen i samsvar med Kommnehelselova og med vedtekne planer i kommunen
- Vidareutvikle legetilbodet i behandling og rehabilitering
- Styrking av samfunnsmedisinske kompetanse kommunalt eller interkommunalt
- Styrking av tilsynslegearbeidet ved sjukeheimen
- Få betre tilkomst til legekantoret frå Gamlevegen for tilreisande som er ukjende i bygda og som ikkje finn fram på grunn av Lysebo-bygningen og uoversiktleg innkøyring

Mål for legevakta:

- Legevakt til stades natt på Hallingdal sjukestugu
- Stabil legedekning
- Gode arbeidsforhold som gir trygge arbeidstilhøve
- Medhjelpar til stades
- Skriftleg avtale mellom Gol og Hemsedal

Mål for psykisk helsevern:

- Gol kommune skal gi sine innbyggjarar med psykiske lidningar eit nødvendig, tilpassa og koordinert tenestetilbod.
- Samt bidra til å spreie kunnskap og jobbe førebyggjande for å minske omfanget av psykiske problem.
- Målet for tenestetilbodet til menneske med psykiske lidningar er å fremje evna til å meistre eige liv gjennom personleg vekst og mest mogleg sjølvstendig tilvere.
- Alt arbeid skal leggje vekt på å førebyggje utvikling av psykiske lidningar.
- Tenestene skal ha tilfredstillande kvalitet og må planleggjast i samråd med den enkelte sjølv og familien.
- Bidra til at alle menneske med psykiske lidningar har tilfredstillande bustadsituasjon som er tilpassa deira behov.
- At målgruppa opplever å få nødvendig, tilpassa bistand og hjelp slik at dei meistrar tilveret.
- Bidra til at menneske med psykiske problem i størst muleg grad får utnytta sine ressursar i forhold til arbeid, aktivitet, utdanning / skole og sosial kompetanse.
- At brukaranes innsikt, kunnskapar og erfaringar blir brukt konstruktivt i planlegging, drift og evaluering av tenestene på individ og systemnivå.
- Bidra i utgreiing, planlegging og behandling av menneske med kombinasjon psykiske problem og rusproblem.
- Bidra til at det blir oppretta ” Grøn omsorg ” / Inn på tunet i Gol.
- Det psykiske helsearbeidet i kommunen skal i størst muleg grad tilby kunnskapsbaserte tenester av høg fagleg kvalitet. Tenesta skal være i samsvar med lover og forskrifter.

Tiltak 2008-2011

FYSIOTERAPI

DRIFT

- Auka fysioterapiteneste 2008
 - 50 % auka fysioterapeut-stilling til rehabilitering/habilitering
 - 20 % auka fastlønstilskot til fysioterapi
- Auka ressurs til rehabilitering og hjelpemiddelformidling 2010
 - 50 % auka ergoterapeut

LEGEKONTOR

INVESTERING

- Framkallermaskin må bytast når det blir øydelagt.
- Oppkopling til det nye NØDNETTET

DRIFT

- To medarbeidarar i resepsjonen kvar dag for å betene telefon og besøk i luka.
- Fagleg oppdatering er nødvendig for alle tilsette.
- Fokusere på helsefremjande tiltak som aktivitet, kosthald og røyk i konsultasjonane.
- Ny brukarundersøking om tenestene når det er nok betjening i resepsjonen.
- Setje av tid for samarbeide med interkommunale og andre instansar for vidareutvikling og betre teneste.

Personale

- Utvide medarbeidarressurs med 50 % i 2007. Kostnad: 177.000 kroner.
- Utvide legestilling med 40 % i 2008. Kostnad 271.246 kroner.

Bygning

- Vanleg vedlikehald.

PSYKISK HELSEVERN

- Arbeide for interkommunalt samarbeid om bustad med døgnbemanning for vaksne og avlastningsbustad for barn.
- Igangsetting av turnus med 2 miljøarbeidarar på dagtid og 1 på kveld/helg.

INVESTERING

- Vurdere om det er behov for fire bueiningar på Svøo med tanke på menneske med psykiske lidingar. Eventuelt leige eller bruk av andre kommunale bygg.
- Vidareutvikle miljøarbeidertjenester, vurdere behovet for å opprette fleire stillingar.
- Vurdere behovet for ny stilling for psykiatrisk sjukepleier med tanke på utviklingshemma og geriatri.
- Interkommunalt samarbeid saman med vidaregåande skule om UTE-kontakt.

DRIFT

- Vidareutvikle Psykisk helsevern som kompetanseining.

- Vidareutvikle arbeidet med å ivareta pårørende. Opprette pårørandegruppe ved behov og tilstrekkelig interesse.
- Ved behov kan det opprettast terapigrupper for ulike lidingar..
- Samarbeide med fylkeslaget av Mental Helse slik at ein sørgjer for brukarmedverknad,
- Jobbe vidare med å få lokal-lag av Mental Helse på Gol. Har ikkje lykkast når vi har prøvd.
- Vidareutvikle samarbeid med NAV, Vinn, Fretex i forhold til målgruppas arbeidsmessige ressursar.
- Kommunalt samarbeid om å skape nye tiltak og aktivitetstilbod for ulike grupper.
- Arbeide med innflytting av brukarar i Furuvegen og tilrettelegging av miljøarbeidertenester i bufellesskapet.

Bygning

- Rense tak og takrenner i Valdresvegen
- Oppussing av inngangsparti, samt nedgang til underetasje i Valdresvegen
- Toalett til personale i Valdresvegen

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERINGAR - Helseavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3220.2411	NØDNETT		100	100	100
3220.2411	Framkallermaskin. Legekontor utskifting			200	200
3220.2411	IT-utstyr. Legekontor utskifting		120	120	120
3223.2324	CTG-apparat. Jordmor utskifting	100	100	100	100

DRIFT - Helseavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
Prosjekt .300:	Øyremerka tilskot; inntekt	-461	ramme	ramme	ramme
3212.2415.300	Leasing bil	100	100	100	100
3212.2415.300	vikarmidlar	61	61	61	61
3212.2415.300	Grøn omsorg	100	100	100	100
3320.2415.300	Rusomsorgkonsulent. 50 % stilling	200	200	200	200
3222.2412	Nattlegevakt Hallingdal Sjukestugu	175	200	200	200
3223.2324	Jordmor 20 % stilling	86	86	86	86
3220.2411	Hjelpepersonell legekortor 50 % stilling	177	177	177	177
3220.2411	Utvide legestilling frå 60 til 100 % stilling		300	300	300
3221.2413	Fysioterapi 50 % stilling	200	200	200	200
3221.2413	Fastlønstilskot fysioterapeut	-72	-72	-72	-72
3211.2322	Psykiatrisk sjukepleier frå 50 til 100 % stilling		202	202	202
3221.2413	Ergoterapeut 50 % stilling			200	200

Generelle kommentarar:

Det er brei helsepolitisk semje om at befolkninga skal få likeverdige tenestetilbod over heile landet uavhengig av kjønn, bustad, etnisk og sosial bakgrunn og økonomisk evne. Alle skal sikrast god tilgang på gode tenester når dei treng det. Helsetenesta sitt verdigrunnlag er

avgjerande for korleis tenestene skal utviklast. Møtet mellom pasient og tenesteytar er sjølve testen på verdigrunlaget for helsetenesta. Menneska kjenner seg ofte makteslause og sårbare i møte med helsetenesta, og det er derfor viktig at møtet er prega av respekt for enkeltindividet med utgangspunkt i eit heilskapleg syn på mennesket.

Det er ofte dei mest sårbare og vanskelegstilte pasientane som har størst behov for å bli møtt av ei heilskapleg helseteneste. God samhandling er viktig for å bidra til sosial utjamning i helse. Brukarmedverknad er både ein verdi og ein strategi for helsetenesta. Helsetenesta sitt verdigrunnlag må gi rom for at pasienten har ynskje og kompetanse til å gjera eigne val.

Primærhelsetenesta som helseavdelinga står for, er sjølve fundamentet i helsetenesta og er viktig for korleis heile helsetenesta fungerer i kommunen. Ei forankring av helsetenesta skal bidra til heilskapleg behandling og omsorg, nærleik og god tilgjenge. Dette skal også bidra til riktig prioritering av ressursane og sikre behandling på riktig nivå.

Fastlegane har naturleg rolle som koordinator for tenestene til den enkelte pasient. Dette inneber alt frå samhandling med ulike kommunale instansar til samhandling med samansett spesialisthelseteneste. Tenestene må vera fagleg gode og trygge. God kvalitet i tenesta føreset god samhandling mellom tenesteutøvarane. Helsetenesta sine oppgåver er å bruke tilgjengelege helsefaglege verkemidlar for å ta vare på liv og betre pasientens helse. Samtidig vil folks helse bli påverka av ei rekke andre faktorar som ligg utanfor det som helsetenesta har direkte ansvar for. Effekten av helsetiltaka vil i stor grad bli påverka av pasientens sosiale situasjon og kva dei mottek av understøttande tiltak. Dette kjem tydelegast fram innafor psykisk helse og rus der forhold knytte til sosiale nettverk, bustad, arbeid og økonomi vil vera avgjerande for generell helsemessig situasjon. Dette kan vera avgjerande for langtidseffekten av gjennomførte behandlingstiltak overfor pasienten.

Fysioterapitenesta

I samband med prosjektet Friskliv Gol har fysioterapitenesta heile tida bidratt med ressursar til praktisk treningsleiing til Frisklivsresept. Det er riktig og viktig at fysioterapeutar sin kompetanse blir utnytta i eit slikt tiltak.

Gol kommune har i dag i alt 3,78 årsverk til fysioterapi, 1,7 årsverk som kommunefysioterapeut og 2,08 med driftstilskott. Kommunen har ei samla fysioterapidekning som ligg godt under gjennomsnittet for kommunane i Buskerud med 0,86 årsverk per 1.000 innbyggjarar. I følge "samanlikningstal for kommunane" er gjennomsnittet for Buskerud 1,15 fysioterapiårsverk per 1.000 innbyggjarar. For å vera på Buskerud-gjennomsnittet må Gol ha 4,5 årsverk for fysioterapeut, altså ein auke på 0,7 årsverk.

Det er grunn til å legge vekt på at ein fysioterapeut har drive privat praksis tilsvarende 0,5 årsverk utan driftstilskot frå kommunen fram til 01.09.07. I tillegg arbeider dei tre fysioterapeutane som har driftsavtale med kommunen, også noko meir enn dei har driftstilskot for. Dette er med på å bidra til at ventetid på fysioterapi i kommunen no vanlegvis ikkje er lenger enn 1-3 veker. I enkelte tilfelle har ventetida likevel vore opp til 2-3 md. Frå 01.09.07 har fysioterapeuten utan driftstilskot fått eit vikariat med delvis driftstilskot slik at behandlings-åkapasiteten no i realiteten er redusert. Det er realistisk å tru at ventetida for behandling dermed vil auke.

Dei siste åra har talet på fysioterapibehandlingar utført i kommunen auka jamt. Det er grunn til å vente at behovet for fysioterapitenester vil fortsette å auke i åra som kjem. Det er fleire årsaker til det. Muskel-skjelett-lidingar er den viktigaste årsaka til sjukemelding og uføretrygding i Noreg. Fysioterapeutar har viktig kunnskap og kompetanse i funksjonsanalyse,

behandling og veiledning av desse pasientane. Forsking viser at fysioterapi er effektiv innsats mot sjukefråvær. I tillegg blir pasientar i dag stadig raskare utskrivne frå sjukehus etter skadar og operasjonar. Dette aukar behovet for behandling og rehabilitering i kommunen. Fleire studiar viser at eldre som får oppfølging i form av trening og supplerande tiltak m.a. får betre evne til å greie seg sjølv og redusert fare for fall.

For å kunne gje innbyggerane i Gol ei tilfredsstillande dekning av fysioterapitenester fram mot 2011, er det nødvendig å utvide omfanget av tenesta med 0,5 årsverk frå 2008. For å ivareta behovet for fysioterapi i fleire aldersgrupper, blir det føreslått at denne utvidinga kjem som 50 % fastlønna kommunefysioterapeut. Fastlønnsstilskot som kommunen får, vil vera 72.100 kroner.

Ergoterapi-tenesta

Gol kommune har i dag 0,5 stilling for ergoterapeut, dvs 0,11 årsverk per 1.000 innbygger. Gjennomsnittet for Buskerud er 0,25. For å nå dette gjennomsnittet, treng Gol 1,1 årsverk.

Det er stort behov for å arbeide systematisk med hjelpemiddelformidling og tilrettelegging i heimen for at personar med varige funksjonsvanskar skal kunne fortsette å bu i eigen heim og bevare mest muleg av funksjonsnivået sitt.

Når talet på eldre aukar, blir det viktig å sette fokus på tiltak som bidreg til at så mange eldre som muleg, skal bevare god funksjonsevne så lenge som råd. Slik satsing kan bidra til å redusere behovet for omsorgstenester og vil auke den enkelte sin livskvalitet.

Ergoterapiteneste vil også vera ein styrke i arbeidet med psykisk helsevern. Samansette problem krev samansett kompetanse.

Det må vera eit mål at ein sikrar breiddekompetanse i bemanning både ved kartlegging, planlegging og oppfølging fordi faggruppene har ulik tilnærming og utfyller kvarandre. Ergoterapeutar har kompetanse når det gjeld aktivitet, ADL-trening, butrening, arbeidstilbod og sosial trening. Ein ergoterapeut kan også bidra med planlegging av bustad og omgivnader for å leggje til rette for sosial deltaking og auka aktivitet.

For mange med alvorleg funksjonshemming vil dette vera eit svært viktig førebyggjande tiltak i forhold til psykisk helsevern.

Hjelpemiddelsentralen i Buskerud

Hjelpemiddelsentralen i Buskerud har registrert ca 470 brukarar i Gol kommune. Dette talet har auka jamt med 30-40 per år dei siste åra. Som kjent, gjeld dette personar som har varig nedsett funksjonsevne som grunnlag for hjelpemiddelbehovet. I 2005 vart det utlevert hjelpemiddel for 1,8 mill. kroner til personar i Gol.

Kommunen har inngått ein samarbeidsavtale med Hjelpemiddelsentralen

Årsbudsjett 2008

Kommentarar:

Avtalane med rikstrygdeverket har dei siste åra hatt ein tendens til mindre refusjonstakstar og auke av eigendelar. Uforutsigbare endringar 1.januar og 1.juli kvart år gir refusjonssvikt for legekantor og jordmorteneste.

Fylkesmannen har dei siste åra pålagt kommunen mottak av turnuslege, og derfor er ikkje 60 % legestillingsheimel utlyst. Legekantoret ser at det kan vera vanskeleg å få søkarar til 60 % stilling, og den bør aukast til 100 % stilling. Det er kort ventetid hjå legane unntatt hjå

kvinneleg lege i 50 % som har mange kvinner på lista si. Ved fastlegeordningas opphav, var det ei fordeling på kjønn og alder. Denne regelen fungerer ikkje lenger, og det er einsidige lister. Den eine legen har mange eldre pasientar som er sjuke og har mange komplekse sjukdommar.

Primærhelsetenesta har ikkje dei rette verkemidla til å lykkast heilt når det oppstår tydelege hindringar eller flaskehalsar. Det har vorte ei auke med fleire pasientar, og ventetida kan vera lang framfor skranke og i telefon. Utålmodige og frustrerte pasientar uttrykker dette tydeleg i telefon og i møte med dei tilsette. Den norsk legeförening rår til at det skal vera 1,1 medhjelpar per lege. På legekantoret i Gol er det 4,04 medhjelpar på 4,5 lege etter at sjukepleiar-kapasiteten på laboratoriet og skadestua vart auka med 50 % i 2007.

Bemanninga er såleis på eit absolutt minimum, og det er tydeleg sårbart under ferie- og sjukefråvær.

Auka bemanning i resepsjonen er eit prioritert behov i helseavdelinga utan at det finst midlar til dette innafor tildelte rammer.

Sentralt er det lagt opp til forventningar og dermed auka behov for eller krav til helsetenester i kommunen. Pasientane er godt informert og kjenner til sine rettar.

Det vil bli endring i krav om tilsynslegefunksjonen, og det vil koma krav om at denne må styrkast.

Det vil bli eit tydlegare behov for å styrke samfunnsmedisinske oppgåver i kommunen.

Jordmor

Jordmor arbeider åleine i faget i kommunen, og det er tid for å legge inn i budsjettet ein ledig 20 % stillingsheimel. Etter at Hemsedal oppretta eiga jordmorstilling i 1998, fekk dåverande jordmor den stillinga der, og stillinga vart ståande ledig i Gol frå 1.10.98. Ved innsparingar i 1999, vart stillinga ikkje budsjettert. Det er ikkje vedtatt å fjerne heimelen eller bruke midlane til noko anna, så den er no lagt inn i økonomiplanen igjen. Dette for å koma i møte kravet om tilfredstillande arbeidsforhold, og at gravide får tilbod om svangerskapsoppfølging etter veilederen.

Ergoterapi

Det vart løyvd 400.000 kroner til 50 % ergoterapeutstilling og 50 % sjukepleiar på legekantoret, - finansiert av ledig ergoterapeutstilling. Vi har mange pasientar i habilitering, og budsjettering av denne tenesta bør prioriterast i 2010.

Helsestasjon

Det er klare signal frå sentrale hald om at det skal satsast på barn og unge og psykiske helse i åra framover. Spesielt i samband med opptrappingsplan for psykisk helse og i strategiplan for utjamning av sosiale helseforskjellar er det lagt opp til ei utvikling der kommunane får ansvar for å tilby førebygging, behandling og oppfølging av barn og unge med psykiske problem. Regjeringa har eit mål om å byggje ut eit lågterskeltilbod for å auke tilgjenge for fleire grupper i befolkninga.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har i så måte ein unik posisjon i samfunnet, fordi helsestasjonen blir nytta av så og seie 100 % av befolkninga. Helsestasjonen kan tilby ein stad der barn og ungdom kan gå med sine problem utan tilvising og bestilling av time. For dei større barna og ungdommen kan det vera viktig at dei får sleppe å involvere dei føresette også. Desse er viktige element i eit førebyggjande arbeid overfor barn og unge.

I dag er skulehelsetenesta aktivt inne, spesielt i skulane, i forhold til å gi eit tilbod til dei unge som har behov for det. Psykiatrisk sjukepleier har i dag kontakt med fleire elever som har behov for samtaler og oppfølging. Vi ser at det er ein markant auke i talet på henvendingar dei siste 1-2 åra.

I tillegg er psykiatrisk sjukepleiar inne i ulike faste opplegg i skulane. Desse prosjekta er tidkrevjande opplegg som skal gå over fleire år, (Sesam og MOT).

Sett i lys av at behovet for kompetanse innafor psykiatrien aukar, vil helsestasjonen ha som mål at stillinga per i dag bør aukast til 100 % stilling.

Det er sentralt vedteke å auke øyremerka midlar til opptrappingsplan for psykisk helsevern til og med 2008 før midlane blir overført kommunane i vanleg rammetilskot frå 2009.

Kommunen har vedtatt plan for psykisk helsearbeid i kommunestyret 27.3.2007 i sak 9/07.

Drift og investering er vist i oversikta.

Friskliv:

Forsking viser at fysisk aktivitet hjelper pasientar med fysiske og psykiske lidingar. I partnerskapsavtala om folkehelse som kommunen har med Fylkesmannen, er det fleire satsingsområde. Gol kommune har satsa på folkehelse og gir fagavdelingane høve til å følgje opp intensjonen. Verknaden av førebyggjande helsearbeid er ikkje enkelt å måle i kroner. Ordtaket "Førebygging er enklare enn reparering" gjeld framleis.

Prosjektet Friskliv går ut i 2007 og bør vidareførast som fast tiltak. Det vart løyva 100.000kroner til Friskliv i 2005, og tiltaket Friskliv ligg inne i økonomiplanen, og det vil ikkje bli nokon auke i utgiftene.

I skriv frå Fylkeskommunen juli 2007 seier Sosial- og helsedirektoratet at det går inn for vidare overføringar til Frisklivsarbeidet, og at det totale tilskotet til partnerskap for folkehelse vil oppretthaldast på same nivå som i 2007.

Gol har i tillegg fått 30.000kroner for å leie region-samarbeidet i Hallingdal.

Med opptrappingsmidlane frå psykiatri til 50 % stilling, vil kommunen ha finansiert 100 % leiar, 20 % fysioterapi og 10 % til å leige inn aktuell fagkompetanse.

2.3.10 KULTUR- OG INFORMASJONSAVDELINGA

Kommuneplanen sine hovudmål for 2001-2010:

Fellesmål alle aldersgruppene

- Breidde og mangfald i kulturtilbod og aktivitetar skal sikrast gjennom godt tilrettelagde bygg og anlegg.
- Aktivitetar og tilbod skal samlast og skapast i og rundt Gol Samfunnshus slik at det vert eit verkeleg kulturelt samlingspunkt i kommunen.
- Biblioteket skal vidareviklast til naturleg møtestad og kjelde for informasjonshenting og kulturformidling. Biblioteket skal stille moderne teknologi til rådvelde slik at flest mogeleg får tilgang til nye kommunikasjonsarenaer og kunnskapskjelder.
- Bygdearkivet skal vareta oppgåva med å oppbevare og presentere kulturarv i dokumentform.
- Aktivitetar for barn og unge samt funksjonshemma vil bli prioritert.
- Kommunen, friviljuge lag og organisasjonar og næringslivet bør samarbeide om å utvikle og profilere Gol sitt kulturtilbod.

Barn 0-5 år

- Stimulere fantasi og eigenutvikling gjennom å tilby utfolding og kulturopplevingar tilpassa denne aldersgruppa særskilt.
- Legge til rette for eit nært samarbeid mellom bibliotek, barnehagar, helsestasjon og foreldre.

Barn 6-15 år

- Kulturskolen skal mellom anna ta vare på kulturdimensjonen i skole og nærmiljø og vera ein samarbeidspartnar for både barnehage, skole, skolefritidsordning og friviljuge lag og organisasjonar.
- Gol kulturskole skal gje eit tilbod innanfor musikk, dans, drama og biletkunst.
- Skolane skal ha skolebibliotek som er tilpassa den nye læreplanen.
- Kommunen skal medverke til at barn får tilfredsstillande aktivitetstilbod i fritida både på Gol ungdomsklubb og i andre lag/organisasjonar.

Ungdom 16-19 år

- Kulturskolen skal og gje tilbod til denne aldersgruppa.
- Gol ungdomsklubb (Klubb 1) og lag/organisasjonar skal gje tilbod om meningsfylte aktivitetar.
- Samarbeidet med fylkeskommunen om bibliotekteneste for vidaregåande skole skal halde fram.
- Kommunen vil arbeide for å opne ein rusfri samlingsstad/treffkafé spesielt tilpassa denne aldersgruppa.
- Ungdomsrådet må bli følgd opp og prioritert som kommunens kontaktledd mot ungdomsgruppa.

Vaksne 20 – 67 år

- Innbyggjarane skal ha tilgang til kunnskap om sine historiske og kulturelle røter gjennom eit godt utbygd lokalhistorisk arkiv og ved å ta vare på særprega bygningsmiljø.
- Kommunen skal legge til rette for og støtte dei frivillige organisasjonane sine aktivitetar

og kulturbidrag.

- Alle skal ha ansvar for å bidra til eit samspel mellom kommunen og frivillige organisasjonar slik at aktivitetar og tiltak utfyller kvarandre.

Eldre over 68 år

- Samarbeid med Velferdssentret om bokutlån skal halde fram.

Informasjon

- Gol kommune vil leggja vinn på aktiv informasjon om eigen verksemd og vekt på offentleg innsyn i den kommunale forvaltninga slik spesielt kommunelova, forvaltningslova og offentlegheitslova legg rammer for.
- God kommunikasjon skal vera grunnlaget for god informasjon.
- Det skal satsast på å betre kontakten med publikum, og opne forvaltninga, gjennom bruk av Internett.

Avdelinga sine mål 2008-2011:

Biblioteket

- Bygge ut biblioteket slik at det blir plass til samlingar og aktivitetar, og slik at det styrkar biblioteket som møteplass og kunnskapskjelde.
- Auke bibliotekfaglege tenester til barneskulane og barn og ungdom i Gol for å førebygge lese- og skrivevanskar, styrke språkutvikling og iverksetje lesestimulerande tiltak.
- Halde fram med samarbeidet med helsestasjonen, skular, barnehagar, velferdssenter og andre bibliotek i Hallingdal.

Kulturskulen

- Auke talet på elevplassar slik at alle som ønskjer det, får eit kulturskuletilbod.
- Utvikle nye tilbod som gjer at kulturskulen kan gi breiare opplæring til alle innbyggjarar.
- Gi tilbod til elevar med ulike føresetnader og behov.
- Tilpasse fagleg og administrativ bemanning i forhold til etterspurnad frå barn/ungdom/vaksne i Gol kommune.
- Tilrettelegge bygningane for undervisning og forestillings-/konsertverksemd og vedlikehalde og pusse opp bygningene.
- Sørge for at kulturskulen har nødvendig og godt utstyr til drift, utvikling og administrasjon.
- Felles pedagogisk og estetisk plattform.
- Ha elevens vekst og utvikling i fokus.
- Gi elevane moglegheit til å *oppdage* dei kunstneriske uttrykksmidlane, *meistre* verkemidlane og *bruke* dei til eiga skapande verksemd

Barn og ungdom

- Gjera Klubb1 til møteplass nummer ein for aldersgruppa 13 til 18 år.
- Satse på rusførebyggande arbeid blant barn og ungdom
- Arrangere gode rusfrie arrangement for ungdom i Gol
- Samarbeide med andre klubbar, ungdomskafear og andre.
- Utvikle Klubb 1 sitt uteområde
- Investere i tidsmessig utstyr for lys og lyd på Klubb1
- Fullføre lydstudio i den nye musikkverkstaden

Andre kulturføremål

- Styrke formidlinga av opplevingar og kunnskap om den lokale kulturarven
- Auke tilskotet til Hallingdal museum i tråd med vedtaket i Regionrådet, sak 03/03
- Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar om kulturtilbod ved å gi tilskot til eigenproduksjon og eigenaktivitet, og til formidling
- Gi tilbod om kunstopplevingar i form av utstillingar, konsertar, teater og dans
- Vidareutvikle Den kulturelle skulesekken i samarbeid med skular og barnehagen.
- Tilrettelegge for arrangement i storsalen i Gol samfunnshus
- Utvide kinotilbodet.
- Planlegge utvikling av Gol samfunnshus som kulturarena gjennom arbeidet med "Prosjekt Hallingmo"
- Bidra til at alle idrettsanlegg, inkl. badeplassar, har ein god og funksjonell standard
- Legge til rette for at barn og unge skal ha tilbod om deltaking i idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i skular, SFO, barnehagar og i nærmiljøet.
- Fullføre opparbeiding av parkområdet i tråd med vedtatt plan

Informasjon

- Gi god og rask informasjon om kommunale tenester i servicetorget.
- Servicetorget skal innan utgangen av 2008 kunne løyse 80% av dei førespurnadene som blir retta til torget.
- Presentere alle kommunale tenester på kommunens nett-sider.
- Sørge for kontinuerleg åjourhald av nett-sidene i samarbeid med fagavdelingane.

Økonomiplan 2008-2011

INVESTERING - Kultur- og informasjonsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3510.3701	Utbygging av Gol bibliotek – jf. UKL-sak 27/ 06.			20.000	
3510.3701	Vedlikehald av Gol bibliotek – alternativ til utbygging. <ul style="list-style-type: none">• Skifte av ventilasjonsanlegg• Skifte av innvendig tak og lysarmatur• Skifte av golvbelegg• Skifte av inventar, ombygging av kontor- og skrankeareal	50	300 200	200 150	200
3531.3801	Hallingmo idrettspark – rehabilitering av løpebanen. Tiltaket utløyser tilskot frå spelemidlane med inntil 1/3 av kostnadene.				2.100 -700
3540.2311	Musikkverkstaden – lydisolering	40			
3541.2311	Klubb 1 – oppgradering av uteområdet Prosjektet utløyser tilskot frå spelemidlane med inntil 50 %.		200 -100		
3541.2311	Klubb 1 – lydanlegg	30			
	Sentrumsparken/Tusenårsstaden – fullføre opparbeidinga av parken.	200			
	Sentrumsparken/Tusenårsstaden – skulptur		1.000		

3560.3731	Gol samfunnshus - kinomaskin	40			
3580.3831	Gol kulturskule – renovering av undervisningsrom	60			
3580.3831	Gol kulturskule – innkjøp av spesialutstyr til dans/teater/musikk	30	30		
3580.3831	Gol kulturskule – installering av alarm	100			
3580.3831	Gol kulturskule – forprosjektering ifh til utviding av konsertlokalet i underetasjen			45	

Kommentarar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

Det ligg ikkje inne investeringar for Kultur- og informasjonsavdelinga i gjeldande økonomiplan.

- Utbygging av Gol bibliotek
Jf. UKL-sak 27/06. Biblioteket blei utvida i 1987. Sidan då har boksamlinga auka med 40 %, og bruksbehovet er endra med nye media, internett, andre arbeidsmetodar i skulen mm.
Inventar og golv er nedslitt, innvendig tak skapar støy, og det er dårleg ventilasjon. Nytt bibliotek vil vera ein sentral del av Hallingmoprosjektet.
- Vedlikehald av Gol bibliotek
Dersom utbygging/nytt bibliotek ikkje blir vedteke i perioden, er det behov for midlar til skifte av innvendig tak, ventilasjon, inventar og ombygging snarast. Dette er heilt nødvendig vedlikehald, men som kan takast stegvis.
- Hallingmo idrettspark – rehabilitering av løpebanen
Anleggsutvalet i Norges Friidrettsforbund har påpeikt at dekket på løpebanen er svært slitt. Utvalet tilrår at nytt dekke blir sprøyta oppå det eksisterande.
Tiltaket utløyser tilskot frå spelemidlane med inntil 1/3 av kostnadene.
- Klubb 1 –oppgradering av uteområdet
Jf. K-sak 39/04 og ”Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet”. Det er utarbeidd plan for tilrettelegging av uteområdet ved Klubb1 (sandvolley, klatrevegg, rullebrettramp mm) slik at klubben også skal kunne invitere til utandørs aktivitetar for ungdommane.
Prosjektet utløyser tilskot frå spelemidlane med inntil 50 %.
- Klubb 1 – Lydanlegg
Lydanlegget i ungdomsklubben er gammalt, noko som medfører relativt store utgifter til vedlikehald og reparasjonar. Det er behov for eit nytt og tidsmessig anlegg
- Musikkverkstaden – lydisolering
Musikkverkstaden er ein øvingsstad for ungdom som spelar i band o.l. Den ligg på Glitrehaug i same hus som kulturskulen og SFO, og det er derfor behov for omfattande lydisolering av tak og veggjar slik at musikkverkstaden kan brukast samtidig med andre aktivitetar på huset.
- Sentrumsparken/Tusenårsstaden – fullføre opparbeiding
Jf. K-sak 44/01. Gol samfunnshus med Sentrumsparken blei utpeikt til Tusenårsstad i 2000. Den parkmessige opparbeidinga er enda ikkje fullført slik som vedtatt plan. Det som gjenstår, er hellelegging, asfaltering av parkeringsplass og belysning..

- Sentrumsparken/Tusenårsstaden – skulptur
Ein skulptur vil gi parken og Gol sentrum eit ekstra løft. Arbeidet med finansiering av skulptur og val av kunstnar bør starte opp.
- Gol samfunnshus – kinomaskin
Ved å oppgradere den gamle kinomaskina i samfunnshuset, vil ein få ein betre og meir stabil standard på filmene enn om ein er avhengig av utstyret til Bygdekinoen.
- Gol kulturskule – renovering av rom
Det er behov for renovering og tilrettelegging av undervisnings-lokala i form av betre belysning, betre lydisolasjon, utviding av undervisningsrom, lager og garderobeplass o.a.
- Gol kulturskule – innkjøp av spesialutstyr til dans/teater/musikk/visuell kunst
Det er behov for opprusting og innkjøp av instrument og utstyr til bruk i undervisninga og ved framsyningar og utstillingar.
- Gol kulturskule – alarm
Kulturskulen har hatt innbrot og har blitt fråstole utstyr. Skulen har mykje dyrt utstyr/instrument, og det bør derfor installerast alarm slik at ein unngår fleire innbrot.
- Gol kulturskule – forprosjektering
Prosjektering av utviding av konsertlokalet i underetasjen for å kunne bruke salen til større konsertar og undervisning i dans, biletkunst og andre kunstuttrykk.

DRIFT - Kultur- og informasjonsavdelinga sitt framlegg:

Budsjettkap.	NYE tiltak og endringar	2008	2009	2010	2011
3510.3512	Bibliotekfaglege tenester til barn/ungdom – 80% bibliotekarstilling.		315	315	315
3531.3801	Auka investeringstilskot til idrettsanlegg, jf. K-sak 08/05	40	60	90	90
3531.3801	Auka tilskot til løypekøyning	80	130	180	230
3540.2311	Rusførebyggjande arbeid	72	72	72	72
	Avsetje sals- og skjenkegebyr til føremålet	-72	-72	-72	-72
3580.3831	Gol kulturskule – auke av pedagogisk ressurs	70	150	250	315
3580.3831	Musikaloppsetjing	100		100	

Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011:

- Bibliotekfaglege tenester til barn/ungdom – 80% bibliotekarstilling
I 1992 reduserte kommunen bemanninga på folkebiblioteket frå 2 til 1,67 stilling. Bemanninga er den same no i 2007.
Dette gjer at det ikkje er mogleg å følgje opp samarbeidsavtala med grunnskulane i Gol om litteraturformidling og lesestimulerande- tiltak, skape nye aktivitetar osv.
Ei brukarundersøking utført av Asplan Viak syner at særleg barn og unge ønskjer fleire aktivitetar og auka opningstid ved biblioteket. Norma tilseier ca.1 årsverk pr.1.500 innbyggjar. Situasjonen er som følgjer i fire av hallingdalskommunane:

Gol har 0,55 årsverk per 1.500 innb.	Hemsedal har 0,75 årsverk per 1.500 innb.
Ål har 1 årsverk per 1.500 innb.	Hol har ca. 0,75 årsverk per 1.500 innb.

- Auka investeringstilskot til idrettsanlegg
Kommunale midlar avsett til investeringstilskot til anleggsprosjekt i regi av lag og organisasjonar er svært låge og utgjer ved større prosjekt berre ein liten prosentdel av dei totale utbyggingskostnadene. I K-sak 08/05 vedtok kommunestyret å vurdere ein gradvis auke av potten til 150.000 kroner i 2009. Tilskotet er framleis 60.000 kroner.
- Auka tilskot til løypekøyning
Det kommunale tilskotet til løypekøyning er svært lågt samanlikna med andre hallingdalskommunar. Hol kommune løyver ca. 1,2 mill. kr. til løypekøyning. Det kommunale tilskotet blir fordelt til Gol IL og løypenemndene.
- Rusførebyggjande arbeid
UKL vedtok i sak 3/07 å avsetje kr. 72 000 til rusførebyggjande tiltak innanfor disponibel ramme. For at midlane skal kunne vidareførast for 2008 og seinare år, krevs det nytt vedtak. Midlane bør avsetjast til ungdomsrådet, prosjektretta tiltak i regi av lag og organisasjonar og til tverrfagleg gruppe.
- Gol kulturskule – auke av administrative og pedagogiske ressursar
Kulturskulen har i dag ein ressurs på 40 % til rektor, og med over 170 elevplassar og 10 lærarar er det behov for større administrasjonsressurs. Det er og behov for å utvide pedagogiske ressursar til lydstudio, samspelprosjekt og til nye tilbod. Kulturskulen har spesielt behov for å utvide pedagogisk ressurs for tilbod til gitar (t.d. musikkteknologi).
- Musikaloppsetjing
Gol kulturskule ønskjer i samarbeid med koret TAPAS å setje opp ein musikal på Gol med ungdom som aktørar. Det er mange flinke og interesserte ungdommar i kommunen som vil ha stor glede av ei stor oppsetjing.

Årsbudsjett 2008

Kommentarar:

Berre dei postane der det har skjedd vesentlege endringar er kommentert. Med unntak av auken av tilskotspostane til Gol IL og til andre trussamfunn, samt kultur- og idrettsstipend, er budsjettforslaget innanfor dei gitte rammene.

3500 Allmenkultur

UKL vedtok i sak 27/07 statuttar for utdeling av kultur- og idrettsstipend til ungdom. 10.000 kroner til dette føremålet er innarbeidd i budsjettet.

Tilskot til andre trussamfunn er justert opp med 10.000 kroner i samsvar med faktiske utgifter i 2006. Denne auken er ikkje tatt av ramma til kulturbudsjettet.

3521 Museum

Driftstilskotet til Hallingdal museum er heva med 15.000 kroner.

Som ein følgje av konsolideringa av musea i Hallingdal, er tilskotet frå Gol kommune auka. Tilskotet har gradvis blitt opptappa kvart år. Med årets auke til 140.000 kroner har vi nådd det beløpet Gol kommune skal løyve til Hallingdal museum.

3531 Idretts- og friluftsføremål

Posten til vedlikehald av turstigar er auka med 10.000 kroner.

Gol kommune har inngått avtale med grendalag og velforeningar om vedlikehald av turstignettet kommunen har opparbeidd. Det blir gitt tilskot pr. km, men dette tilskotet er svært lågt og bør aukast.

Driftstilskotet til Gol IL er auka med 50.000 kroner. Dette som følgje av vedtak i UKL-sak 03/07. Auken er meint å skulle kompensere for noko av inntektsbortfallet til Gol IL i samband med at laget har mista store automatinntekter.

Tilskotet til løypekøyning er heva med 30.000 kroner. Sjå ”Kommentarar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2008-2011”.

Kommunen dekker husleiga i samfunnshuset til idrettsaktivitetar for barn og ungdom. Aktiviteten er betydeleg auka det siste året, delvis som ein følgje av at fotballen ikkje lenger berre er ein utandørsaktivitet. Tilskotsposten er difor auka med 20.000 kroner - i samsvar med faktiske utgifter i 2006.

3560 Kunstformidling

Hallingdal teaterverkstad (HTV) skal setja opp teaterversjonen av ”Bikubesong” i 2008 som ei markering av 20-årsjubileet til HTV. Det er lagt inn 20.000 kroner til dette prosjektet.

Hallingdal Husflid har heva husleiga på utstillingslokala kommunen leiger i underetasjen (Galleri Gol). Auken er 7.000 kroner per år.

3580 Kulturskulen

Lønsbudsjettet er auka i forhold til 2007 grunna lønsauke blant mange av kulturskulelærarane.

Avdelinga føreslår at satsen for gruppeundervisning blir auka frå 1.500 kroner til 1.600 kroner. For å unngå prisauke midt i eit skuleår, bør auken skje f.o.m. hausten 2008.

3.0 MÅLOPPNÅING I PERIODEN 2001-2007

3.1. STAB
Økonomiavdeling
Løns- og personalavdeling
Sekretariat
Plan og utvikling

IKT-avdeling
Skulefagleg rådgjevar
Kommuneplanleggjar

3.2. NATUR OG NÆRING

3.2.1. Næringsavdeling	side	119
3.2.2. Utbyggingsavdeling	side	120
3.2.3. Kommunalteknisk avdeling	side	122

3.3. KULTUR OG LEVEKÅR

Gol barnehage	side	122
Herad skule	side	123
Gol skule	side	124
Gol ungdomsskule	side	126
Gol vaksenopplæring	side	127
Omsorgsavdeling	side	129
Sosialavdeling	side	130
Barnevern	side	132
Helseavdeling	side	132
Kultur- og informasjonsavdeling	side	138

STAB

Økonomiavdeling
Løns- og personalavdeling
Sekretariat
Plan- og utviklingsavdeling
 IKT-avdeling
 Skulefagleg rådgjevar
 Kommuneplanleggjar

3.2.1 NÆRINGS- AVDELINGA

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2002 – 2007:

Næringsutvikling

- Gjennom opprettinga av Hallingdal Etablerarsenter har ein utvikla eit profesjonelt tilbod om etablerarretteiing i Hallingdal.
- Masterplanen og kommunedelplanen for Golsfjellet gjev klare føringar på prioriterte utviklingsområde og legg opp til aktivt samspel mellom landbruks- og reiselivsnæringa i område.
- Utviklingsplanen for Gol tettstad gjev klare føringar på prioriterte utviklingsområde i Gol sentrum.
- Gol ligg på topp på landsstatistikken over detaljomsetning pr. innbyggjar.

Jordbruk

- Handlingsplanen for landbruket vart vedteken i 2003, og fleire tiltak i planen er sett i gang og nokon er gjennomført.
- Kommunen har fått tildelt bra med midlar til ulike kulturlandskapstiltak og er blant dei fremste i fylket på området.
- Talet på søknader om produksjonstilskot er redusert med om lag 25 stykk i perioden, medan produksjonsgrunnlaget i kommunen i form av mjølkekvote og tilgjengeleg areal til slått og beite er stabilt.
- Dyrka og dyrkbar mark og beiteområde er i liten grad blitt omdisponert til andre føremål enn landbruk.
- Gjennom kasjmirgeit prosjektet på Golsfjellet har ein styrka samarbeidet mellom reiselivet og landbruket.

Skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning

- Hovudmåla i skogbruksplanen vart innarbeida i handlingsplanen for landbruket.
- Hogstkvantumet for tømmerlevering har i fleire år vore stabilt på om lag 30.000 m³, medan det har vore noko mindre skogplanting enn ynskjeleg.
- Gjennom ulikt planarbeid har det vore eit prioritert område å hindre nedbygging av produktive landbruksareal og område for vilt, fiske og truga artar.
- Arbeidet med miljøregistreringar i skog (MIS) vart slutført i 2004.
- Hjorteviltet har påført skogen store beiteskader, men avskytinga i høve til avskytingsmåla på elg- og hjortestamma har betra seg frå tidlegare år.
- Viltkartet er revidert, og vert politisk handsama i 2006.
- Det er utarbeida driftsplan for Hallingdalselva.

Naturforvaltning og miljøvern

- Tilslutnaden til Lokal Agenda 21 og Fredrikstaderklæringa har ikkje blitt følgt opp pga. ressursmangel.
- Det er utført kartlegging av viktige naturtypar for å kunne ivareta det biologiske mangfaldet i kommunen.
- Vedtaket om utarbeiding av ein handlingsplan (kommunedelplan) for energibruk og alternative energikjelder har hittil resultert i ett forprosjekt for bioenergi og fjernvarme i Gol sentrum. Veien vidare er å ta den i bruk.
- Det er innført kildesortering og etablert lokalt kildesorteringsanlegg, jf. omtale frå kommunalteknisk avdeling.
- Arbeidet med å registrere og føre tilsyn med næringsavfall er utført og vil bli avsluttet i 2008.
- Produksjon av bioenergi er under oppbygging igjenn gjennom Hallingdal Trepellets i Kleivi. Skal være ferdig å klar til produksjon tidlig 2008.
- Arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra for Hemsil er klar til handsaming i 2006.

3.2.2 UTBYGGINGSAVDELINGA

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2002 – 2007:

GEOGRAFISKE INFORMASJONSSYSTEM.

På veg inn i ein digital kvardag: For å yte fullgod service til brukarane og publikum har det vore nødvendig å etablere kart og geografiske informasjonssystem.

- Opplæring og kursing GIS/LINE, ulike modular og felles applikasjon for ajourhald av kartdatasett.
- Etablert WEB-GAB (Grunneigedom-Adresse-Bygning). Raskere oppslag med enkelt brukargrensesnitt.
- Etablert felles Geodataserver og felles KommuneGABserver i Flå kommune.
- Tatt i bruk komplett GPS utstyr.
- Scanna 50 reguleringsplanar innan senterområdet slik at desse kjem på digital form
- Regionalt samarbeid om felles geodataløysing (Hallinkart.no).
- Gjennomført matrikelkontroll i forkant av konvertering til ny matrikel.

BUSTADBYGGING

Gjennom planskildring og føresegner for kommunedelplan for Gol tettstad har kommunen lagt til rette for:

- Differensiert tilbod på bustadtypar.
- Meir konsentrert utnytting i sentrumsnære område.
- Avsett nye framtidige bustadområder med utbyggingsrekkefølge.
 - Gol vest, 4 område.
 - Gol nord Petterbråten.
 - Gol aust, 3 område, inklusiv Vikojordet.
- Fokus på bustadmiljø og ulike bustadtilbod tilpassa marknaden.

Bustadområda er gjennom kommunedelplan nummerert. Utbyggingsrekkefølge for større og nye bustadområde skal vera i samsvar med nummerering på plankartet. Bustadområde b1, b2 og b3 kan utbyggast pararellt. Kommunen kan vedta pararell utbygging av fleire nye

bustadområde. Bustadfeltene b4, b5, b6 og b8 blir ikkje tillatt utbygd før det er utarbeidd ein felles analyse av trafikale konsekvenser på fylkesveg/riksveg.

FRITIDSHUSVÆRE/HYTTEBYGGING

Framtidig hyttebygging skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Kommunen vil sikre store samanhengande arealer utan store tekniske inngrep særleg i høgareliggande fjellområde.

I sakshandsaming av reguleringsplanar for hytter og reiseliv har kommunen lagt slike føringar:

- Lagt til grunn soneringstankegang i forhold til kostnader til infrastruktur og miljøkonsekvensar.
- Respektert overordna nasjonale prinsipp for hyttebygging.
- Unngått nedbygginga av kulturlandskap og hyttebygging på stølsvollar.
- Godkjende planar for hyttebygging/ reiseliv og utvikling:
 - Reguleringsplan for Gardhammar med fortetting av eksisterande hyttetomter.
 - Stadfesta bebyggelsesplan for Einarset, 15 nye tomter.
 - Stadfesta bebyggelsesplan for Hallinggolf B1, 25 nye tomter og leilighetsbygg.
 - Stadfesta reguleringsplan for Svilestølane Varhovd, 91 tomter.
 - Stadfesta reguleringsplan for Grøset, 9 tomter.
 - Stadfesta reguleringsplan for Brøto, 22 tomter.
 - Stadfesta reguleringsplan for Frøysokstølane, 3 tomter.
 - Reguleringsplaner for Bualie – Ørterstølen, 148 tomter + 30 % av utbyggingsvolum til utleige.
 - Stadfesta reguleringsplan for Teinhølvegen, 8 tomter.
 - Stadfesta reguleringsplan for Kamben, 107 nye tomter + 30 % av utbyggingsvolum til utleige.
- Prinsippsak om bruk av Utbyggingsavtale i samsvar med Plan- og bygningslova § 64a.
- Prinsippsak – Næringsføremål – sal eller utleige – ulike modellar.
- Godkjend og tatt i bruk mottakskontroll av arealplaner.

KOMMUNEDELPLAN GOLSFJELLET VEDTEKE 11.03.2003

- Masterplan også kalla Utviklingsplan for Golsfjellet lagt fram av styringsgruppa 26.03.2002. Denne dannar grunnlaget og gir strategiske føringar for Kommunedelplanen.
- Nedfelt visse Utviklingsmål som skal sørge for at Golsfjellet skal framstå som aktivt reiselivsområde, der reiseliv og landbruk blir utvikla heilskapleg, tufta på langsiktig og bærekraftig forvaltning av fjellels miljø og ressursgrunnlag.
- Utvikling skal skje heilskapleg og gjennom forpliktande samarbeid mellom grunneigarane, reiselivsbedriftane og kommunen som planmynde.

KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD, VEDTEKE 05.09.06

- Slutthandsama kommunedelplan for Gol tettstad.
 - Nye kommunedelplan skal gjelde for perioden 2006 – 2016.
 - Planen er utarbeidd på grunnlag av utviklingsplanen for Gol tettstad og skal leggst til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging innafor planområdet.

3.2.3 KOMMUNALTEKNISK AVDELING

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2002 – 2007:

VATN OG AVLØP

- Hovudplan avløp er vedteken. Hovudplan vatn er revidert i perioden.
- Tiltak i hovudplanar for vatn- og avløp som er gjennomført er mellom anna:
 - Etablering av ny reservevassforsyning for Gol tettstad.
 - Utbygging av Golsfjellet avløpsrensaneanlegg.
 - Sanering og rehabilitering av ledningsnett.
 - Rehabilitering av avløpspumpestasjonar Vikojordet og Hemsil II.
- Internkontrollsystem og tenestebeskrivingar av tenestene er innført.
- Vaktordning på kommunale vass- og avløpsanlegg er etablert.
- Gol kommune har 100% økonomisk dekningsgrad på kommunale vass-og avløpstenester.
- Vasskvaliteten i hovudvassdraga og Tisleifjorden er i innanfor kommunens miljømål.
- Digitalt ledningskartverk er etablert.

RENOVASJON

- Kjeldesortering med hente- og bringeordning er innført.
- Etablering av lokalt kjeldesorteringsanlegg i Leirhaugen industrifelt.
- Revidering av avfallsplanen for Hallingdal.

VEGSEKTOREN- KOMMUNALE VEGAR

- Økonomiske bevilgningar er ikkje i samsvar med måla om tilfredstillande vegstandard.
- Gol kommune ivaretek investeringane i Gol sentrum med bra vedlikehald.
- Oversikt og handlingsplan for kommunale vegar og bruer er utarbeida.
- Rutiner og system for inspeksjon/kontroll av kommunale bruer.
- Trafikktryggleiksplan for Gol kommune er revidert i 2006.

3.3.1 GOL BARNEHAGE

Barnehageplassar

- Kommunen tilbyr barnehageplass med eit fleksibelt tilbod til alle som ynskjer det, frå 1 – 5 år i samband med hovudopptak på våren. Nokon får ikkje tilbod der dei ynskjer eller dagane helst vil ha, pga. kapasiteten ved einskilde avdelingar. Det er noko ledig kapasitet i einskilde grender om hausten, men det vert fort venteliste i vårhalvåret.
- Omorganisering i Gol kommune resulterte i endra barnehagedrift frå fem barnehagar til ein; Gol barnehage, med fem avdelingar fysisk plassert som tidlegare. Nå utvida til seks avdelingar mellombels, med ei ny avdeling i sentrum.
- Utvida plasskapasitet med dei naudsynte fysiske utbetringar er gjennomført i 2005 og 2006 inklusiv eiga naturavdeling i Breidokk som no har utvida med ytterlegare tre heile plassar. Auken er på til saman 84 heildagsplassar over 3 år, eller omgjort til under 3 år vert det 42 plassar. Av desse plassane er 50 % mellombels fram til august 2008.

Spesialpedagogikk og tilrettelagt tilbod for fleirkulturelle

- Alle barn med sakkunnig vurdering får spesialpedagogisk hjelp eller andre tilrettelagte tiltak. I tillegg blir det sett inn ekstra støtteressursar på krevjande barnegrupper og einskildbarn sine behov.
- Gjennomført prosjekt i norsk språkstimulering for minoritetsspråklege i 2005, 2006 og 2007. Fått innvilga ekstra økonomiske midlar frå Fylkesmannen i Buskerud i 2005 og 2006. Også med på eit nytt prosjekt i regi av Fylkesmannen med oppstart hausten 2007 ved Breidokk og Vesterhuset med fokus på foreldresamarbeidet med dei fleirkulturelle foreldra.

Foreldresamarbeid

- Brukarundersøking på barnehageområdet blei gjennomført i 2005, 2006 og 2007. Resultatet var gjennomgåande positivt, men med noko variasjon for dei ulike avdelingane. Resultatet blir følgt opp i vidare planar og opplæring.
- Brukarundersøking på opnings- og lukketida til barnehagen i 2005. Førte til at foreldre/føresette kan søkje om utvida opningstid innafor ramma kl. 07.00 – 17.00. Dei fleste søknadene vert imøtekome.

Pedagogisk utvikling

- 3-årig kvalitetssatsing frå BFD avslutta. Gol barnehage har laga ein forpliktande arbeidsreiskap for kvalitet når det gjeld arbeid i barnehagen - delt i indre og ytre kvalitet - med mål og metodar for barn, foreldre, organisering og tilsette.
- Gjennomført studietur for alle dei tilsette i Gol barnehage i 2005 og 2007 i tillegg til anna opplæring som har vore spesielt retta mot innføring av ny Rammeplan for barnehage frå august 2006.

Personalet

- Fått utvida administrasjonstida til dagleg leiar til 15 % per avdeling fast.
- Dagleg leiar si tid til administrasjon blir kompensert med pedagogisk leiar.
- Stillingsheimel for pedagog er auka med inntil 1/3 pr. avdeling (no: 1 1/3 per avdeling). Gol barnehage har tilsett pedagog i alle faste førskulelærarstillingar.
- Oppretta merkantil stilling som no er utvida til 40 %.
- Oppretta to faste vikarstillingar på til saman 120 % for om mogeleg å opprettehalde vanleg drift ved sjukdom, ferie og anna fråvere.

Bygningane

- Vaktmeister- og reinhaldsressursen er auka i 2006 som følgje av utvida drift. Gol barnehage har til saman 100 % vaktmeister fordelt på seks eigedomar.
- På god veg til å få gjennomført naudsynt vedlikehald og oppussing ved dei tre grenda-avdelingane slik at dei fungerer bra med utvida drift.

3.3.2 HERAD SKULE

Personalet

- Lågt sjukefråvær
- Høg trivsel og arbeidsmoral
- Innført ny arbeidstidsavtale (er lik den vi hadde som forsøksavtale)
- Utnytting av personlig kompetanse

- Nye berbare pcar til alle lærarane
- Betre arbeidsplassar til lærarane
- Gjennomført toårsperiode som demonstrasjonsskule med besøk av meir enn 60 skular.
- Gjennomført omfattande kompetanseheving innanfor dei sentrale utviklingsområda våre

Administrasjon

- Skulen er no etablert som eigen avdeling, med rektor direkte underlagt rådmannen.

Økonomi

- Skulen har i halde seg innanfor budsjetterte rammer i alle dei siste åra.

Elevar

- Demonstrasjonsskule 2005-2007
- Digitale portfolio for alle elevane
- Utvikla eige område for uteskulepedagogikk
- Elevsamtaler for alle elevane kvar tredje veke
- Skulekor for alle elevane på 4.-7. trinn
- Minikor for 1. – 3. klasse
- PC-dekning på 50 %. Alle elevane har tilgang på PC til einkvar tid.
- PC blir brukt som ein naturleg reidskap i undervisninga
- Undersøkinga ”Elevinspektørane” viser høg grad av trivsel og lite mobbing
- Innføring av IL@skulen
- Innføring av EYLP for 1.-4. trinn.
- Innført læringsstilar etter Dunn and Dunn modellen for alle elevane.
- Investert i eige program for digital musikkundervining (Music Media), for å kunne bidra til å oppfylle måla i Kunnskapsløftet.

Bygningane

- Skifertaket på uthuset er skifta ut med takplater i aluminium
- Det er gjennomført branntetting i samsvar med brannforskrifter
- Det er ikkje gjennomført solskjerming i klasserom mot riksvegen (jfr rapport frå miljøretta helsevern).

3.3.3 GOL SKULE

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2002 – 2007:

Skulen

Måloppnåing er relatert til Mål for grunnskulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 27.03.07

LÆRINGSUTBYTTE

- Resultat av lese-kartlegging for 2. årstrinn våren 2007 viser at 91,8.% av elevane scorar over kritisk grense.
- Nasjonale prøver for 5. årstrinn i lesing, rekning og engelsk vil bli haldne i september.
- Alle elevar frå 3.-7. årstrinn deltar dagleg i fysisk aktivitet. Alle elevar får frukt kvar dag via fellesabonnement som foreldra har betalt. Om lag 65.% av elevane abonnerer også på mjølk.

LÆRINGSSTRATEGIAR

- Alle elevane blir gjort kjent med og arbeider i forhold til mål for faga. Elevane frå 4.-7.årstrinn har veke-prøver i forhold til desse måla.
- Arbeidet med innføring av mappe-vurdering er i gang og startar for fullt hausten-07.
- Elevsamtaler og foreldresamtaler gir tydeleg tilbakemelding om utvikling i forhold til kompetansemål i faga og om sosial kompetanse.
- Den nettbaserte læringsplattforma It`s learning er ein informasjonskanal og ein database for elektroniske læremiddel for elevar og foreldre.

LÆRINGSMILJØ

- Gol skule har 15 klassar og gjennomsnittleg klassestoreleik er 21 elevar. Storleiken varierer frå 13 elevar (1.årstrinn) til 28 elevar (3.årstrinn).
- Elevtal per vaksen på barnetrinnet er for Gol kommune 13,5 elevar mot 11,4 i same kommunegruppe.
- Elevar med framandspråkleg bakgrunn utgjorde skuleåret 2006/2007 13 % og inneverande skuleår 15 %. Dei fleste av desse elevane har behov for og mottar særskilt norskopplæring og to-språkleg fagopplæring. Skulen gir også tilbod om leksehjelp for nokre av desse elevane.
- Alle elevar med sakkunnsing vurdering frå PPT får spesialpedagogisk undervisning.
- Når det gjeld del av elevar som får spesialundervisning ligg dette på 8,9 % for Gol skule. Landsgjennomsnittet er 5,9.
- Timetalet som blir brukt til spesialundervisning er ca 25 % av alle undervisningstimane. Mestparten av timane blir likevel gitt i grupper og ikkje som einetimar. Spesialundervisning i grupper blir gitt i vanlege teorifag og i praktisk fag som mat&helse, kroppsøving, drama og hestestell/ridning.
- For å imøtekomme krav om tidleg innsats i leseopplæringa, får elevar som slit med leseinnlæringa ekstra hjelp frå jul i 1.årstrinn til jul i 2.årstrinn. For elevar frå 3.-7.trinn, er det tilbod om lesekurs ved behov.
- Skulen har gitt støtte til vidareutdanning for ped.personale innanfor lese-opplæring og spes.ped.
- Skulen har trådløst data-nettverk og disponerer nå 92 elevmaskiner. Dette gir ei dekning på 1 maskin for kvar 4.elev.
- Alle lærarane har berbar PC og deltar jamnleg i opplæring i bruk av digitale verktøy og pedagogisk programvare.
- Trivselsundersøkinga, Elevundersøkelsen og Foreldreundersøkelsen viser at trivselen blant elevane er god og at Gol skule har eit godt læringsmiljø.
- Vedlikehald i 2007: Måling av 2 klasserom og personalgang, lyddemping i 3 klasserom på Glitrehaug.
- Opprusting av inventar: Nye elevbord-og stolar til 2 klassar.

SFO

- Elevar frå 1.-4. klasse og elevar med særskilte behov frå 5.-7.kl., har tilbod om SFO før og etter skuletid og på skulen sine fridagar. I tillegg er det SFO-tilbod i haust-og vinterferien og i sommerefrien i juni og august. Som ei prøveordning var SFO open 2 veker i juli i år.
- Elevtalet på SFO aukar frå år til år. Påmeldte elevar til skulestart i år var 92 elevar.
- Administrasjonsressursen vart auka frå 13 til 25 timar frå april 2007.
- SFO har jamnleg tatt imot språkpraktikantar, folk på arbeidstrening og lærlingar i barne- og ungdomsfaget.

- Vedlikehold: Lyddemping i korridorar og opphaldsrom, innsetjing av dørar mellom kjøkken og opphaldsrom.

3.3.4 GOL UNGDOMSSKULE

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2001 – 2007:

LÆRINGSUTBYTE

- Resultat frå skriftleg eksamen viser at Gol ungdomsskule ligg godt over snittet i fylket
- Resultat frå munnleg eksamen viser at skulen gjer eit bra arbeid.
- Skulen gjennomfører nasjonale prøvar i september i lesing,rekning og engelsk.

LÆRINGSSTRATEGIAR

- Læringsplattforma Its learning vert bruka som arbeidsreiskap.
- Alle elevane jobbar etter arbeidsplanar for to veker om gongen. Planane vert og bruka som informasjonkanal til foreldra.
- Det vert gjennomført planlagte elev- og foreldresamtalar for å gi tilbakemelding om den faglege og sosiale utviklinga.

LÆRINGSMILJØ

- Gol ungdomsskule har gjennom deltaking i [IL@skolen](#) prosjektet fått mykje merksemd. Skulen har 4-5 vitjingar i året, samt at tilsette reiser rundt og fortel om arbeidet ved skulen. Dei fleste er imponerte over samansetjinga fysisk aktivitet og tilbodet om gratis frukt. Skulen har og erfart at dette har positiv innverknad på elevmiljøet.
- Gol ungdomsskule har opparbeida seg god kompetanse på å tilrettelegge undervisnings-tilbod for elevar med heilt spesielle behov. Skulen har utvikla eit bra samarbeid med Hallingdal ungdomsfamiliar og Svalstuen om tilrettelegging. Dette gjer at lærarar ved skulen er etterspurte både som rettleiarar og føredragshaldarar.
- Alle elevar med sakkunnig vurdering får tilbod om spesialpedagogisk hjelp.
- Brukarundersøkinga Elevinspektørene viser at elevane på skulen trivst godt saman med lærarane og med skulearbeidet sitt. Her er resultatata for Gol ungdomsskule blant dei beste i fylket.
- Tre dagar i veka har elevane tilbod om organisert leksehjelp etter skuletid.
- Elevane ved skulen får tilbod om gratis skulefrukost. Dette er ein del av Frisklivs-prosjektet ved skulen. Ein god del elevar nyttar seg av dette tilbodet.
- Tre elevar har fått tilrettelagt tilbod gjennom Grønn omsorg/Inn på tunet.
- Gol ungdomsskule har elevbedrift som driv kantine på DBC næringshage ein dag i veka.
- Alle lærarane disponerer eigen PC.
- Gol ungdomsskule er ein aktiv medspelar i førebyggjande ungdomsarbeid gjennom deltaking i MOT.

3.3.5 GOL VAKSENOPLÆRING

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2002-2007:

Introduksjonsprogram for flyktningar.

I perioden 1. august 2004 –31. juli 2007 er det gjennomført eit prosjekt med felles introduksjonsprogram i Hallingdal. Dette har gitt grunnlaget for innføring av Introduksjonsprogram i Gol kommune. Alle deltakarar som har gjennomført programmet er anten i fast arbeid eller i vidare kvalifisering. Deltakarane får norskopplæring i kombinasjon med praksis ute på ein arbeidsplass. Tilbodet blir gitt i tråd med lov om Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere.

Grunnskuleopplæring

Skuleåra 2003-2004, 2004-2005 og 2005-2006 vart det gjennomført grunnskuleopplæring for vaksne. 2006-2007 var det ikkje tilbod om grunnskuleopplæring. Inneverande skuleår er det grunnskuleopplæring med to fag.

Til saman 10 elevar deltok i tilbodet. Åtte av desse gjekk opp til eksamen og fekk godkjent vitnemål for fullført grunnskule. (Våren 2005 og våren 2006).

Tilbodet er eit samarbeid mellom alle kommunane i Hallingdal. Undervisninga blir gitt i samsvar med Opplæringslova § 4A-1 og læreplan for grunnskuleopplæring.

Norskopplæring

Kommunane Nes, Hemsedal og Gol samarbeider om norskopplæring for innvandrarakar. Ein periode var Ål kommune med i samarbeidet. Frå 1. august 2007 er Flå kommune også med i samarbeidet.

Elevtallet varierer sterkt:

31.12.01:	30 elevar
31.12.02:	106 elevar
31.12.03:	61 elevar
31.12.04:	52 elevar
31.12.05:	59 elevar
31.12.06:	47 elevar
01.10.07:	35 elevar

Det kjem til elevar gjennom skuleåret, og det blir oppretta nye grupper/ justert på grupper etter som behovet endrar seg

Undervisninga blir gitt etter Lov om norskopplæring. Det er utarbeidd eigen læreplan for norskfaget. Den statlege tilskotsordninga er under endring. For å få ei kvalitativt tilfredstillande undervisning i samsvar med læreplanen, er det ein føresetnad at kommunane kjem med egne midlar i tillegg til det som kjem av statleg tilskot. Samarbeidsavtalen mellom kommunane tek høgde for dette.

➤ Norskprøve.

Om lag 80% av deltakarane går no opp til norskprøve. Prosenttalet har vore aukande i desse åra.

- Norskprøve 2 resultat juni 07:
55% bestått skriftleg, 100% bestått munnleg. (landsgjennomsnitt 46% og 96%)
- Norskprøve 3 resultat juni 07:
42% bestått skriftleg, 100% bestått munnleg (landsgjennomsnitt 50% og 89%)

Spesialundervisning og logopedibehandling

Om lag 20 personar har til ei kvar tid tilbod om spesialundervisning etter Opplæringslova § 4A-2. Andre kommunar kjøper tenester etter behov. Det blir gjort enkeltvedtak og utarbeidd eigen individuell opplæringsplan for kvar einskild elev.

LÆRINGSUTBYTE

Gjennomført avsluttande prøver/gjennomført introduksjonsprogram kan vera eit mål på læringsutbyte. Det er gjort greie for dette ovanfor.

LÆRINGSSTRATEGIAR

- Det blir arbeidd ut individuelle opplæringsplanar for alle deltakarar som har spesialundervisning.
- For deltakarar på norskopplæring blir det arbeidd ut individuelle planar. Det same gjeld for deltakarar på introduksjonsprogram.
- Det er tidfesta elevsamtaler/drøftingsmøte for alle elevane 1 –2 gonger i skuleåret.
- Veiledningsmetodikk er gjennomgåande i heile organisasjonen.

LÆRINGSMILJØ

- Inneverande skuleår er det fire grupper på framandspråk. Desse har mellom 7 og 11 deltakarar. Tal grupper varierer med elevtalet og kompleksiteten i elevmassen. Gruppene blir sett saman etter læringsfart (skulebakgrunn) og norsknivå. Det er eit mål å gjera gruppene mest mogeleg homogene. Ideelt sett bør det til ei kvar tid vera 3 nybegynnargrupper (spor 1, 2 og 3) og 3 vidaregåande grupper (spor 1, 2 og 3) på framandspråk. Elevar som kjem til kommunen har rett på opplæring etter 3 månader. Det blir difor sett i gang grupper i løpet av skuleåret.
- Det er ei gruppe på grunnskule.
- Alle elevar med spesialpedagogisk tilbod har sakkunnig vurdering frå PPT
- Det er omfattande bruk av digitale verkty i opplæringa.
- Skulen disponerer 20 berbare PC ar og 2 stasjonære PC ar til elevbruk. Det er planlagt installering av trådløst nettverk i delar av skulebygget.
- Gol vaksenopplæring har omfattande pedagogisk programvare både for framandspråk og spesialundervisning. Programvaren er dels knytt opp mot sentrale terminalar nasjonalt, dels mot terminalar lokalt eller på den einskilde PC. Programvaren blir jamleg oppdatert og fornya.
- Alle lærarane disponerer berbar PC. Alle lærarane har sin eigen kontorarbeidsplass i to lærararbeidsrom.
- Vedlikehald: Gangareal er pussa opp. Det er skifta lysarmatur i alle rom. Det er gjort delvis oppussing av toalettrom.
- Det er kjøpt inn nye stolar i alle klasserom

ARBEIDSMILJØ

- Det blir gjennomført arbeidsmiljøundersøking mellom dei tilsette annankvart år.
- Det er eit årleg mål å ha medarbeidarsamtaler med alle tilsette.

3.3.6 OMSORGSAVDELINGA

Mål

Ved omorganisering i Omsorgsavdelinga, sak 0050/04, vart strukturen i avdelinga lagd og føringar gitt på korleis ein skal utvikle eit tenestetilbod i samsvar med visjon for området ”Omsorg for alle, trygg i Gol”.

Det skal satsast på leiar- og kvalitetsutvikling med fokus på verdiane

- Brukardialog og kommunikasjon med brukarar
- Myndiggjorde medarbeidarar
- Tilretteleggjande leiing
- Heilskapeleg og tverrfagleg tenking

Sentrale styresmakter gir og føringar i form av Stortingsmeldingar, utgreiingar, rundskriv, rettleiingar, lov og forskrift.

Måloppnåing

Generelt er avdelinga prega av at leiarane står i daglege driftsutfordringar som gir avgrensa moglegheiter for andre viktige leiaroppgåver som til dømes plan- og utviklingsarbeid.

Det å finne løysingar for å kome i møte behovet for tenester frå dag til dag innafor gitte krav frå styresmaktene og avdelingas økonomiske rammer, er hovudfokus.

Kvaliteten på delar av tenestene er marginale, og det vert gjeve avslag på søknader om tenester som innbyggjarane har krav på. Fylkesmannen er klar på at dette ikkje er lovleg, og har gjort om einskildvedtak som pålegg kommunen å gi tenestene.

Grunna overskridingane av budsjettet i 2007 vart Ressursenter for omstilling i kommunane (RO) henta inn våren 2007 for å gjera ei vurdering av kvalitet og ressursutnytting i heile avdelinga. RO har kome med ein rapport basert på sine observasjonar, intervju og møte med ulike aktørar. Rapporten er ikkje behandla administrativt og politisk fordi arbeidet held fram som ein prosess hausten 2007. Arbeidet vil resultere i forslag til tiltak. Eit par av dei nye politikarane vil bli inviterte med i arbeidet.

Avdelinga har integrerte tenester, men har frå 2007 organisert sjukepleiarane i eigen base som betener heile tenesta til eldre (aust, vest, institusjon og heimesjukepleie). Dette gir ei betre ressursutnytting enn tidlegare.

Eit aukande tal yngre brukarar med alvorlege somatiske og/eller psykiatriske lidingar søker, og har rett på, tenester frå Omsorgsavdelinga. Dette betyr at ressursar blir omdisponerte frå eldre til yngre brukarar spesielt på kveld, natt og helg da andre tenesteytarar ikkje har noko eller ikkje har nok tilbod.

Nattenesta er veldig sårbar når det er behov for oppfølging utover tilsyn. Med tidlegare utskrivning frå sjukehus er oppfølging og behandling blitt ei viktig oppgåve som nattenesta ikkje er dimensjonert for.

Institusjonstenester – Gol Helsetun

Gol Helsetun har 36 institusjonsplassar, som gir kapasitet på 1080 liggedøgn per måned. Avdelinga har eit jamt overbelegg som gir om lag 1500 liggedøgn i månaden fordelt på langtidsopphald og korttidsopphald. Grunna overbelegget på Gol Helsetun blei det gjort ei avtale med Hemsedal kommune om kjøp av to institusjonsplassar på Bygdeheimen i

Hemsedal i sommar for å unngå at pasientar måtte liggje i stugu og på gangen på Helsetunet. Dette har vore eit vellykka tiltak for pasientar på korttids plassar.

Utgreiing og førearbeid til å bygge fleire sjukeheimsplassar vart sett i gang av ordførar våren 2007. Det er teikna 12 nye einerom, og det føreligg teikningar for ombygging av underetasje aust og oppgradering av stugu aust. Avdelingas prioritering var å gjere naudsynt utbetring av eksisterande bygning i fyrste rekkje for å gjere denne meir tidsrett og ressurseffektiv og i stand til å handtere fleire pasientar i nytt bygg. Kjøkken, vaskeri og garderober for personalet må utbetrast for å kunne betene fleire plassar.

Heimetenester – heimesjukepleie og heimehjelp

Frå 2007 blei omsorgsbustadane i Furuvegen gradvis overtekne av brukarar frå psykisk helsevern. Dette skjer i hovudsak ved naturleg avgang av dei eldre bebuarane eller flytting til annan bustad eller institusjon basert på behov. Avdelinga har ikkje imøtekome Helsetilsynets krav om døgnbemanning i omsorgsbustadar.

Tenester til utviklingshemma

Det er 21 brukarar som har bustad i tilknytning til Helsetunvegen og to bustadar som blir nytta til avlasting. Ni brukarar har Arbeidssenteret som arbeidsplass, og ytterlegare to brukarar kjem til Arbeidssenteret frå våren 2008 når dei er ferdige med vidaregåande skule.

Sju brukarar har varig tilrettelagt arbeid gjennom VINN.

Kommunen manglar alternative arbeidsplassar til VINN og Arbeidssenteret.

Det er ikkje samsvar mellom ressursane i tenesta og dei oppgåvene avdelinga er sett til å løyse, og målretta arbeid innafor kvalitets- og tenesteutvikling er ikkje prioritert. Fleire pårørande/hjelpeverger har sendt klage på omfanget av tenestene til Fylkesmannen. Dei har fått støtte frå Fylkesmannen, og det er varsla tilsyn med tenesta i næraste framtid.

Kjøkken

Avdelinga blir driven ressurseffektiv, og produksjonen tilpassar seg overbelegget ved Gol Helsetun og eit stort tal brukarar med tenesta Matombringning. Det blir kjørt ut om lag 1700 middagsporsjonar av frivillige kvar månad.

Avdelinga treng eit årsverk til, samt utviing og oppgradering, for å halde tritt med etterspørselen.

Brukardialog og kommunikasjon med brukar.

Ein har ikkje gjennomført brukarundersøking i avdelinga på mange år. Dette er ressurskrevjande, men må prioriterast i 2008.

Myndiggjorte medarbeidarar

Prosjektet Medarbeidarskap vart avslutta våren 2006. Eit prosjekt er vellukka gjennomført; Badekar på Gol Helsetun. Arbeidet med måltidsrutiner og planlegging av sansehagar er mellombels lagt på vent.

Det blir halde jamlege møte med tillitsvalde og verneombod samt personalmøte i områda.

Avdeling ADA startar hausten 2007 med sjølvstyrt arbeidslag.

Tilretteleggjande leiing.

- Leiinga i Omsorgsavdelinga ser positivt på initiativ frå dei tilsette og prøver så langt som råd er, å gi frie tøylar innafor gitte rammar. Prosjekta i "Medarbeidarskap" er nokre døme.
- Føringa i IA – avtala blir følgd, og avdelinga har fokus på oppfølging av sjukemelde og tilrettelegging for å halde på seniorar. Avdelinga har lågt sjukefråvær i einingane kjøkken,

aust og vest samanlikna med tilsvarande einingar. Kjøp av hjelpemiddel for å redusere den fysiske belastninga på dei tilsette, blir høgt prioritert. Ergonomi er og styrande ved kjøp av anna utstyr. Området Tenester til utviklingshemma har eit høgt sjukefråvær.

- I 2006 vart Sak 0002/04 – Sjukefråvær ”Utgifter til naudsynte tiltak” teke ut av budsjettet. Dette bør takast inn igjen i samsvar med saka.
- Avdelinga har 12 tilsette under utdanning til hjelpepleiarar og tre under utdanning til sjukepleiar. Det blir gjeve omfattande støtte til desse tilsette i form av permisjonar og økonomiske bidrag til reelle utgifter. Det blir årleg søkt Fylkesmannen i Buskerud om tilskot til dette.
- Avdelinga har og ein tilsett under vidareutdanning.

Heilskapeleg og tverrfagleg tenking

- Avdelinga arbeider kontinuerleg med å stå fram som ei einskapleg avdeling. Leiarane har jamleg møte for å ta del i prosessane til kvarandre. Det er og etablert møteplassar for dei tilsette på tvers av områda.
- Avdelinga har evaluert og betra samarbeidet med spesielt Helseavdelinga (fysioterapitenesta og psykisk helsevern) og Sosialavdelinga.
- Omsorgsavdelinga sine tenester til rusavhengige er organisert i eitt av områda (vest) for betre samhandling med dei andre avdelingane når det gjeld desse teneste-mottakarane.
- Avdelinga nyttar seg no av Inn på tunet – tiltak (grøn omsorg) frå to leverandørar, og ynskjer denne satsinga prioritert i budsjettet.

Gol helsetun feira 30-års jubileum i haust.

3.3.7 SOSIALAVDELINGA

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2001 – 2007:

- Sosialtenesta har utvikla eit godt samarbeid med relevante samarbeidsinstansar.
- Sosialtenesta har vore ein pådrivar i rusførebyggjande arbeid i Gol kommune.
- Avdelingas hovudmålsetting er til ei kvar tid at brukarane skal bli sjølvhjelpne så snart som mogleg. Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med brukaren.
- Sosialtenesta hadde i 2006 142 klientar. Talet for 2007 ser ut til å bli om lag det same.
- Sosialtenesta handsamar om lag 1.300 søknader kvart år.
- Det er gjort vedtak om at Gol kommune skal ta imot 10 flyktingar kvart år.
- Etter Fylkesmannens tilsyn i november 2006 med Gol kommune sine tenester til rusmisbrukarar har sosialtenesta i 2007 gjort eit omfattande arbeid med systematisering av rutinar, målsettingar og visjonar for avdelinga. Dette vil fortsette i 2008.
- Arbeidet med Rusmiddelpolitisk handlingsplan har kome godt i gang.
- Arbeidet med førebuing til etablering av NAV på Gol er godt i gang
- Introduksjonsprogrammet for flyktingar har så langt vore svært vellukka. Seks deltakarar vart ferdige våren – 07. Av desse er fem personar i jobb og ein person i praksis.

3.3.8 BARNEVERNET

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2001-2007:

Hovudmålsetjinga til barneverntensta er til ei kvar tid å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstforhold. Samtidig skal barnevernet sikre at barn og unge som lever under forhold som er skadelege, får nødvendig hjelp og omsorg.

Tverrfagleg samarbeid

- Barneverntenesta har etter kvart utvikla faste rutiner og møte med alle samarbeidsinstansar. Dette har ført til at barnevernet får fleire førespurnader og meldingar. Ein positiv konsekvens av dette er at barneverntenesta kjem tidlegare inn og kan bidra med hjelp.
- -Barneverntenesta er også ute hos samarbeidsinstansar og skuleklassar for å informere om kven barnevernet er, og kva barnevernet kan jobbe med. I skuleklassar har barnevernet også vore saman med politiet for å informere/drøfte rusproblematikk.

Førebygging/tidleg hjelp

- I august 2006 vart det tilsett ein tiltakskonsulent hos barneverntenesta. Hennar arbeidsoppgåver er å rettleie og rådgje familiar som treng hjelp heime. Behova kan til dømes vere hjelp med grensesetjing, rutiner og rolleending. Tiltakskonsulentens arbeid har fungert godt, og fleire familiar har fått hjelp før problema har vorte uoverkomelege.

Interkommunalt samarbeid

- Felles barnevernsvakt er vedtatt for heile Hallingdal. Dette vil kome i gang i overgangen 2007/2008. Det betyr at allereie eksisterande vaktordningar (politi og lege) kan ringje til barnevernvakta i akutte, alvorlege situasjonar der barn er involverte. To barnevernsarbeidarar vil ha vakt på kveldstid og i helger og vil rykke ut ved behov.
- Felles barnevernteneste for nedre Hallingdal er enno ikkje vedtatt i alle kommunane, men skal avgjerast i løpet av 2007.
- Barnevernforum for alle barnevernarbeidarane i Hallingdal blir arrangert ein gong i månaden. Dette er eit fagforum med rom for konsultasjon og fagleg påfyll og med diskusjonar rundt felles utfordringar.

3.3.9 HELSEAVDELINGA

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2002 – 2007:

HELSEAVDELINGA

2007:

- Strategi for lokal diabetesomsorg i Gol vedtatt.
- Strategi for lokal tobakksførebyggande arbeid i Gol vedtatt.

HELSESTASJONEN

Felles for alle aldersgruppe

- Frå 01.01.04 helsesøsterstillingar auka med 75 %, til totalt 225 % stilling.
- I april 2003 nye eigna lokale.
- Alle tilsette har eigen datamaskin, og i 2003 har Helseavdelinga tatt i bruk dataprogram for helsestasjonar. Alle kontaktar blir ajourførte på data.
- Frå 01.01.06 er psykiatrisk sjukepleiar tilsett i 50 % av øyremerka psykiatrimidlar.
- Oppdatert journalprogram data haust 2006.
- Utdanna helsesøster i Marte Meo-metoden i 2007.
- Utdanna helsesøster og psykiatrisk sjukepleier som MOT-instruktør.
- Utdanna helsesøster som røykeslutt-instruktør.
- Om lag 20 % helsesøsterstilling til reisevaksinering i 2007.
- Revisjon av ”Plan for skolehelsetenesta”.
- Alle MÅ-tenester utført i 2007, samt ein del BØR-tenester.

Barn 0-5år

- I 2002 hadde Helseavdelinga valt å skjere ned på helsestasjonsarbeid. I 2003 har avdelinga valt å prioritere helsestasjonsteneste. Helseavdelinga har tatt alle kontaktar som står beskrive i veileder til barn 0-5 år.
- I 2003 har Helseavdelinga starta med ”tematreff”. Foreldre og barn 0-1 år treffest på helsestasjon ein gong i månaden for sosialt samvær og aktuelle tema. Dette tilbudet er lagt ned hausten 2006.
- I 2007 fast tilbud til alle barn 0-5 år, samt individuelle kontaktar utover dette etter behov.
- Barseltreff.

Barn 6- 15 år

- I 2004 vart skulehelsetenestetilboda gjenopprett etter at tenesta hadde ”ligge nede” i 2003. Under kartlegginga og planlegginga av lovpålagte oppgåver, såg Helseavdelinga fort at ressursar framleis mangla. Det måtte gjerast prioriteringar og gjevast tilbud til dei skulane som vart vurdert å ha det største behovet.
- Tenesta er komen godt i gang, men det er ikkje kapasitet til å gjennomføre heile tilbudet.
- Ein lettversjon av Sesamprosjektet i 6 kl. ved Gol skole er gjennomført i samarbeid med psykisk helse.
- I 2007 har Sesamprosjektet vorte utvida til 5.-6. kl ved Gol skole og frå hausten 2007 også ved Herad skole.
- I 2007 MOT på ungdomsskolen

Ungdom 16-19 år

- Utanom helsestasjon for ungdom har psykiatrisk sjukepleiar vore tilgjengeleg på vidaregåande skule med open treffetid og VIP-opplegget.
- Frå hausten 2006 har folkehøgskulen fått tilbud om delar av VIP-opplegget.
- Unge frå andre kommunar og land brukar helsestasjon for ungdom aktivt.

HELSESTASJON FOR UNGDOM

- Frå 2001 - skulelege i samarbeid med jordmor driv ungdomshelsestasjonen med opningstider annankvar måndag.
- Brukt prosjektmidlar frå staten til å bygge opp Helsestasjon for ungdom frå 1999 til 2002 og eige budsjett frå 2002.
- Frå 2006 open kvar måndag i samarbeid med skulelege og turnuslege.

- Utarbeida egne plakatar og visittkort.
- Tilbod om seksualopplysning til 10 klasse.
- Tilbod om seksualopplysning til 1. klasse på vidaregåande skule i samarbeid med PPT.
- Eigen informasjon til Russen.

JORDMORTENESTA

- Kommunen har svangerskapstilbod til alle gravide. Samarbeid mellom jordmor og fastlegane i kommunen
- Kommunen har jordmorvaktssamarbeid med Nes, Flå og Hemsedal.
- Kommunen har svangerskapskurs for vordene foreldre (minikurs). Redusert i 2001 frå seks kveldar til tre grunna kapasitetsmangel.
- Jordmor er ein del av Helsestasjonen som kom i nye lokale 2003.
- IT program frå 2003. Oppdatert I 2007.

FRISKLIV

- Kommunen har satsingsområde folkehelse og førebyggjande tiltak.
- Partnerskapsavtale med Fylkesmannen helseavdelinga.
Samarbeidsområda i avtalen knytter seg til følgjande prioriterte områder:
 - Fysisk aktivitet
 - Kosthald
 - Røykeslutt
 - Psykisk helse
- Partnerskapsavtale med Gol idrettslag.
- Partnerskapsavtale med frivillige organisasjonar.
- II@skolen.
- Trening på resept/Friskliversresept.
- Prosjektet er med i universitets-forskning ”fysisk aktivitet er lik medisin”.
- Utvikling av helsefremmande arbeidsplassar.
- Gol kommune har ry i landet som kommune som satsar på folkehelse.
- Røykesluttkurs, utdanna instruktørar.
- Helsesamtaler, utdanna instruktørar.
- Fysisk aktivitet i vaksenopplæringa for framandspråklege.
- Senior kurs for kommunetilsette.
- Samarbeid med NAV, Fretex, Vinn as, HaVa BHT.
- Nettverksmøte Friskliv Hallingdal.
- Sommerferieaktivitetar for aldersgruppa 9-12, veke 33.
- Auka fokus på bedriftsidrett.
- Tilrettelagt trim for psykisk helsevern.
- Temadag ”Frisk i arbeid.”

FYSIO- OG ERGOTERAPITENESTA

- Ergoterapeut er tilsett i kommunen frå 01.09.07.
- Databasert journalsystem, ProMed, er tatt i bruk frå 2006.
- Nye lokalar blei tatt i bruk i 2005. Her er det gode arbeidstilhøve for dei tilsette og for brukarane. Lokala er base for kommunalt tilsette ergo- og fysioterapeutar og blir leigd ut til fysioterapeutar med driftstilskot.
- Ventetida for fysioterapibehandling har stort sett ligge på eit akseptabelt nivå, (1-3 veker) men har i enkelte tilfelle vore oppe i 2-3 md. På grunn av redusert kapasitet

(pasientbehandling utan driftstilskot er redusert) vil ventetida kunne auke utover hausten 2007. Personar som er sjukemelde, eller har behov for opptrening etter skadar og operasjonar, blir prioriterte.

- Fysioterapeut har deltatt som instruktør i trening på ”Frisklivsresept” i Frisklivsprosjektet.
- Tilbod om vedlikehaldstrening i små grupper for personar med kroniske lidningar etablert i 2006.
- Arbeid med organisering av fallførebyggjande tiltak for eldre vil starte hausten 2007.
- Trening i små grupper for born med ulike bevegelsesvanskar har blitt gjennomført etter behov i samarbeid med skule og barnehage
- Initiativ til samarbeid for å sjå den faglege breidda i fysioterapitilbodet i Gol i samanheng med tilbodet i andre kommunar i Hallingdal.
- Arbeid med å etablere gode samarbeidsrutiner med samarbeidspartnarar; spesielt omsorgs-avdelinga, helsestasjon, skule og barnehage.
- Bassengtrening på Elverhøy Nesbyen kvar onsdag, (ikkje sommar) med tilbod om transport.

MILJØRETTA HELSEVERN

2002

- Godkjenning av 9 barnehagar og skular etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler; barns arbeidsmiljølov som kom i 1997.

➤

2003

- Godkjenning av 21 barnehagar og skular etter Forskrift om miljørettet helsevern i barnehagar og skoler.
- Tilsyn med 28 bassengbad (symjebasseng, boblebad) i forhold til vatnkvalitet, hygiene, tryggleik, dagleg drift etc. .
- Kontroll av 14 solstudio i forhold til reinhald, merking, røyrtype, oppslag om solvett etc.
- Tilsyn med campingplassars sanitæranlegg.
- Bistått Gol og Hol kommune med gjennomføring av radonkartlegging.
- Gjennomført støykartlegging av område rundt skytebane. Spørjeundersøking i nabolag. I overkant av 100 spørjeskjema vart utdelt og analysert.
- Støykartlegging på ungdomsklubber/diskotek i samarbeid med Arbeidstilsynet. Det vart gjort målingar av støy og gitt råd og rettleiing.

2004

- Tilsyn ved 15 frisør- og hudpleiesalongar.
- Tilsyn/systemrevisjon av 51 skular og barnehagar (29 barnehagar og 22 skular). Det vart fokusert på vilkår frå tidligare godkjenning, internkontroll, tryggleik, utforming og innreiing og inneklima.
- Tilsynsbesøk ved 85 serveringsstader i juni i samband med innføringa av ny røykelov.
- Tilsyn med campingplassar i forhold til reinhald/hygiene.
- Kontroll av 14 badeplassar i Hallingdal. Prøver av vatnkvalitet.

2005

- Tilsyn 27 skular og 31 barnehagar i Hallingdal i 2004-2005.
- Røykelov, kontroll 30 serveringsstader.
- Kontroll campingplassar/hytter ved behov og ved konkrete førespurnader.
- Rapport om eigne rutinar for kontroll av kjøletårn og andre installasjonar som kan smitte legionellabakterier.

- Kartlegging av alle større bygg for kjøletårn, alle butikkar for kjøleanlegg over fruktdiskar, alle bensinstasjonar for bilvaskeanlegg.
- Utarbeiding av IK-system til alle verksemder med dusjanlegg.
- Støysaker.
- Auke når det gjeld førespurnader om inneklimasaker.
- Uttale til kommunane i saker om utslipp av avløpsvatn i hytteområde.
- Koordinering av kampanjen om radonmålingar.

2006

- Tilsyn av 27 badeanlegg (symjebasseng, boblebad) i forhold til vatnkvalitet, hygiene, tryggleik, dagleg drift etc.
- Godkjenning av barnehageavdelingar/nye barnehagar.
- Kontroll campingplassar/hytter.
- Arbeid med fleire store støysaker.
- Inneklimasaker,
- Uttale til kommunane i saker om utslipp av avløpsvatn i hytteområde.
- Systematisering av samtlege radonkartleggingar i Hallingdal. Oppdatering av database med målingar.
- Koordinering av bestilling av radonmålarar i Hallingdal.

2007

- Ei mengde uttaler til kommunane vedkommande ureiningsrisiko av drikkevatt ved utslipp av avløpsvatn i hytteområde.
- Arbeida med fleire store støysaker, ei av sakene er løyst.
- Oppdatering av radondatabase med målingar, samt formidling av sporfilmar for nye målingar.
- Utarbeiding av ”nye retningslinjer for avfallsbehandling frå storhushaldningar”. Alle storhushaldningar i Hallingdal blir informert i løpet av året.
- Godkjenning av barnehageavdelingar/nye barnehagar.
- Tilsyn med campingplassar i høve til reinhald/hygiene.
- Inneklimasaker

I perioden 2002-07 er det også gjeve råd og rettleiing til offentlige og private verksemder, privatpersonar, skuler og barnehagar. Råd omhandlar til dømes inneklima, fukt/muggsopp, radon, tryggleik m.v. MHV har samarbeida med andre kommunale etatar ved til dømes deltaking på møte og fora etc. Det er blitt gjeve uttale til plan- og byggjesaker m.m.

LEGEKONTOR

- Alle medborgarar i kommunen har tilbod om fastlegeordning.
- Brukarundersøking på legetenestetilbodet vart gjennomført i 2004. Resultatet var gjennomgåande positivt, og resultatet blir følgt opp i vidare planar.
- Det er kort ventetid på legetime.
- Stabil legedekning.
- Nytt legekantor i april 2003.
- Legevaktsentral på Hallingdal sjukestugu 2005, interkommunalt samarbeid.
- Beredskapsplan for helse i 2005.
- Ultralydapparat leasing avtale over tre år.

2007

- Innkjøp av røntgenapparat.
- 50 % sjukepleiarstilling frå april.
- Nytt INR-apparat.
- Kvalitetssikringsprogram for legar og sjukepleiarar.
- Utdanna sjukepleiar som røykeslutt-instruktør.
- Fokus på røykeslutt, trening, vatn og frukt for tilsette

LEGEVAKT

- Legevaktsentral Hallingdal sjukestugu.
- Arbeidsplan.
- Stabil legedekning.
- Nye funksjonelle lokale i 2003 - framtidsretta med fokus på arbeidstilhøve, sikkerheit og tryggleik.

PSYKISK HELSEVERN

- Kommunen bidreg i dag til at menneske med psykiske problem / lidningar og som har behov for samansette tenester, får koordinert sine tenester frå Psykisk helsevern.
- Dei får i tillegg tilbod om ein individuell plan og ansvarsgruppe.
- Klientar som har psykiske problem, og som treng oppfølging over tid, får tilbod om støttesamtaler.
- Miljøarbeidertenester for menneske med psykiske lidningar er oppretta (3 stillingar x 75 %)
- Dagtilbodet er reetablert, og det er treff kvar torsdag og laurdagskveld.
- Psykisk helsevern samarbeider godt med omsorgsavdelinga, sosialtenesta, barnevern, helsestasjon, legetenesta, PPT, skule, vaksenopplæring, barnehage, vidaregåande skule, trygdekontor, A-etat, Vinn, Fretex, Hallingdal Folkehøgskule, Hallingdal sjukestugu, psykiatrisk avdeling på Lier sykehus.
- Psykiatrisk sjukepleiar er til stades på Gol vidaregåande skule 2 timar kvar veke.
- Nettverkskafe på Gol vidaregåande skule.
- Utgitt "Veiviser for psykisk helse".
- Årleg markert 10. oktober.
- VIP prosjekt på Gol Videregående skule.
- Veileder støttekontaktar, miljøarbeidarar som har klientar som har ei psykisk lidning.
- Plan-pro er dataverktøy for dokumentasjon og utarbeiding av individuelle planar.
- Brukarundersøking hausten 2005.
- 50 % psykiatrisk sjukepleiar på Helsestasjonen 2006.
- Miljøarbeidarane flytta administrativt frå Omsorgs- til Helseavdelinga.
- Styrking støttekontakt barn og ungdom 67.000 kroner.
- Styrking av Friskliv mot psykisk helse.
- Nytt Grøn-omsorg tenester
- Bygget i Valdresvegen er beisa.
- Måla enkelte rom og kjøpt inn nye møblar i Valdresvegen.
- Overtaking av åtte leilegheiter i Furuvegen til psykiatribustadar i 2007.
- Auka psykiatrisk sjukepleiarstilling i psykisk helsevern frå 30 til 50 % i 2007.
- Auka frå 20 % stilling til 50 % i Friskliv i 2007.
- 75 % stilling miljøarbeidar i 2007.
- Utdanning av MOT-instruktørar.
- Vedtatt psykiatriplan 2008-2011 i kommunestyret 27.03.07 sak 9/07 .
- 50 % miljøarbeidarstilling sosialkontor.

- Vikarmidlar.
- Leasing-bil.
- Grøn omsorg 100.000 kroner.

3.3.10 KULTUR- OG INFORMASJONSAVDELING

Biblioteket

- Biblioteket har hatt rekordhøgt utlån dei siste åra og eit gjennomsnittleg besøkstal på 46.000 besøk pr år utan at opningstimar eller personalressurs er auka.
- Biblioteket er ope for alle og er brukt av fastbuande i heile Hallingdal, turistar, hyttefolk, sesongarbeidarar, flyktningar frå mottak m.fl.
- Internett og elektroniske tenester gjer at biblioteket blir både ein fysisk og virtuell møteplass.
- Eit nært regionalt samarbeid har medført auka kvalitet på tenester til publikum, betre utnytting av samlingane og personalet, videokonferanseutstyr, årleg bokmesse m.m.
- Samarbeid med helsestasjonen om brosjyrer og gratis bok som språkutviklande og lesestimulerande tiltak.
- Samarbeid med skular og barnehagar om den kulturelle skulesekken.
- Biblioteket har vore i foreldremøter i skular og barnehagar for å snakke om barn og lesing.
- Det har ikkje lykkast å få til eit strukturert bibliotekfagleg samarbeid om skulebiblioteka i barneskulane.
- Samarbeidet med ungdomsskulen og vidaregåande skule om kombinasjonsbiblioteket har halde fram i perioden.
- Samarbeidet med Velferdssenteret om litteraturforedrag og bokutlån har fungert godt.
- Det er gjennomført brannsikringstiltak, skifte av yttertak og nødvendige omdisponeringar av lokalet.
- Ideskisse for utviding av biblioteket er utarbeidd og presentert.

Kulturskulen

- Kulturskulen tilbyr elevplass til barn og ungdom frå 4 år og oppover, men p.g.a. ventelister får ikkje alle tilbod. Kulturskulen prioriterer elevar i grunnskulealder.
- Kulturskulen tilbyr individuell opplæring (instrumentalundervisning) og opplæring i gruppe (dans, musikkklære, visuell kunst og drama/teater).
- Kulturskulen samarbeider med både barnehage, skule, SFO og frivillige lag og organisasjonar gjennom m.a. Den kulturelle skulesekken og sal av dirigenttenester til Ungdomskoret TAPAS.
- Kulturskulen samarbeider med biblioteket m.a. ved at elevar på drama/teater deltar på Nordisk bibliotekveke.
- Kulturskulen inviterer årleg barnehagen og skulane i Gol til forestillingar produsert av kulturskulens elevar og lærarar.
- Kulturskulens lokale på Glitrehaug er til dels godt eigna til instrumentalundervisning og drama/teater og små konsertar, men manglar noko tilrettelegging og vedlikehald/oppussing. Lokala på Glitrehaug er ikkje tilrettelagt for dans og biletkunst.
- Musikkstudio er vidarutvikla og blir leigd ut til produksjonar.
- Kulturskulen har utvida undervisningstilbodet til å omfatte teikning/måleri/skulptur, installasjon og kunstleik.

Barn og ungdom

- Fritidsleiar med overordna ansvar for tilbod til barn og ungdom er tilsett.
- Det er oppretta tverrfagleg gruppe som skal koordinere førebyggjande arbeid.
- Ungdomsklubben (Klubb 1) er pussa opp og opna igjen etter å ha vore stengt i to år.
- Ansvar for Gol ungdomsråd er tillagt fritidsleiar. Ungdomsrådet har regelmessige møte og set ungdoms levekår på dagsorden.
- Ny musikkverkstad er starta opp på Glitrehaug.
- Aktivitetsområde ved Gol ungdomsskule/Gol samfunnshus er opparbeidd.
- Kinotilbod er oppretta gjennom avtale med Bygdekinoen.
- Kommunen dekkjer husleige til idrettsaktivitetar for barn og ungdom under 18 år.

Andre kulturføremål

- Registerbind til gards- og ættesoga er utarbeidd og blei utgitt hausten 2005.
- Driftsansvaret for Gol bygdemuseum er overført til stiftinga Hallingdal museum.
- Bygdearkivet har fast opningstid kvar veke.
- Bygdearkivet har etterkvart fått ei stor fotografisamling som blir avfotografert og registrert på data.
- Plan for Den kulturelle skulesekken er utarbeidd og har ført til eit organisert samarbeid mellom kultur- og informasjonsavdelinga, skulane, barnehagen, biblioteket og kulturskulen om kulturtilbod til barn.
- Kultur- og informasjonsavdelinga har vore einearrangør av teaterframsyningar og konsertar og har samarbeidd med andre kommunar, barnehagar, Gol reisemål og frivillige lag og organisasjonar om arrangement.
- Galleri Gol er flytta til nye lokale i Hallingdal Husflid.
- Det er inngått avtale med Bygdekinoen om filmframsyningar i Gol samfunnshus.
- Det er innkjøpt nytt lydutstyr til Gol samfunnshus.
- Planane for utvikling av Gol samfunnshus er ikkje gjennomført.
- Det er gjennomført ein omfattande rehabilitering av kommunens idrettsanlegg i perioden.
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er utarbeidd.
- Turstigprosjektet er fullført.
- Det er inngått avtale med lag og organisasjonar om vedlikehald av turstigane.

Informasjon

- Servicetorg er etablert.
- Informasjon om kommunale tenester og kommunal forvaltning er lagt ut på internett.
- Informasjons- og profileringsbrosjyre for Gol kommune er utarbeidd.

4.0 GOL BYGGDRIFT KOMMUNALT FORETAK

MERKNADER TIL BUDSJETT FOR GOL BYGGDRIFT KF
2008

4.2. BUDSJETT FOR GOL KOMMUNE
INVESTERING I KOMMUNENS BYGG 2008-2011

BUDSJETT FOR GOL BYGGDRIFT KF 2008

GOL BYGGDRIFT KOMMUNALT FORETAK INVESTERING I DRIFTSUTSTYR TIL FORETAKET					
		2008	2009	2010	2011
Bil		240	150		
Vask/Bon		90	100		
Traktor		250			

INVESTERING I GOL KOMMUNE SINE BYGG OG ANLEGG					
- sjå detaljar i skjema 4.2. INVESTERING I KOMMUNENS BYGG		4.810	3.350	4.500	

4.1. MERKNADER TIL BUDSJETT FOR GOL BYGGDRIFT KF 2008

DRIFT

Note 1.

I budsjettforslaget er det foretatt en realistisk budsjettering ut fra tidligere utgiftsnivå på drift og ut fra vedtatte stillingshjemler. Lønnsøkning er i samsvar med budsjettdirektiv ikke budsjettert i framlegget.

Lønnsøkning i 2008 må beregnes av lønn/personal i ettertid og overføres til GBKF.

Note 2.

GBKF fikk 400000 ekstra til vedlikehold av kommunens bygg i 2006 og 2007. Dette har gitt foretaket en fleksibilitet til raskt å kunne prioritere litt større reparasjoner som ikke er planlagt. Når vi ser disse ekstra midlene i sammenheng med de vedlikeholdsmidlene som vi har på det enkelte bygg, har vi fått utført mange nødvendige utbedringer. Det ville være ønskelig å få økt disse ekstra vedlikeholdsmidlene slik at foretaket kunne gjennomføre litt større utskiftninger og utbedringer uten å vente på budsjettbehandling.

Når det gjelder større investeringer som ventilasjonsanlegg, brannvarslingsanlegg, El-anlegg, og større ombygginger og oppgraderinger vil vi fortsatt måtte få disse midlene i kommunenes investeringsbudsjett.

Note 3

Budsjettpostene for elektrisk energi ble overskredet med ca kr 230000 i de kommunale byggene i 2006. Dette er lagt inn for 2008. GBKF hadde budsjettert arbeidsgiveravgift etter høyeste sats for 2007 og disse ble avsatt i budsjettet. For å balansere økte energikostnader er avsetningen redusert tilsvarende.

Note 4.

Det er foreslått at GBKF skal overta driftsansvaret for Kristenbrøten. Dette må legges inn som et tillegg med 40000 i årlige driftskostnader.

INVESTERING I FORETAKET:

Eiendeler

Mercedes Buss 1984
Toyota Vare 1986 (kjøpt fra Kom.Tek for kr. 5000,-)
Toyota Hi Ace 2000 (kjøpt brukt i 2006 kr, 135000.)
Toyota Hi Ace 2006 (kjøpt brukt i 2007 kr, 252000.)
Carrera traktor 1988
Bilhenger
Stillaser

GOL BYGGDRIFT KF	NOTE	2008	2009	2010	2011
Generelt Foretaket	1				
Gol Byggdrift KF					
Bil		240	150		
Vask/Bon		90	100		
Traktor		250			

Note 1.

Det har vært et problem for foretakets etablering at det ikke er satt av investeringer for å etablere foretaket på en hensiktsmessig måte. GBKF kjøpte inn en brukt varebil til snekker i 2006 for å få de daglige oppgaver utført. Dette kjøpet ble dekket av driftsmidler. Foretaket fikk 150000 til investering i eget driftsutstyr i 2007 og det er innkjøpt en varebil til til vedlikeholdstjenesten.

Investeringene er helt nødvendig hvis foretaket skal kunne utføre de tjenester for de kommunale formålsbyggene og uteområdene som forventes i kommunen. Vaktmester for park/sentrum kjører nå rundt i en utslitt varebil og det må vurderes å kjøpe en bil til og dekke dette av driftsmidler. Det er ikke vanlig at tilsatte holder egen bil. Dette var vanlig tidligere, men ikke noen selvfølgelighet ved nyttilsetninger.

Foretaket har en liten firhjulstraktor til snøbrøyting, plenklipping og slådding av Hallingmo. Denne er fortsatt i brukbar stand, men er mer enn 10 år gammel og vedlikeholdskostnadene har økt betydelig. Traktoren må skiftes ut helst i 2007.

GBKF har ansvaret for vedlikehold av mer enn 100 bygninger og leiligheter. Mye vedlikeholdsarbeid foregår i høyden og det er kjøpt inn stillas for å supplere det vi hadde fra før.

4.2. BUDSJETT FOR GOL KOMMUNE FOR 2008 INVESTERING I KOMMUNENS BYGG

	2008	2009	2010	2011
Gol Ungdomsskule 8613				
Utskifting av vinduer	200	200		
Solskjerming av undervisningrom	60			
Renovering av elevtoalett	100			
Lysbo 8615				
Voksenopplæringa	650	2.500	2.500	
Vesterhuset barnehage 8620				
Ventilasjon		300		
Breidok barnehage				
Ventilasjon		350		
Rotneim barnehage				
Ventilasjonsanlegg	300			
Øygardane barnehage 8624				
Ventilasjonsanlegg	300			
Gol helsetun 8631				
Hovedtavle el	350			
Varmtvannsbeholdere	250			
Tak			2.000	
Hallingmo 8642				
Løpebanen trenger reparasjon	100			
Park 8643				
Tusenårsplassen- heller/plen/trer	300			
Mobrua badeanlegg	100			
Gol samfunnshus 8644				
Brannverntiltak	200			
Jfr. Risikoanalyse				
Ventilasjonsanlegg- Svømm	1.800			
Tingstugu TAK	100			

Alle tall i hele tusen

Note 1.

Det bør utarbeides en vedlikeholdsplan hvis kommunens bygg skal bli tatt vare på på en faglig/økonomisk forsvarlig måte på kort og lang sikt. For å bygge opp en oversikt over bygg og tilstand kreves det et system for forvaltning ,drift og vedlikehold av bygg. GBKF har dette systemet, og regner med å få alle bygg registrert i løpet av 2008.

Det er registrert behov for større vedlikehold som ikke kan dekkes av de ordinære driftspostene. På enkelte bygninger er løpende vedlikehold forsømt over flere år. For å komme à jour vil Gol kommune måtte investere i større vedlikehold noen år framover.

I 2007 har GBKF disponert ekstra vedlikeholdsmidler som har gjort det mulig å gjennomføre mange litt større vedlikeholdsoppdrag.

Hvis summen på 400.000 kunne økes opp mot 1.000.000 ville GBKF kunne gjennomføre mange større oppgraderinger og utbedringer etter en prioritert liste uten å vente på årlig budsjettbehandling.

De enkelte behov

For å sikre at alle nødvendige utbedringer og endringer kommer med, vises det til den enkelte avdelings kommentarer til budsjett og økonomiplan. Endringer ut fra behov fra brukeren av byggene må presenteres fra avdelingene.

Note 2.

Det bør startes en gradvis utskifting av gamle vinduer i Ungdomsskolen.

Note 3.

Viser til rektor sitt oppsett for innvendig oppussing i forhold til bruk av lokalene. Lysbo trenger både innvendig og utvendig oppussing hvis bygget skal brukes over flere år framover. Behovet for teknisk oppgradering er også stort etter at større deler av bygget er tatt i bruk til undervisningsformål. Dette endrer kravene både til det elektriske anlegget, brannvarsling og dokumentasjon og ventilasjonsanlegg. De totale kostnadene med en oppgradering av bygget er ikke vurdert eller kalkulert, men for å starte sikring av det elektriske anlegget, oppgradere ventilasjonsanlegget og gjennomføre en godkjent brannteknisk løsning og dokumentasjon må det i 2008 avsettes 650000.

Note 4.

Ventilasjonsanlegg må installeres så fort som mulig.

Note 5.

Ventilasjonsanlegg må installeres så fort som mulig.

Note 6.

Elektrisk hovedtavle må skiftes. 350000.

Varmtvannstankene er i dårlig forfatning og må skiftes i 2008. Dette må gjøres som en planlagt operasjon og ikke som en nødløsning når de slutter å fungere. 250000.

Note 7.

Tusenårsplassen skal hellelegges og bør nå gjennomføres slik at parken kan framstå som en helhetlig løsning.300000. Mobraua badeplass trenger opprydding, utegrill og planering av skråninger ned mot plassen.

Note 8.

Det er gjennomført risikoanalyse for Gol Samfunnshus, Ungdomsskolen og Biblioteket etter pålegg fra Branntilsynet. Installering av brannalarmanlegg og ledelys i rømningsveier og i forsamlingslokaler ble gjennomført i 2006. Listen over andre nødvendige utbedringer er lang og noe bør gjennomføres i 2008.

Ventilasjonsanlegget i svømmehallen må skiftes ut i 2008. Driftsproblemer med anlegget har det vært flere ganger, og hvis anlegget stopper, må svømmehallen stenges. Grovkalkyle 1.800.000.

Note 9.

Tingstugu - Taket må også skiftes på den ene sida og vil koste ca 100.000.

